



VITENSKAPELIG
HØYSKOLE
Norwegian School of
Theology, Religion and Society

Ei forteljing om ein fisketur og den læresveinen som hadde Jesus kjær

*Eit forsøk på ei maksimalistisk-realistisk lesing av
Joh 21:1–15 i lys av mellom anna geografi, fysikk,
biologi, historie og arkeologi*

Ingvald Straume

Rettleiar

professor Ole Jakob Filtvedt

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,
AVH5090: Masteroppgåve i erfaringsbasert KRLE/Religion og etikk (60 ECTS),
haustsemesteret 2020

Tal på ord: 32956 (35451 inkludert appendiksar)



Forord

Takk til Magne Rydland og Hogne Midgard for gode, inspirerende og nyttige samtalar undervegs i arbeidet, og til Ole Kolbjørn Kjørven for det same og for lån av bøker!

Ei særleg takk til Ole Jakob Filtvedt for god rettleiing!

Samandrag

Dette er eit litteraturstudium over Joh 21:1–15, der eg i første omgang les teksta bokstaveleg, som ei realistisk forteljing om ein fisketur. I neste omgang ser eg etter om det kan vere element i forteljinga som kan eller bør tolkast symbolsk. Eg undersøker om denne lese måten er nyttig for å forstå Simon Peter som karakter.

Etter ei innleiande drøfting, i kapittel 2, der eg klårgjer grunnlaget for gjennomgangen av sjølv teksta, går eg laus på teksta, så å seie vers for vers, i eksegetisk form, i kapittel 3.

Tilnærminga er dels tekstsentrert, og dels lesarsentrert i det eg spør etter korleis teksta opphavelig kan ha blitt tolka. Eg har granska ord og uttrykk i den greske grunnteksta (mGNT) for å kome nærare meiningar som vi kan tru at dei første lesarane har oppfatta. Eg støttar meg på og går i dialog med nokre fagfolk som har studert Johannesevangeliet og karakteren Simon Peter, i det eg også inkluderer perspektiv frå forskarar som har undersøkt tilhøve utanom det reint litterære, som kan kaste lys over Joh 21:1–15 forstått som ei røyndomsforteljing. Sentrale her er Mendel Nun (1918 – 2010), som har skrive om fiske og fiskemetodar, og John S. Kloppenborg som har skrive om handel, økonomi, politikk og samfunnstilhøve, i Galilea i det første hundreåret. Forsøksvis nyttar eg same metode som Cornelis Bennema kallar «*A combination of narrative and historical criticism*» eller «*historical narrative criticism*» (2014, s. 23). Eg har lagt innsats å identifisere og klårgjere *fordomar*, som det heiter i hermeneutikken, både mine egne og fordomar frå teksta si verknadshistorie i kyrkja og i forskningstradisjonen.

Å lese teksta såleis, med innspel frå andre vitenskapsfelt, har gjeve interessante funn. Først og fremst får det Simon Peter til å framstå meir positivt enn han tradisjonelt er blitt framstilt.


Innhald

1. Innleiing.....	3
1.1 Problemstilling	4
1.2 Klårgjering av omgrep i problemstillinga	4
1.3 Lesarnivå	6
2. Innleiande drøfting	7
2.1 Fordomar	7
2.2 Bokstaveleg vs. symbolsk teksttolking.....	7
2.3 Gresk.....	8
2.4 Opphavet til det fjerde evangeliet.....	9
2.4.1 Tid.....	9
2.4.2 Stad	10
2.4.3 Forfattar (evangelisten).....	11
2.4.4 Den læresveinen Jesus hadde kjær	11
2.5 Dei første lesarane	15
2.6 Om bruk av tekstekstern informasjon.....	16
2.7 Simon Peter — ein veik og vesal mann?.....	18
2.7.1 Rivaliserande?.....	20
2.7.2 Dumdrstig?	20
2.7.3 Feig?	23
2.8 Kven meinte dei første lesarane at Simon Peter var?	24
2.9 Grunnlag for vidare drøfting	25
3. Hovuddrøfting: Joh 21:1–15.....	26
3.1 Ei forteljing om ein fisketur	26
3.1.1 Tid og stad	28
3.2 ‘«Eg dreg ut og fiskar.»’ (21:3).....	32
3.3 ‘«Har de ikkje noko å ete, små gutar?»’ (21:5)	35
3.4 ‘«Kast nota på høgre sida av båten, så skal de få.»’ (21:6).....	38
3.4.1 Ekstraordinær mirakelfangst i Luk 5 vs. ordinær fiskelukke i Joh 21.....	43

3.5	‘«Det er Herren.»’ (21:7).....	47
3.6	‘Då Simon Peter høyrde at det var Herren ...’ (21:7)	49
3.7	‘... fordi han var naken’ (21:7)	50
3.8	‘Simon Peter ... kasta seg i sjøen.’ (21:7).....	51
3.9	‘Dei andre læresveinane kom med båten ...’ (21:8)	53
3.10	‘Då dei kom i land, fekk dei sjå ein koleld ...’ (21:9).....	54
3.11	‘«Kom hit med noko av den fisken de fekk no!»’ (21:10).....	56
3.12	‘Simon Peter steig då opp og drog nota på land. ’ (21:11).....	57
3.12.1	Første observasjon: Simon Peter «steig opp», men kvar?	57
3.12.2	Andre observasjon: Nota var tung å dra.	66
3.12.3	Tredje observasjon: Simon gjer noko oppsiktsvekkande.	67
3.12.4	Fjerde observasjon: Simon overgår Jesus si oppmoding	70
3.12.5	Femte observasjon: Kven eigde fisken?	71
3.13	‘... full av store fiskar, eit hundre og femti tre i alt.’ (21:11).....	73
3.14	‘«Kom og et frukost!»’ (21:12)	74
3.15	‘Ingen av læresveinane våga å spørje han: «Kven er du?» ...’ (21:12)	74
3.16	‘Dette var tredje gongen Jesus openberra seg for læresveinane ...’ (21:14).....	75
3.17	‘«Elskar du meg meir enn desse?»’ (21:15)	75
4.	Oppsummering og hovudkonklusjon	77
	Appendiks A: Hadde Simon ei fortid som fiskesmuglar?.....	79
	Appendiks B: Forslag til endringar i bibelomsetjinga	82
	Bibliografi	86

1. Innleiing

Denne masteravhandlinga skal handle om første del av forteljinga i det siste kapittelet av Johannesevangeliet — frå no av *Det fjerde evangeliet* — der Jesus syner seg for læresveinane på stranda av Galileasjøen og hjelper dei med å få fisk. Fleire forskarar har omtala denne hendinga som den mirakuløse fiskefangsten: «The miraculous catch of fish» (Blaine, 2007, s. 143), (Bennema, 2014, s. 119), (Brooks, Cohen, & Holland, 2017, s. 195), (Bultmann, 2014, ss. 704–708), (Brown, 1966A, s. 1081). Det lèt til at dei beint fram går ut frå at fiskefangsten tematiserer eit mirakel og at meininga primært er symbolsk. Men korleis veit vi eigentleg det?



Codex Sinaiticus: Kapitla 20 og 21 frå Det fjerde evangeliet (The Codex Sinaiticus Project, u.d.)

Medan forskarar som Bauckham (2007, ss. 271–284) og Blaine (2007, ss. 145–147) gjerne legg vekt på å finne og avkode symbolsk meining i bibeltekstene, vil eg freiste å lese Joh 21:1–15 bokstaveleg, som ei røyndomsforteljing om ein fiskeekspedisjon på Galileasjøen kort tid etter Jesu død, ein gong i tidsrommet år 29 til år 34 e.Kr. (Bond, 2013). Eg vil syne at det kan vere fruktbart å lese teksta slik. Om hendingane i teksta faktisk har funne stad, eller om historia heilt eller delvis er oppdikta og berre blei skriven for å lesast som om dette verkeleg har hendt (jfr. Joh 21:24), er eit eit ope spørsmål som eg ikkje drøftar, og som eg ikkje forsøker å svare på i denne avhandlinga.

Vidare vil eg undersøke korleis personkarakteren Simon Peter framstår i teksta, i det eg går i dialog med særleg to forfattarar som har skrive om Simon Peter som karakter i Det fjerde evangeliet: Cornelis Bennema (2009), (2014) og Bradford Blaine (2007). For ein stor del er eg samd med dei og tek utgangspunkt i det dei skriv. Men eg bryt også meining med dei over spørsmålet om teksta primært skal tolkast symbolsk eller bokstaveleg, og andre underliggande

implisitte spørsmål, som til dømes desse, spissformulert: Handlar det om misjon og leiarskap i kyrkja, eller om ein fisketur? Handlar det om rivalisering mellom ulike grupper i den første kristne kyrkja, eller om Simon Peter sine fiskeferdigheiter? Er dei 153 fiskane i nota eit symboltungt mirakel, eller var det ein heldig fangst?

Medan Blaine, Bultmann og andre går inn for å lese teksta mirakuløst og symbolsk, er eg ute etter å sjå i kva grad teksta gjev eit truverdig bilete av korleis fising faktisk kan ha føregått på den aktuelle staden¹ i Galilea. Med det reiser eg spørsmålet om det går an å finne ny mening i teksta gjennom å lese ho slik. Så vil eg sjå om vi betre kan forstå eventuell symbolikk i det forfattaren skriv, etter at vi har fått eit godt grep om den bokstavelege forståinga.

1.1 Problemstilling

Problemstillinga mi er todelt. Ho er som følgjer:

Korleis trer karakteren Simon Peter fram i Joh 21:1–15, når vi tolkar innhaldet i teksta bokstaveleg ut frå ei maksimalistisk-realistisk lesing? Korleis kan vi ved å lese og tolke teksta slik betre sjå eventuell symbolikk og anna djupare mening i teksta?

1.2 Klårgjering av omgrep i problemstillinga

Med ‘bokstaveleg tolking’ meiner eg at vi følgjer den eigentlege, konkrete tydinga av ord, omgrep og fråsegn (NAOB, 2020) når vi søker etter mening i teksta. *Fisk* er fisk, i tydinga som Bradford Blaine (2007) refererer til som «aquatic fish» (jamfør punkt 3.12.2). *Natta* er den mørke delen av døgeret. *Morgon* er morgon. Og så bortetter. Enkelt og greitt. Samstundes held vi fast ved, også enkelt og greitt, at ei bokstaveleg tekstlesing ikkje står i vegen for at vi kan oppdage metaforar og andre språklege bilete der slike er uttrykt i teksta². Men det er ikkje primært det vi leitar etter.

Med ‘maksimalistisk-realistisk lesing’ forstår eg at vi legg til så mange føresetnader frå røyndomen som mogleg og naudsynt for å maksimere vår forståing av teksta. Eg vil freiste å lese teksta slik, for å sjå om det gjev god mening. Dersom det gjev god mening, kan det vere ein indikasjon på at forfattaren la opp til at det var slik teksta skulle lesast, som i sin tur kan tyde på at forfattaren håpa og trudde at ein del lesarar ville vere i stand til å lese teksta på den måten. I det eg går inn for å lese teksta maksimalistisk-realistisk, forsøker eg å kome innanfor horisonten til *dei første lesarane*. (Sjå neste punkt.)

¹ Sjå punkt 3.1.1.

² Ei bokstaveleg lesing av forteljinga i Joh 21:1–25, der båt er båt, fisk er fisk og så bortetter, hindrar oss ikkje i å forstå at Jesus siktar til menneske som trur på han, når han snakkar om lam og sauer i vers 15–18.

Omgrepa *karakter* og *karakterisering* er nært forbundne i narratologien, men ikkje synonyme. *Karakter* er ein figur, oftast menneskeleg, i ei forteljing (Jannidis, 2012). Prof. dr. Fotis Jannidis (2012) skil mellom karakter og person, i det han reserverer ordet «person» til å omhandle menneske i den verkelege verda. Eg tek ikkje omsyn til det skiljet her, men nyttar omgrepet ‘karakter’ om personar i teksta. *Karakterisering* handlar om korleis ein forfattar går fram for å etablere personlegdsomstrekka til dei personane som opptrer i forteljinga. Dette gjeld fiktive forteljingar, men også røyndomsforteljingar, som til dømes domsforteljingar i rettsvesenet (Pedersen, 2017, s. 8) eller pasientjournalar i psykiatrien (Willumsen, 2006, s. 57). Eg gjer her den same avgrensinga som Bennema, når han framfører at han «*will focus on character rather than characterization. That is, we shall attempt to understand what character is and how the reader can reconstruct character from indicators in the text, whereas characterization refers to the author’s techniques of constructing character, how the various indicators have been put along the text continuum.*» (2009, s. 380) Såleis er det sjølve karakteren Peter eg er ute etter å finne — ikkje oppbygginga av teksta eller kva for grep forfattaren gjer. Med ‘karakteren Simon Peter’ søker eg etter korleis dei første lesarane kan ha oppfatta Simon Peter gjennom møtet med han i teksta.

Symbolikk er bruk av symbol. *Symbol* i ei tekst er eit språkleg verkemiddel der eit element i teksta står for noko anna. Elementet må vere synleg på eit vis, i form av eit teikn, bilete, ord, gjenstand, person, ein del av handlinga etc.. Eit symbol er snarare konkret og bokstaveleg uttrykt enn metaforisk. Men det fremjar ei anna og djupare mening³ enn som det direkte og umiddelbart framstår med (NAOB, 2020).



Gravstein frå 200-talet, Roma, med dei greske orda IXΘΥC ZΩNTΩN: «levande fisk» over ei teikning av to fiskar og eit anker, og under der den avbrotne innskifta LICINIAE AMIATI BENEMERENTI VIXIT på latin: «Licinia Amias levde velfortent ...». Fisken, kopla til det greske ordet for fisk, ἰχθύς, er eit kjent kristent symbol frå oldtida. (Jensen R. , 2010, s. 260)

³ Når jødejeta Sara i romanen «Saras nøkkel» (de Rosnay, 2013) saman med ei venninne grev eit hol i bakken der dei legg davidstjernene sine nedi etter at dei har greidd å rømme frå det franske nazipolitiet sin oppsamlingsleir, er det eit symbol på at dei gravlegg den jødiske identiteten sin for å overleve. *Symbolikk* er ikkje avgrensa til skjønnerlitterære framstillingar eller det reint tekstuelle. *Symbol* blir brukt også i andre samanhengar, til dømes det norske flagget, og i andre medieformat, til dømes i spelefilmar, der gravferd i tungt regn, som viser sorg og fortviling, og vêromslag til storm og torevêr når når det skjer eit dramatisk vendepunkt i historia til hovudpersonen, er velbrukte symbol.

1.3 Lesarnivå

Eg ønskjer å lese forteljinga i Joh 21:1–15 som ei røyndomsforteljing, i det eg plasserer meg innanfor ein synsvinkel der lesaren oppfattar at teksta framfører at hendingane ho skildrar, verkeleg har skjedd. Dette kan eg gjere, i det eg legg til grunn at teksta mest sannsynleg blei lesen slik av *dei første lesarane*⁴. Her lèt eg meg opplyse av mellom anna arkeologiske funn, andre tekster frå oldtida — også andre bibelskrifter —, naturtilhøve, geografi, meteorologi⁵ og marinbiologi, som grunnlag for ei rikare og djupare bokstaveleg forståing av teksta.

Når eg forsøker å rekonstruere ein viss krins av informerte første lesarar av skriftet og spør korleis dei kan ha oppfatta teksta, befinn eg meg på lesarnivå. Dette kjem eg tilbake til under punkt 2.5. Her vil eg berre kort presentere dei to sentrale postulata som eg (re)konstruerer mine ‘første lesarar’ ut frå. Det eine er at dei oppfatta forteljinga som ei røyndomsforteljing. Det andre er at dei var informerte om alle relevante utanomtekstlege føresetnader som eg meiner å ha funne fram (eller tilbake) til ut frå vitskapelege kjelder: geografi, fysikk, biologi, historie og arkeologi, med meir. Det siste føreset at desse *første lesarane* hadde lokalkunnskap om politiske og sosiale tilhøve og naturen i Galilea og ved Galileasjøen i det første hundreåret. At slike lesarar fanst, meiner eg er ein rimeleg føresetnad i og med at skriftet truleg daterer seg heilt attende til ca år 90–100 e.Kr. (sjå punkt 2.4.1) og mest sannsynleg var utbreidd i ein del av verda som har omfatta Galilea eller nærområda til Galilea, allereie i det andre hundreåret (sjå punkt 2.4.2).

Eg skuldar å klårgjere omgrepet ‘lesarar’. Få ordinære mottakarar av tidlege kristne tekster las åleine, slik moderne lesarar gjer. Lesing føregjekk i samla fellesskap i form av høgtlesing. Her var fleirtalet av deltakarane tilhøyrarar, som lytta til at teksta blei opplesen (Bauckham, 2007, s. 284). Omgrepet «lesarar» er i så måte misvisande og anakronistisk, viss vi med lesing forstår dekoding av skrift. *Lesarar/lyttarar* ville vore meir treffande. Men for å gjere det enkelt kallar eg dei lesarar, i det eg presiserer at desse lesarane også inkluderer tilhøyrarane til høgtlesinga av teksta, utan omsyn til om dei var analfabetar. Det at lesing var ei fellesskapshandling, har rimelegvis innverka på korleis teksta blei tolka og forstått, i og med at tekstene blei diskutert, kommentert og samtala om i dei same fellesskapa (Bauckham, 2007, s. 284). Slik har svakare lesarar/tilhøyrarar kunna få hjelp til å tolke og forstå teksta frå meir røynde og betre informerte deltakarar i lesarkrinsen (jfr. Apg 8:30ff). Vi kan tru at ein slik lesetradisjon har skapa og vidareført ein munnleg tradisjon av tekstforklaringar og utlegningar, liknande slik vi kjenner frå rabbinsk jødisk tradisjon, jamfør Talmud, men mindre utvikla, og ikkje teken vare på skriftleg.

⁴ Sjå nærare punkt 2.5.

⁵ Sjå under punkt 3.10.

2. Innleiande drøfting

2.1 Fordomar

Ein viktig del av mitt arbeid med å tolke teksta i Joh 21:1–15 har handla om å identifisere *fordomar*. Med det forstår vi den førforståinga (tysk: *Vorurteilen*) eg som lesar har i møtet med teksta (Føllesdal, Walløe, & Elster, 1996, s. 118). På biletet nedanfor ser vi nokre typiske slike fordomar, som at læresveinane har rent båten med kjølen på land, og at dei befinn seg på ei aude sandstrand. Desse og andre fordomar frå bibelteksta si *verknadshistorie* (Svendsen & Säätelä, 2007, s. 95) kjem til å bli utfordra i denne oppgåva.



Jesus syner seg for læresveinane på stranda (Biletkjelde: Concordia Publishing House¹, 2014)

2.2 Bokstaveleg vs. symbolsk teksttolking

Kyrkja har ein tradisjon for å lese bibeltekster allegorisk og symbolsk. Allegori er når ei heil forteljing kan lesast metaforisk, altså som ei forteljing om noko anna. Origenes og Augustin var pionerarar i å etablere allegori som tolkingsprinsipp i oldkyrkja (Barstad, 2017). Frå tidleg mel-

lomalder voks *quadriga* — den firfaldige bibellesinga — fram som eit ideal (Hognestad, 2001, s. 45), (Henriksen, 1994, ss. 81–82). Her blei allegorien vidareutvikla på avansert vis. Den bokstavelege meininga var framleis med, men kom meir i bakgrunnen.

Medan allegorisk tolking handlar om å finne fleire lag med meining i teksta, er mitt fokus eit litt anna, i det eg ønskjer at denne avhandlinga skal vere eit bidrag til diskusjonen om teksta primært skal tolkast symbolsk eller bokstaveleg. Med dette reiser eg diskusjonsspørsmålet om tradisjonen har gjort at studiet av bibeltekster har fått ei slagside mot at tekstene blir lesne symbolsk medan den bokstavelege forståinga blir neglisjert.

2.3 Gresk

Bibelselskapet sine norske omsetjingar av Det fjerde evangeliet er min inngangsport til teksta. Men desse er ein del av teksta si verknadshistorie, og dei formidlar fordomar. Det er nemleg ikkje mogleg å omsetje ei tekst frå eit språk og ein kultur til eit anna språk og ein annan kultur heilt presist. Ei omsetjing inneber alltid tolking. Såleis ber omsetjinga med seg fordomar. For å kome bakom desse, må eg gå til grunnteksta.

Metoden eg gjennomgåande brukar for å trenge inn i grunnteksta på gresk, er at eg held saman omgrep og uttrykksmåtar i grunnteksta med andre skriftstader der dei same omgrepa og uttrykksmåtane er nytta, i Det fjerde evangeliet, i andre skrifter i det nye testamentet og i Septuaginta (LXX). Så samanliknar eg orda og uttrykka som er nytta for desse skriftstadene i norske bibelomsetjingar, og ser kva meining bibelomsetjarane har forsøkt å attskape i dei ulike kontekstane. Slik kan eg kome bakom nokre av fordommene som eg elles, med berre med norske bibelomsetjingar, ville vore bunden av. Eit døme er uttrykket *εἰς τὰ ἴδια*, som i 19:27 er omsett med «heim til seg». Denne norske omsetjinga ymtar om at læresveinen eigde eit hus. Men uttrykksmåten i grunnteksta er også nytta andre stader i Det fjerde evangeliet, der bibelomsetjarane på norsk uttrykker ei anna meining. Her ser vi at grunn-



Det greske alfabetet.

Biletkjelde: *The Tiger Moon Trading Company*¹¹

teksta opnar for fleire måtar å forstå innhaldet i teksta på enn dei tolkingane som er valde i norsk omsetjing.

Grunnteksta eg forhold meg mest til i denne avhandlinga, er *Det morfologiske greske nytestamentet* (mGNT) på blueletterbible.org, som ifølgje nettstaden ligg nær opptil den 27. utgåva av *Novum Testamentum Graece*, også kjend som Nestle-Aland-teksta (BLB Institute, 2020)⁶. Når eg ikkje opplyser om anna, er det denne eg refererer til og siterer frå.

2.4 Opphavet til det fjerde evangeliet

I spørsmålet om korleis Det fjerde evangeliet tok form, er det interessant å nemne Raymond E. Brown sin hypotese (1966, ss. XXIV–XXXIX), som går ut på at skriftet blei til gjennom fem stadium over ein periode på fleire tiår, med utgangspunkt i munnlege overleveringar. Brown opererer med eit skilje mellom ein *evangelist* og ein *redaktør*, der evangelisten er ansvarleg for storparten av teksta, medan redaktøren er ansvarleg for å ha tilpassa, utvida og reorganisert teksta i det siste stadiet. Evangelisten kan knytast til ‘den læresveinen Jesus hadde kjær’. Brown meiner redaktøren kan ha vore ein nær ven eller læresvein av evangelisten.

Raymon E. Brown konstruerer ei kompleks redaksjonshistorie for Det fjerde evangeliet, og han er nokså detaljert. Eg treng ikkje gå gjennom eller drøfte hypotesen hans nærare. Det viktige, for at eg skal kunne svare på problemstillinga, er dateringa av skriftet og forfattarskapet. Brown tilskriv *evangelisten* å ha tilverka tekstmaterialet i dei fire første stadia. Han gjer merksam på at meir enn ein person kan ha medverka. Men for å gjere det enkelt omtalar han *evangelisten* i eintal. Så, etter at *evangelisten* døydde, tok *redaktøren* over materialet og forma det til den endelege versjonen av skriftet, inkludert kapittel 21, som er Det fjerde evangeliet slik det er blitt overlevert i kyrkja, eller svært nær dette, minus nokre seinare tillegg. Dette er det eg kallar ‘førsteutgåva’ av Det fjerde evangeliet, som er den tidlegaste versjonen av skriftet som det finst prov for at har vore i sirkulasjon (Mahoney, 1974, s. 17).

Dei seinare tillegg er: «som er i himmelen» i 3:13, 5:3–5:4 frå «Dei venta på at vatnet ...», perikopen 7:53–8:11 om kvinna som var gripen i ekteskapsbrot, og «dette ordet i» i 19:24. I nyare omsetjingar frå Bibelselskapet er desse tillegg særskilt merkte, med tilhøyrande fotnotar om at orda eller avsnittet vantar i nokre av dei eldste handskriftene (Bibelselskapet, 2011).

2.4.1 Tid

Kva årstal eller kva tiår snakkar vi om, for når den endelege skriftlege ‘førsteutgåva’ av Det fjerde evangeliet låg føre? Eg refererer her Raymond E. Brown (1966), og hans grundige utlegning av spørsmålet og svar på det (ss. LXXX–LXXXVI). Brown argumenterer for at ‘førsteutgåva’ av Det fjerde evangeliet blei ferdigstilt og publisert seinast år 100–110 (s. LXXX), og

⁶ <https://www.blueletterbible.org/versions.cfm#mgnt>

tidlegast mellom år 70 og 85 (s. LXXXVI). Han meiner det mest trulege er at denne endelege utgåva av skriftet var ferdigstilt og byrja å sirkulere ein gong mellom år 90 og 100 (ibid.). Då er vi i tid nokon og seksti år etter at dei opplyste hendingane i skriftet skal ha funne stad.

2.4.2 Stad



Fleire vitne frå oldtida, mellom andre Polykrates og Ireneus, knyter Johannes, identifisert som forfattaren av Det fjerde evangeliet og den læresveinen Jesus hadde kjær, til Efesos i Lilleasia (Bauckham, 2007, ss. 37–70). Raymond E. Brown trur også at skriftet er forfatta i Efesos (1966, ss. CIII–CIV). For denne avhandlinga er ikkje spørsmålet om skriftet sin nøyaktige geografiske opphavsstad ekstremt viktig, som det heller ikkje er for Brown. Men *kor hen* skriftet var utbreidd *kor tidleg*, er viktig. Her lét eg eitt av skrifthistoria sine meste sensasjonelle og vidgjetne funn vere premissleverandør: *Papyrus 52* er eit fragment av Det fjerde evangeliet, funne i Egypt (Sagrusten, 2014). Det er 6 cm breitt og såvidt mindre enn 9 cm høgt. På den eine sida står delar av versa 31–33, og på den andre sida delar av versa 37–38, i kapittel 18 av Det fjerde evangeliet, der Pilatus forhøyrer Jesus. Fragmentet er svært gamalt. Ved hjelp av paleografisk metode er det datert til ca. år 125 e.Kr., men Brent Nongbri (2018) nektar for at metoden gjev grunnlag for å datere funnet så presist. Han estimerer at funnet er frå slutten av det andre hundreåret. Trass i at dateringa kan vere unøyaktig, har vi her eit grunnlag for å gå ut frå at skriftet var utbreidd i den austlege delen av Romarriket svært tidleg.



Papyrus 52, framsida og baksida, i verkeleg storleik (Biletkjelde: Bibelnerden.no^{III})

2.4.3 Forfattar (evangelisten)

Det fjerde evangeliet ragar i verdslitteraturen med sine litterære kvalitetar (Brown, 1966, s. CXXVII). Sjølv om vi reknar visse passasjar av skriftet for å vere redigert eller lagt til av andre, jamfør *redaktøren*, punkt 2.4, står vi att med eit tekstmateriale som fortel oss at opphavsmanen, *evangelisten*, må ha vore ein riktig dugande tekstforfattar, poet og forteljar. Teksta vitnar også om at ho er skriven av nokon som var teologisk skolert innanfor jødedomen, som var fortruleg med jødiske skikkar i Palestina i det første hundreåret, og som kjende dei lokale tilhøva i Jerusalem før år 70 e.Kr. Arkeologiske funn stadfestar det siste (Burge G. M., 2016).


2.4.4 Den læresveinen Jesus hadde kjær

Det fjerde evangeliet sjølv nemner Den læresveinen Jesus hadde kjær, som forfattaren av skriftet (21:24). Frå kapittel 13 og ut går denne læresveinen i eit slags tospann med Simon Peter i mykje av handlinga. Sidan dei to følgjest tett, og sidan denne læresveinen er ein av dei sju i båten i kapittel 21, er det verdt å sjå litt nærare på han. Eit relevant spørsmål samband med det er om læresveinen i 18:15 som kjende øvstepresten, er den same personen eller ein annan.

For å ta det siste først: Grunnteksta koplar ikkje den andre læresveinen i 18:15–16 til den læresveinen Jesus hadde kjær. Denne oppfatninga har støtte i forskingslitteraturen. Robert T. Fortna (2016) meiner det er *usannsynleg* at dei to er same person (s. 138). Bauckham (2007) er meir usikker, men vurderinga hans trekker i same retning (s. 78).

Læresveinen i 18:15–16 kjem frå ingen stads. Han er omtala som ‘ein annan læresvein’ (*ἄλλος μαθητής*) ‘som kjende øvstepresten’ (*ἐκεῖνος ἦν γνωστός τῷ ἀρχιερεῖ*) i vers 15. Han hjelper Simon til å få innpass i huset hjå øvstepresten. Deretter forsvinn han frå forteljinga, like brått og sporlaust som han kom. Ordet i grunnteksta som er nytta for at han kjende øvstepresten, *γνωστός*, kan vere uttrykk for eit nært kjennskap (jamfør Luk 2:44 og Luk 23:49). Teksta i seg sjølv gjev oss ikkje grunn til å tru at denne læresveinen er same person som den læresveinen som Jesus hadde kjær. Om så var tilfelle, burde han ha vore omtala i 18:15 som ‘den andre læresveinen’ eller som ‘den læresveinen Jesus hadde kjær’ og ikkje ‘ein annan læresvein’ som ‘kjende øvstepresten’. At forfattaren i vers 16 gjentek opplysninga om at læresveinen kjende øvstepresten, kan tyde på at han meiner å namngje læresveinen slik. For elles ville det vore nok at han skreiv det i vers 15. Det styrkar oppfatninga om at denne læresveinen er ein eigen person i narrativet, som einast opptrer i desse to versa.

Fleirtalet av dei eldste greske manuskripta, inkludert Papyrus 6 og Codex Sinaiticus, har *ἄλλος μαθητής* (ein annan læresvein), ikkje *ὁ ἄλλος μαθητής* (den andre læresveinen) i 18:15. Det er interessant at Codex Sinaiticus, som er skriva på 300-talet, har ein korreksjon, der nokon gått inn og endra manuskriptet ved å legge til den bundne artikkelen *ὁ* (Counet, 2011, s. 2). Det kan tyde på at tradisjonen med å kople saman den læresveinen som Jesus hadde kjær, med læresveinen som kjende øvstepresten, går langt tilbake i tid.



*Codex Sinaiticus, der nokon har vore inne og lagt til den bundne artikkelen ὁ, slik at det står ‘den andre læresveinen’ i staden for ‘ein annan læresvein’ i Joh 18:15. Denne «korrigeringa» blei vidareført i Textus Receptus.
(The Codex Sinaiticus Project, u.d.)*

Om vi ikkje spekulerer i at den namnlause læresveinen til døyparen Johannes som stod saman med Andreas i 1:35 og den læresveinen Jesus hadde kjær, er same person, gjer den læresveinen Jesus hadde kjær, sin entré i narrativet første gong under det siste måltidet (13:23). Det fjerde evangeliet vitnar ikkje nokon stad direkte om at han hadde eit nært tilhøve til Simon Peter eller var fortruleg med han før dette. At Maria Magdalena «kom til Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær» i 20:2, som det står i Bibelselskapet si omsetjing (Bibelselskapet, 1975), er heller ikkje ein indikasjon på at dei to heldt saman. For i grunnteksta står det: *πρὸς Σίμωνα Πέτρον καὶ πρὸς τὸν ἄλλον μαθητὴν*, altså preposisjonen *πρὸς* to gonger,

noko som tyder på at ho fann dei på kvar sin stad, til skilnad frå 11:19, der preposisjonen står berre ein gong, om jødane som var komne til Marta og Maria: *πρὸς τὴν Μάρθαν καὶ Μαριάμ*.

Mot dette kan først at vi har ein indikasjon på at den læresveinen Jesus hadde kjær, hadde kontakt med Simon Peter, apostlane og krinsen av læresveinar frå Galilea tidleg i Jesu virke, *dersom* den anonyme læresveinen til døyparen Johannes som er saman med Andreas i 1:35–39, er den læresveinen Jesus hadde kjær, slik Rickhard Bauckham (2007, ss. 84–85) trur. Bradford Blaine argumenterer mot dette. Han skriv:

To imagine that BD is the anonymous disciple of 1:35–40 and therefore a participant in Jesus' ministry from the call narrative onward is to imagine that he has nothing to say about Peter's extended confession in 6:68–69. Is such a scenario credible?

(Blaine, 2007, s. 28)

Blaine held for å vere meir truleg at den læresveinen Jesus hadde kjær, er en jerusalemitt som blir aktiv i tenesta kvelden før Jesus blir krossfest (ibid.). Eg trur mest på Blaine her. For ut frå teksta er den andre læresveinen i 1:35–39 like anonym som den andre læresveinen i 18:15–16. Men som denne har han ein funksjon: Hans nærvære gjer at Andreas ikkje er einaste vitne til det døyparen Johannes seier om Jesus. Det er viktig (sml. 5 Mos 19:15, Matt 18:16, 1 Tim 5:19). Når han har oppfylt sin funksjon, forsvinn han ut av narrativet like sporlaust og brått som læresveinen i 18:15–16.

Etter 13:23–26 møter vi den læresveinen Jesus hadde kjær, tre gonger i Det fjerde evangeliet: ved krossen saman med Jesu mor i 19:26–27, saman med Simon Peter då dei spring til grava i 20:2–10, og i båten og på stranda saman med dei andre læresveinane i kapittel 21. Til slutt avslører skriftet han som «den læresveinen som vitnar om desse ting og har skrive dette» (21:24). Læresveinen opptre ikkje åleine, men held seg til Simon Peter (13:24–25, 20:3–10, 21:1–7, 21:20) eller til Maria Magdalena og Jesu mor (19:25–26, 20:2). Han er først og fremst vitne, ikkje ein som handlar sjølv. Han responderer på initiativ frå andre (13:24–25, 19:27, 20:2–3, 20:6–8, 21:3, 21:19–20). Den einaste gongen han initierer noko, er når han meddeler seg til Simon om bord i båten i 21:7, og då er det Simon som handlar frametter.

Rickard Bauckham trur, som Blaine, at den læresveinen Jesus hadde kjær — «The beloved disciple» — og forfattern av Det fjerde evangeliet, evangelisten (jamfør punkt 2.4.3), var ein Jerusalem-læresvein, ikkje ein av dei tolv eller nokon av dei som følgde Jesus frå Galilea. Bauckham og Blaine er dermed to blant fleire lærde som bryt med den tradisjonelle oppfatninga om at forfattern av Det fjerde evangeliet og den læresveinen Jesus hadde kjær, er Sebedeus-sonen Johannes. Bauckham argumenterer omfattande og grundig for sitt syn, som han grunn-gev både tekstinternt og teksteksternt med referansar til historiske kjelder utanfor Det nye testamentet. Han held den læresveinen Jesus hadde kjær, for å vere «Johannes den eldre» i Efesos, som Papias omtalar tidleg på 100-talet. Seinare blei denne forveksla med apostelen Johannes fordi dei hadde same namn, føreslår Bauckham (2007, ss. 14–91).

Av orda «frå denne stunda tok læresveinen henne heim til seg» i 19:27 sluttar Bauckham at læresveinen eigde eit hus i Jerusalem (ibid., s. 15). Vidare støttar han seg på Denys Edward Hugh Whiteley (1985) som meiner at den læresveinen Jesus hadde kjær, var verten som husa Jesus og dei andre læresveinane under det siste måltidet.

Eg meiner det ikkje er grunnlag for å dra dette så langt som Bauckham og Whiteley. For om vi går til grunnteksta i 19:27, finn vi ikkje direkte støtte for at læresveinen eigde eit hus. Ordrett står det at læresveinen tok Maria 'til sitt eige' — *εἰς τὰ ἴδια*. Det er same frasen som i 1:11 er omsett med at Jesus (Ijoset) kom «til sitt eige», og som i 16:32 er omsett med at læresveinane skal gå «kvar til sitt». Når Andreas i 1:41 finn bror sin, Simon, heiter det i grunnteksta *τὸν ἀδελφὸν τὸν ἴδιον Σίμωνα*. Av dette forstår vi at uttrykket *τὰ ἴδια* / *τὸν ἴδιον* viser til ein privat-sfære, ikkje nødvendigvis til eit hus. Då forstår vi at 19:26–27 uttrykker at Jesus konstituerer eit adopsjonstilhøve mellom si eiga mor Maria og den læresveinen han har kjær.

Den dominerande oppfatninga, jamfør Bauckham, er at det er læresveinen som adopterer Maria og tek seg av henne ved at han fører henne inn i heimen sin. Dette kan og bør problematiserast: Syster til Maria stod saman med henne ved krossen, fortel evangelisten (19:25). Saman med opplysningane i dei andre evangelia om kva for kvinner som var til stades ved krossen (Matt 27:56, Mark 15:40, Luk 23:49, Luk 24:10), kan vi kome fram til at Maria si syster heitte Salome (Mark 15:40) og at ho var mor til Sebedeus-sønene Jakob og Johannes (Matt 27:56). Dermed skulle Sebedeus-sønene Jakob og Johannes vere Jesus sine søskenborn på morssida (Brown, 1966A, ss. 905–906). Denne utleiinga er noko usikker. Men Maria hadde også tre søner i tillegg til Jesus, og fleire døtrer (Mark 6:3). Mellom sønene var Jakob, som sidan skulle bli leiar for den jødekristne kyrkjelyden i Jerusalem (Apg 15:13–21, Apg 21:17–18, 1 Kor 15:7, Gal 2:12). Jesu bror Jakob er også omtala av historieskrivaren Josefus (Maier, 1999, s. 281). Av det forstår vi at han var ein viktig person i den første kristne kyrkjelyden. Ein skulle tru at Maria hadde nok av skyldfolk å støtte seg på, etter at Jesus var borte. Apg 1:14 stadfestar det.

Men enn om det var omvendt, at Maria tok seg av den læresveinen Jesus hadde kjær? Då gjev det meining at Jesus vender seg til mor si først (19:26), når han kvalifiserer dei to til å bli adoptivmor og adoptivson for kvarandre. Då forstår vi også at læresveinen, trass i at han hørde til i Jerusalem, følgde med til Galilea etter oppstoda og var saman med Sebedeus-sønene og dei andre læresveinane der (21:7). Eg har tenkt at han kan ha vore ein ung og foreldrelaus tenåring, tilknytt prestetenesta i Tempelet. Av Luk 2:43 les vi at Tempelet husa unge gutar som fekk religiøs opplæring der. (Sml. også 1 Sam 1:11, 1:18 og 3:1ff.) Det at læresveinen blei ståande utanfor grava og ikkje gjekk inn (20:5), rimar med at han var innrullert i presteteneste: Prestar måtte ikkje kome i kontakt med lik, andre enn heilt nære slektningar (3 Mos 21:1–5, Esek 44:25–27). At han sprang snøggare enn Simon Peter (20:4), og at han levde lenger enn han og dei andre (21:21), harmonerer med at han var yngre.

Det er blitt peika på at det som skjer under det siste måltidet (13:2–18:1), skjer innanfor ramma av rituala for eit jødisk påskemåltid (Gerhardsson, Hartman, Qwarnström, & Riesenfeld, 1969,

s. 223), der vi undervegs kan kjenne att Jesus i rolla som den som lei ar seremonien (Luk 22:14–20, Joh 13:26, Matt 26:20–29, 1 Kor 11:23–25, Joh 14:31b, Mark 14:26). Eit jødisk påskemåltid i dag startar med at den yngste ved bordet spør: «Kvifor er denne kvelden annleis enn alle andre kveldar?» I jødiske familiar med born er det altså det yngste barnet som spør. Barnet spelar såleis ei viktig rolle i ritualet, for påskemåltidet startar ikkje før barnet spør (Tessem, 2015). Skriftleg finn vi at tradisjonen går tilbake til rundt år 200 e.Kr., til den første samlinga av Den munnlege toraen frå Galilea (Groth, 2018), heilt presist *Mishna Pesachim 10.4*. Formuleringa «I den natta ...» i 1 Kor 11:23 gjev også gjenklang i dette. Det er mogleg å sjå føre seg at den læresveinen Jesus hadde kjær, hadde ei tilsvarande eller liknande rolle som barnet under det siste måltidet. Han var i alle fall i posisjon til å stille spørsmål til seremonileiaren (13:25).

Hypotesen om at den læresveinen Jesus hadde kjær, var ein trengande unggut som Jesus adopterte bort til mor si då han hang på krossen, er etter mitt skjønn like truleg som den Bauckham forfektar om at han var ein velsituert husherre i Jerusalem. Med denne hypotesen lausriv eg meg frå fordommen om at den læresveinen Jesus hadde kjær, var nokon som var i posisjon til å konkurrere med Simon om rang og prestisje. Ei slik lausriving er fruktbar i framhaldet.

2.5 Dei første lesarane

Med ‘dei første lesarane’ siktar eg til den første generasjonen som las skriftet, som forfattaren primært meinte å skrive for. Då er vi ikkje seinare enn i første halvdel av det andre hundreåret. Spørsmålet om kven forfattaren meinte å skrive for, har noko å seie. Her held eg meg til Bauckham (2007, s. 21ff), som meiner at forfattaren av Det fjerde evangeliet, i likskap med synoptikarane, skreiv for alle kristne. Men Bauckham går lenger, i det han skriv at evangelieskriftet sin særeigne karakter tilseier «*that it was written, not for a narrower audience than for the Synoptics, but for an even wider audience, encompassing interested nonbelievers, as well as believers in general*» (ibid., s. 22). Bauckham grunngjev dette med, for det første, at skriftet sin sjangerkarakter tilseier at det er meint for eit universelt publikum. Han meiner å sjå at språket og den litterære verkemiddelbruken i skriftet vitnar om «*a wider readership than perhaps any other New Testament text*» (ibid., s. 123). Med dette går Bauckham imot det han nemner som den dominerande tilnærminga innan forskinga om at Det fjerde evangeliet blei skrivi innfor og for eit lite, sært og sekterisk miljø i kyrkja isolert frå og til dels i eit motsetnadstilhøve til resten av den tidleg-kristne rørsle: «*the Johannine community*» (ibid., s. 11). Vidare peikar han på at opplysningar i skriftet, særleg i det siste kapittelet, der Peter sin apostoliske autoritet blir framheva, og der det blir hinta til Peter sitt martyrium i Roma (21:18), talar for at skriftet var meint for heile den verdsvide kyrkja. Den raske og tidlege utbreiinga av skriftet, som funnet av Papyrus 52 og dateringa av dette vitnar om (punkt 2.4.2), bygger opp under det same.

Dei første lesarane var anten truande kristne eller i målgruppa for kristen misjonering (Bauckham, 2007, ss. 122–123). Dei leit på skriftet sine fråsegner (1:14ff, 19: 35, 20:29–31)

om at det som var nedteikna der, faktisk hadde hendt, eller dei var tilbøyelege til å la seg overtyde om det. Når dei trudde eller var tilbøyelege til å tru på vitnesbyrda om Jesu undergjerningar og hans oppstode frå dei døde, kan vi rekne med at dei også trudde på dei andre opplysningane i teksta, der forfattaren viser til og fortel om meir og mindre kjende personar, geografiske stader, folk, skikkar, hendingar og så bortetter. Med andre ord: Dei las Det fjerde evangeliet som ei røyndomsforteljing. Ut frå det vil eg forsøke å finne fram til — eller tilbake til — ei forståing av Joh 21:1–15 som kan samsvare med korleis desse første lesarane responderte på teksta.

Å skulle rekonstruere ein lesarrespons frå ‘dei første lesarane’ er avgrensa av at vi ikkje kan vite alt som den første generasjonen av informerte lesarar visste. Rimelegvis sat dei på vesentleg større mengder relevant tekstestern informasjon enn vi gjer, to millennium seinare, slik at dei med det som grunnlag kunne få eit større utbytte av teksta som røyndomstekst enn vi kan. For at eg på mi side skal få mest mogleg ut av ei maksimalistisk-realistisk lesing av Joh 21:1–15 slik det er truleg at den første generasjonen av lesarar har vore i stand til å forstå teksta, utan å måtte avgrensa utlegginga av at *vi* veit noko som *dei* ikkje visste, tenkjer eg meg ein krins av første lesarar som visste alt som vi kan vite eller legge til grunn om dei historiske tilhøva den gongen. Desse mine første lesarar var vel kjende med naturen, folk og samfunn, politiske institusjonar og så bortetter, i Galilea i det første hundreåret. Dei visste korleis fiske i Galileasjøen gjekk føre seg. Vi må ikkje legge til grunn at alle eller fleirtalet av dei som las Det fjerde evangeliet i Romarriket på byringa av 100-talet delte desse kunnskapane. Det er nok at slike lesarar fanst. Ut frå føresetnaden i punkt 2.4.2 om den tidlege vide utbreiinga av evangelieskriftet i det austlege Romarriket, kan vi tru det. Det er desse galileisk-lokalkjende og fiskerifortrulege første lesarane eg går ut frå i det vidare.

2.6 Om bruk av tekstestern informasjon

Mi tilnærming til problemstillinga er primært narratologisk. Det vil seie at eg tek utgangspunkt i teksta og konsentrerer meg om innhaldet i den. Men ein rein tekstintern analyse kjem fort til kort, sidan Det fjerde evangeliet så tydeleg peikar ut over sine egne permar.

For det første gjev det seg ut for å vere ei røyndomsforteljing direkte basert på augevitneprov: «*Since the Gospel of John is a nonfictional narrative whose author is a reliable eyewitness to the events recorded (19:35; 21:24), the Johannine characters have historical referents and must be interpreted within the sociohistorical first-century Jewish context and not just on the basis of the text itself.*» (Bennema, 2014, s. 25).

For det andre referer skriftet til ei rekke omstende utanfor teksta: omstende som er ukjende for oss moderne lesarar, og omstende som vi kjenner til frå andre historiske og bibelske kjelder. Eit døme på det første er 21:18–19. Her går det fram at dei første lesarane av Det fjerde evangeliet visste korleis apostelen Peter døydde. Eit døme på det siste er 3:24, der evangelisten refererer til døyparen Johannes sin lagnad på ein måte som syner at han reknar med at lesarane er innforstått med denne. Frå dei synoptiske evangelia og frå den romersk-jødiske historie-

skrivaren Flavius Josefus (37 – ca. 100 e.Kr.) har vi informasjon vi kan jamføre med denne kunnskapen hjå dei første lesarane: at Johannes først blei fengsla og sidan avretta under Herodes Antipas. Eit anna døme på det siste er kunnskapen om at dei var sju læresveinar saman i 21:2. I jødisk talsymbolikk står sju for det fulltalige — det som er komplett (jfr. 1 Mos 2:2–3). Men talet på læresveinar er ikkje opplyst, og det går heller ikkje an å rekne seg fram til sju ut frå teksta, for der står det *οἱ τοῦ Σεβεδάου*, som beint omsett tyder «dei av Sebedeus». At det er tale om søner, er implisitt, men ikkje kor mange dei var. Sebedeus-sønene er heller ikkje nemnde nokon annan stad i Det fjerde evangeliet. For at lesarane skulle kunne vite at dei var sju læresveinar i båten i det siste kapittelet av evangeliet, må dei ha hatt tekstekstern kunnskap, slik vi har frå synoptikarane, der det står beint fram at Sebedeus-sønene var to (Matt 26:37): Jakob og Johannes (Matt 4:21, Matt 10:2, Mark 10:35, Luk 5:10).

For det tredje vender det seg til lesarar som er innforståtte med desse omstenda, der poeng i teksta er gøymd for uinnvigde lesarar. Det ser vi mellom anna i den johanneiske ironien i 7:25–52, der først nokre av dei som bur i Jerusalem, seier om Jesus: «Vi veit då kvar denne mannen er ifrå. Men når Messias kjem, skal ingen vita kvar han er ifrå.» (v. 27), og deretter nokre seier: «Messias kjem då vel ikkje frå Galilea? Seier ikkje Skrifta at Messias skal vera av Davids ætt og koma frå Betlehem, heimbyen til David?» (v. 41–42). Lesarar som var/er innforståtte med opplysningane om at Jesus blei fødd i Betlehem (jamfør Matt 2:1 og Luk 2:4), vil oppfatte at Jerusalem-buarane med sin uvitande argumentasjon nettopp stadfestar — ufrivillig — at Jesus er Messias, og at det er det forfatternen vil vise. Utan denne teksteksterne informasjonen kan ikkje lesaren oppfatte dette ironiske poenget.

Truleg fanst det i krinsen til dei første lesarane av Det fjerde evangeliet ein rik forteljartradisjon om Jesus frå Nasaret, munnleg (jfr. 21:25) og i nokon grad skriftleg (jfr. Luk 1:1), som for ein stor del er gått tapt for oss, men som vi finn att delar av i dei andre bøkene i Det nye testamentet⁷. Opplysningar derfrå kan då vere til hjelp når vi tolkar Det fjerde evangeliet, i og med at skriftet har så mange teksteksterne referansar. Eg vil difor gjere bruk av informasjon frå andre bibelske skrifter og historiske kjelder der det hjelper meg til å forstå karakteren Peter og finne meining i teksta. På same måte vil eg trekke vekslar på arkeologiske funn, geografikunnskapar, biologi, fysikk og så bortetter. Her følgjer eg Cornelis Bennema, som viser til at fleirtalet av lærde «*who deal with Johannine characterization have limited themselves to a literary approach*», i det han utvidar den metodiske tilnærminga slik:

I suggest that, besides the text itself, the social-historical world in which John's story occurs should also be examined. A combination of narrative and historical criticism, or historical narrative criticism would seem a more appropriate method. I will therefore propose to adopt

⁷ Jamfør også *Papyrus Egerton 2* (Zelyck, 2019).

a textcentered approach but to explore other sources if the text invites us to do so or if those sources can shed greater light on the text we study.

(Bennema, 2014, s. 23)

Bennema kritiserer andre forskarar for at dei for ofte avgrensar seg til teksta i evangelieskriftet og den narrative verda som kjem fram der, så dei i praksis les evangeliet som eit fiksjonsnarrativ som ikkje har nokon kontakt med verkelegheita. I staden, seier han, treng vi ei form for historisk narrativ eksegese, som har ei tekstsentrert tilnærming, men som også undersøker sider av verda utanfor eller 'bakom' teksta der det høver. Med andre ord, meiner Bennema, bør vi konstruere karakterane i Det fjerde evangeliet frå informasjonen som teksta gjev, og supplere denne med relevant informasjon frå andre kjelder (Bennema, 2009, s. 402). Det same legg eg til grunn i min eksegese av Joh 21:1–15.

2.7 Simon Peter – ein veik og vesal mann?

Korleis vi oppfattar Simon Peter som karakter, er ein viktig del av bakteppet for korleis vi tolkar handlinga i Joh 21. Her ber bibeltekstene si rike verknadshistorie med seg fordomar, som denne:

*Dei dømde deg te død og pine, spotta deg og lo
Og ein av dei du kalla dine, fornehta og bedro
Han svikta då du trengte han. Du hadde gitt han alt
Han var ein veik og vesal mann som svikta då det gjaldt*

Slik omtalar Bjørn Eidsvåg Simon Peter i poplåten/salmen «Kyrie» (Eidsvåg, 1996). Deretter skildrar han eg-personen sitt hovmod, som ein parallell til Simon Peter:

*Og eg har tenkt, det sko'kje eg ha gjort
Eg sko' ha kjempa saman med deg
holdt rundt deg og tørka svetten bort
gjort ka eg kunne for å gle' deg*

Eidsvåg føyer seg i ein kyrkjeleg forkynnartradisjon der ein med referansar til passasjar i pasjonsforteljinga lét Simon Peter framstå som stor og modig i ord (Mark 14:29–31, Joh 13:37), men veik og upåliteleg når det kjem til handling (Mark 14:37–41, Matt 26:69–75). Vidare er det i kyrkja lagt vekt på kor skamfullt det var at Simon Peter først lova med sterke ord at han vil stå fast ved Jesus si side, for deretter å fornekte han tre gonger same natt (de Vries, 1987, ss. 214–216). Tilsvarande finn vi i forskingslitteraturen (Bennema, 2014, ss. 117–121), (Blaine, 2007, s. 17). Temaet personleg og psykologisk skam, tillagt Simon Peter, er framtrekkande også der (ibid., s. 152). Vidare er det ei oppfatning at evangelia skildrar Simon Peter som kontra-fobisk. Det vil seie at han grunnleggande er styrt av frykt i form av overmott eller falskt mot (Rohr & Ebert, 1993, s. 139). Dei som argumenterer for ei slik oppfatning, viser gjerne til Matt

14:28–30 og Gal 2:11–21, men først og fremst til episoden under arrestasjonen av Jesus der Simon øyrelemlestar tenaren til øvstepresten (18:10). Cornelis Bennema (2014, s. 123) oppfattar at episoden framstiller Simon Peter som tankelaus og bråsnar valdeleg⁸. Bennema, med fleire, meiner også at han er sosialt ærgjerrig og rivaliserer om rangen i flokken av læresveinar, og at dette særleg kjem til uttrykk der han opptrer saman med den læresveinen Jesus hadde kjær (ibid.). Bradford Blaine argumenterer mot fleire andre forskarar for ei meir positiv framstilling av Simon Peter i Det fjerde evangeliet. Likevel konkluderer han med at evangelieskriftet, mellom kapitla 6 og 21, skildrar Simon Peter som ein som gjennomgåande feilar stygt:

... in between confessing Jesus in John 6 and making a threefold profession of love for him in John 21, Peter experiences, to put it mildly, one dreadful night.

(Blaine, 2007, s. 193)

Kva for ei oppfatning av Simon Peter bør vi gå ut frå, når vi les og tolkar forteljinga om fiskefangsten i kapittel 21? Var han impulsiv, dumdrstig og ærgjerrig på sosial rang? Var han «ein veik og vesal mann», som Bjørn Eidsvåg syng? Var han skamfull over å ha forneakta Jesus tre gonger (18:17–27)? Som eg har vist her, er dette godt etablerte fordomar.

Ei inngåande drøfting av korleis Simon Peter er framstilt i Det fjerde evangeliet før kapittel 21, ville vore stoff for ei avhandling i seg sjølv. Eg vil difor avgrense meg til å løfte fram tre moment til diskusjonen, som kan vere ei hjelp til å frigjere oppfatninga av Simon Peter frå dei nemnde fordomane. Her presenterer eg dei tre momenta som spissformulerte tesar mot den negative framstillinga over. I dei påfølgjande underpunkta grunngjev eg tesane. Men rammene for avhandlinga ikkje inviterer til djupare drøfting.

- Det er feil å påstå at Simon Peter var ærgjerrig på sosial rang meir enn andre, eller at han rivaliserer med den læresveinen Jesus hadde kjær. → 2.7.1
- Simon Peter var ikkje dumdrstig, og han før ikkje fram med dødeleg vald, då han øyrelemlesta Malkus (18:10). Det heile var eit kontrollert, snarrådig og kalkulert makt-politisk trekk, og ikkje så reint lite smart. → 2.7.2
- Det at Simon Peter nekta for at han kjende Jesus (18:15–27), var mindre kritikkverdig enn slik det har blitt framstilt for ettertida. → 2.7.3

Viss desse momenta held stikk, bygger dei opp under eit langt meir positiv inntrykk av Simon Peter i Det fjerde evangeliet enn slik mykje av forskingslitteraturen har framstilt han (Blaine, 2007, s. 1ff). Eg treng ikkje konkludere. Men eg meiner at eg med dette ryddar grunnen for at vi kan studere kapittel 21 friare, utan at vi må lese inn i forteljinga fordomar som at Simon Peter

⁸ Bennema nyttar omgrepet «*impetuosity*» på engelsk, for å skildre dette karaktertrekket hjå Simon Peter.

var tankelaus, impulsiv, dumdristig, rivaliserande, veik og skamfull. Når eg held fram, baserer eg meg på at vi ikkje bør tilskrive Simon Peter slike karaktertrekk med mindre noko i sjølve teksta talar for det.

2.7.1 Rivaliserande?

Førestillinga om at Simon Peter er oppteken av sin eigen personlege prestisje og rivaliserer om sosial status i flokken av læresveinar, kviler for ein stor del på ei oppfatning av at den læresveinen Jesus hadde kjær, var ein konkurrent til Simon, eller ein som var i posisjon til å kome over han i rang. Synoptikarane nemner Sebedeus-sønene Jakob og Johannes saman med Simon Peter som dei mest fortrulege av læresveinane i Jesus sitt følgje frå Galilea (Mark 9:2ff, Luk 8:51, Matt 26:37). Såleis kunne dei to ha hatt høve til å utfordre Simon Peter ved å konkurrere om Jesu gunst og leiarstatusen blant apostlane. Ifølgje synoptikarane gjorde dei også det (Matt 20:20–28, Mark 10:35–45). Men viss den læresveinen Jesus hadde kjær, ikkje var Sebedeus-sonen Johannes, fell dette argumentet bort for hans del. Dersom han var ein jerusalemitt utanfor krinsen av dei tolv, som eg har presentert som ein moglegheit (punkt 2.4.4), er det vanskelegare å sjå kamp om rangen mellom han og Simon Peter under det siste måltidet (13:1–38) som eit tema. Det gjeld endå meir dersom han var svært ung, eit barn eller ein tenåring, og/eller dersom han tilhørde husstanden der dei heldt måltidet. Uansett er det noko som skurrar om vi gjennomgåande tillegg Simon eit rivaliserande sinnelag: Å stride om kven som skal gjelde for å vere den største (Luk 22:24), går beint imot det Jesus over tid forsøkte å innprente læresveinane (Matt 18:1–4, Mark 9:33–37), og som han heldt fram med å minne dei om det heilt til det siste (13:4–15). At Simon sin posisjon som «Peter» — leiaren i gruppa av læresveinar, utnemnd av Jesus sjølv (Matt 6:18–19, Joh 1:42) — skulle vere truga, kan vi ikkje utan vidare lese *ut frå* det som står i Det fjerde evangeliet om den læresveinen Jesus hadde kjær. Det har blitt lese *inn i* forteljinga. Om vi legg til side fordommen om at Det fjerde evangeliet formidlar ein rivaliseringstematikk mellom han og Simon Peter, ser vi at Simon Peter framstår som ein som trur på Jesus og vil følgje han (6:68–69), som ivrar etter å vere nær Jesus og som vil innordne seg under han (13:6–9, 13:36–37).

2.7.2 Dumdristig?

Eg argumenterer for at episoden med øyrellestinga i 18:10 er mistolka, både av bibelomsetjarar, tradisjonelt i kyrkja, og av forskarar, jamfør Bradford B. Blaine (2007, s. 8ff) som kallar episoden for «swordplay». Bibelselskapet sine idiomatiske omsetjingar formidlar eit inntrykk av at Simon gjekk ukontrollert til åtak og råka tilfeldig. Vi les: «Simon Peter hadde eit sverd, og det drog han og hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde av han høgre øyra.» (Bibelselskapet, 1975, s. 242) Men om vi følgjer grunnteksta, kan vi lese noko anna, nemleg at Simon først slo (ἐπαίσειν) Malkus. Verbet *παίω*, som er nytta for å slå, tyder å slå med eitt enkelt slag. Men det treng ikkje innebere at Simon slo med sverdet (*μάχαιρα*). Reiskapen *μάχαιρα* som

han nytta, var dessutan ikkje eit sverd slik vi er vande med å sjå føre oss frå mellomalderframstillingar med riddarar og korsfararar, vikingspel, Harry Potter, Ringdrotten og annan fantastisk litteratur, men meir ein stor kniv. Same ordet er nytta i LXX om kniven som Abraham bar med seg då han skulle ofre Isak (1 Mos 22:1–19). Machete eller slaktekniv kunne kanskje vore ei betre omsetjing? I LXX og Det nye testamentet er *παίω* nytta om å slå med stav (Jes 14:29), om å påføre vonde byllar på kroppen (Job 2:7), om når eit esel blir slått av eigaren sin (4 Mos 22:28), om når ein skorpion stikk (Åp 9:5), og om å slå nokon på kinn (Klag 3:30, Matt 26:68), mellom anna. I dei nemnde samanhengane der ordet står, ser vi at det impliserer eit moment av overrumpling. *Παίω* er mindre valdeleg enn *τύπω*, som er nytta i Matt 27:30.



Grégoire Guérard: «Kristus blir teken til fange» (Bourgogne, ca. 1520)
Oljemåleri på plate, Musée des Beaux-Arts de Dijon^{IV}

Når Simon med eitt slag har overmanna Malkus, kuttar han av ein bit av det høgre øyret hans med kniven som han har klar i handa. Ordet i grunnteksta for å kutte av (*ἀποκόπτω*) er nytta andre stader i Det nye testamentet om å amputere eit lem (Mark 9:43–45, Gal 5,12) og om å kappe av fortøyingstaua til ein båt (Apg 27:32). Ingen av synoptikarane nemner Simon Peter med namn, men alle skriv beint fram at han fjerna (*ἀφείλεν*) øyret eller ein del av det (Matt 26:51, Mark 14:47, Luk 22:50). Simon er ikkje ute etter å alvorleg skade eller drepe nokon. Han forsøker ikkje å overmanne fienden fysisk. Til det er dei for mange (18:3). Simon er ikkje

dumdrstig spontan, men overlagt smart. Han har blinka seg ut nett Malkus, og han går målretta etter ein liten bit av det høgre øyret hans.

At Malkus er nemnd som tenaren til øvstepresten, ordrett: slaven (*δοῦλον*), er ikkje det same som at han hadde låg sosial eller økonomisk rang (Seland, 2004, s. 80). Han var knytt til øvstepresten. Kanskje var han Kaifas sin personlege adjutant, som hjelpte han på med efoden før dei skulle ofre i Tempelet? Namnet Malkus er forbunde med det hebraiske ordet מלך (*melek*), som tyder konge. Malkus hadde også ein slektning som var tenar hjå øvstepresten (18:26). Meir veit vi ikkje om han. Men vi kan spekulere i at overprestane denne gongen ikkje tok nokon sjansar, men sende ein dei kunne lite på: øvstepresten sin næraste personlege medhjelpar, som innsatsleiar under arrestasjonen. Dei hadde nemleg mislukkast ein gong før med å arrestere Jesus, då dei sende ut menn som viste seg å vere upålitelege fordi dei lét seg påverke av det Jesus sa (7:32–46). Viss Malkus var Kaifas sin trufaste, høgast tiltrudde og mest standhaftige tenar, så var han og Simon likemenn. For Simon var det same i høve til Jesus (1:42, 6:68–69).

Med denne tolkinga får vi ei tilfredsstillande forklåring på kvifor øyrelemlestinga av Malkus er skildra så detaljert i evangelia. For elles er det påfallande og underleg at alle dei fire evangelistane rapporterer om akkurat dette med øyret til øvstepresten sin tenar, medan andre detaljar som ein skulle tru var relevante, og mykje anna er utelate. To av evangelistane (Luk 22:50 og Joh 18:10) har fått med at det var høgre øyret. Ein (Matt 26:51) omtalar det som ein del av øyret, med diminutivforma *ὠτίον*. Atter to (Mark 14:47 og Joh 18:10) presiserer at det dreidde seg om ein liten bit av øyret: *ὠτόριον*, som grammatisk er ein dobbel diminutiv av *οὖς*. Trass dette detaljnivået nemner berre éin av dei (Luk 22:51) at Jesus deretter rørte ved øyret til tenaren og lækte han. Og berre éin (Joh 18:10) fortel at læresveinen var Simon Peter, og at øvstepresten sin tenar heitte Malkus. Alt dette gjev meining når vi les Simon si handling som eit kalkulert strategisk trekk: Han påfører Malkus eit lyte. Med det utestenger han Malkus frå Tempelet og Tempelplassen for resten av livet (jfr. 3 Mos 21:23). Såleis råkar han øvstepresten personleg og maktpolitisk, men utan at romarane, jamfør vaktstyrken (*τὴν σπειραν*) i 18:3, oppfattar det som nokon «big deal».

Viss tolkinga er rett, finn vi ein parallell til episoden i jødane si oldtidshistorie frå hundreåret før. Historieskrivaren Flavius Josefus fortel om maktkampen mellom Johannes Hyrkanus II og nevøen Antigonus Mattathias på slutten av det hasmoneiske dynastiet, før Herodes den store kom til makta. Antigonus, den siste makkabearkongen, beit øyra av Hyrkanus, onkelen sin, ifølgje Josefus. Med det gjorde han onkelen uskikka til å vere øvsteprest og makthavar i Jerusalem for alltid (Maier, 1999, s. 236). Det er ikkje utenkeleg at nett den historia frå år 40 f.Kr. (Bromiley, 1979, s. 622) var Simon Peter sin inspirasjon for det han gjorde. Men Simon nedlèt seg ikkje til å bite. Han brukar kniven. Og han skjer av så lite av øyret som mogleg (*ὠτόριον*). Han skadar ikkje Malkus alvorleg eller gjer så han blir handikappa. Men han ryddar han maktmessig or vegen.

Kvar blir det så av den dumdristige, impulsive og morderisk-på-måfå-sverdfektande Simon Peter? Vi finn han ikkje i 18:1–12. Der finn vi ein Simon som er snarrådig og utspekulert, og som handlar kontrollert i måten han forsvarar sin Messias på. Ei anna sak er at han enno ikkje har forstått eller akseptert Guds plan, slik Jesus har (18:11).

2.7.3 Feig?

I 18:15–27 følgjer Simon Peter etter Jesus «bak fiendens linjer» så å seie, ved at han greier å kome seg forbi porten og innanfor murane hjå øvstepresten. Det er eit poeng at han først ikkje får kome inn (18:16), og at han må sikkerheitsklararast med hjelp frå læresveinen som var kjend med øvstepresten (*ὅς ἦν γνωστός τῷ ἀρχιερεῖ*). Simon Peter vil vere nær Jesus. For at han skal oppnå det, må han få tenestejenta som er portvaktar, til å opne døra til porten for seg (jfr. Apg 12:13–14). Når ho så bed han seie frå at han ikkje er ein av læresveinane til denne mannen (*Μὴ καὶ σὺ ἐκ τῶν μαθητῶν εἶ τοῦ ἀνθρώπου τούτου*), må han gje henne «rett» i det ho spør om. Elles kjem han ikkje vidare. Den første fornekinga svarar altså til framgangsmåten til ein etterretningsagent som vil vere moldvarp i fiendeland. I det vi vender oss bort frå den hevdvunne tradisjonelle oppfatninga om at læresveinen som var kjend med øvstepresten i 18:15–16, var Simon sin fiskarpartner og medapostel frå Galilea, Sebedeus-sonen Johannes (de Vries, 1987, s. 214), og i staden går ut frå at han var ein person i nokolunde same kategori som Josef frå Arimatea (19:38), altså ein læresvein i løynd, og ein som tilhørde aristokratiet i Jerusalem, jamfør opplysningane i 18:15 om at han stod nær øvstepresten (*γνωστός*) og at han kom inn på gardsplassen i følgje med dei som nett hadde arrestert Jesus (*συνεισῆλθεν τῷ Ἰησοῦ*), er det endå meir forståeleg at Peter måtte vere under dekke. Med dette blir det eit sentralt tema i scena at galilearen Simon Peter er åleine (slik synoptikarane fortel, sjå Matt 26:58, Mark 14:54, Luk 22,54), i det han utset seg sjølv for overhengande fare ved at han oppsøker sjølv «løvehol» til det jødiske maktapparatet i Jerusalem i sin iver etter å følgje Jesus. Kort tid i førevegen har han sjølv vore nær ved å bli teken til fange saman med Jesus. Men Jesus avverja det (18:8, jamfør også Mark 14:50–51). Men så snører plottet seg til, i det Simon Peter står blant vaktmennene og tenarane til øvstepresten, same gjengen som nesten arresterte Simon og dei andre som var med Jesus i hagen før på natta, og dei spør han om det same som portvaktaren spurde han om — framleis med formuleringa *Μὴ καὶ*, som indikerer at spørsmålsstillaren forventar eit negativt svar —, og til slutt når slektningen til Malkus som han kutta den høgre øyreflippen av (18:10), konfronterer han (18:25–27).

I dette perspektivet handlar forteljinga på gardsplassen til øvstepresten om at Simon Peter trassar Jesu ord i 13:36, der Jesus seier: «Dit eg går, kan du ikkje fylgje meg no.» Peter er dristig, i det han gjer det han kan, for å vere nær Jesus. Men han har ikkje forstått at Jesus må døy for han først, åleine (jamfør 13:37). Så skjer likevel det som Jesus har sagt må skje. Peter fornektar Jesus (18:27 sml. 13:38). Men det er formildande at han gjer det etter at han har sett seg sjølv i ein svært farleg situasjon i ei rolle der han er under dekke, som spion (jamfør Matt 26:58b).

2.8 Kven meinte dei første lesarane at Simon Peter var?

Fleire stader i evangeliet kjem forfattern sitt mottakarmedvit til uttrykk på ein slik måte at det lærer oss noko om kven lesarar forfattern vender seg til med skriftet. (Sjå til dømes 2:6, 3:23–24, 4:9, 19:35 og 20:31.) Kan vi lese noko ut or skriftet om desse lesarane si før oppfatning av Simon Peter, eller meir presist: Kva for før oppfatning forfattern av skriftet rekna med at dei hadde? Når vi les Det fjerde evangeliet frå byrjinga, legg vi merke til at Simon Peter ikkje blir introdusert. Men det blir bror hans, Andreas. Det interessante er at Andreas blir introdusert som nettopp bror til Simon Peter. Når Simon fyrste gong blir omtala i evangeliet, er det som referanse for bror sin (1:40). Simon er nemnd med tilnamnet Peter (*Πέτρος*), som tyder klippe, altså fast fjellgrunn, eller stor stein (større enn *λίθος*, jamfør Matt 4:3, Matt 7:9, Luk 3:8, Luk 22:41, Joh 8:7, jamfør også Matt 27:60, Mark 13:2, Joh 11:41). Etter 1:42 er forfattern konsekvent i å omtale Simon som «Simon Peter» eller berre «Peter». I 1:43 forklarar evangelisten at det aramaiske ordet *Κηφᾶς* (Kefas) tyder det same som *Πέτρος* på gresk. Han introduserer Filip med å opplyse om at han var frå Betsaida, Andreas og Peter sin by (*τῆς πόλεως Ἀνδρέου καὶ Πέτρου*) (1:44). Alt dette talar for at forfattern føreset at Simon er kjend for lesarane, som klippa eller fjellgrunnen («Peter»), frå Betsaida. At Simon er fiskar, er ikkje tema før i kapittel 21. Der får vi også for første gong høyre at han er son til Johannes, ved at Jesus tiltalar han «Simon Johannesson» (21:15–17). I og med at forfattern forklarar ein heil del andre tilhøve (1:41b, 2:6, 4:9b, 9:22, 11:31b, 11:51–52, 12:6, 12:18, 12:41–43, 13:29, 19:38, 19:42), og at det også seinare har kome til ei forklaring (5:3–4) og to presiseringar (3:13 og 19:24) i skriftet, er det litt underleg at skriftet ikkje informerer lesarane om at Simon var yrkesfiskar (saman med Sebedeus-sønene), med mindre dette var kjend informasjon.

Forfattern viser til Peter sitt martyrium i 21:19, og lét oss forstå at han reknar med at lesarane veit korleis Peter døydde. Formuleringa «kva slag død han skulle ære Gud med» (*ποιῶ θανάτῳ δοξάσει τὸν θεόν*) gjev den moderne lesar opplysninga at Peter døydde på ein måte som var til ære for Gud, slik dei truande kristne oppfatta det. Men var opplysninga om at Peter døydde på ein for Gud ærefull måte, ny for dei første lesarane? Eller hadde dei denne informasjonen frå før? Eg held det siste for å vere mest truleg. Evangelisten har nemleg nytta same frasen (*σημαίνων ποιῶ θανάτῳ*) to gonger tidlegare i skriftet, om at Jesus syner kva for død han sjølv skal få (12:33 og 18:32), i det han viser til noko som det er grunn til å tru dei første lesarane var kjende med på førehand (jfr. 1:1–11), og som dei i alle fall var kjende med etter at dei hadde lese skriftet. Ordet *ποιῶς* i formuleringa er eit spørjepronomen, som ikkje refererer til nokon person, mengde eller ting spesielt. Når ordet er brukt til å stille spørsmål, kan spørsmåla vere opne, der svaret er løynt eller svaralternativa er ukjende (Matt 21:23, Matt 24:42, Luk 5:19). Men vi finn også døme i Det nye testamentet på at ordet er nytta i spørsmål der svaralternativa på førehand er kjende for den som spør eller den som skal svare (Matt 22:36, Mark 12:28, Joh 10:32). Mest truleg går forfattern ut frå at lesarane er innforståtte med at Peter sin martyrdød var ærefull. For i vers 19 forklarar han kva Jesus meinte med det han sa til Simon Peter i vers

18, og då er det rimeleg å tolke tillegget *δοξάσει τὸν θεόν* som ein referanse til noko lesarane allereie veit, i og med at forfattaren lét vere å forklåre dette.

Å ære martyrar, dei som blei drepne fordi dei vitna om Jesus, er ein skikk som går heilt tilbake til urkyrkja (Apg 7:55–59). Tradisjonen om at Simon Peter leid martyrdøden i Roma, og at han ligg gravlagd under Peterskyrkja, er sterk (Odden, 1998). Saman med det interne vitnesbyrde i teksta talar det for at dei første lesarane av Det fjerde evangeliet var ein del av eller forholdt seg til eit truande fellesskap der dei æra Simon Peter for hans martyrium.


Ut frå dette kan vi legge til grunn at dei første lesarane møtte Det fjerde evangeliet med ei førehandsoppfatning om at Simon frå Betsaida, son av Johannes, med bakgrunn som yrkesfiskar, var *Peter*, i tydinga ‘klippa’ eller ‘fjellgrunnen’, i den tidlege kristne rørsle, og at han var ein stor martyr. Det er eit stykke derfrå til Bjørn Eidsvågs «ein veik og vesal mann».

2.9 Grunnlag for vidare drøfting

Eg har etablert at forteljingane i Det fjerde evangeliet er røyndomsforteljingar i den forstand at dei første lesarane, frå kring år 90 – 100 e.Kr., oppfatta at skriftet refererte til verkelege hendingar, personar og stader. Det er ikkje det same som å hevde at forteljingane er historisk sanne. Spørsmålet om historisitet i det johanneiske narrative er ikkje tema her. Poenget er at det gjev meining at vi les det som ei røyndomsforteljing sidan dei første lesarane gjorde det. Då er det fleire omstende, som ikkje eksplisitt er nemnde i teksta, som vi kan og bør ta inn frå røyndomen for å forstå teksta betre. Eg kjem inn på slike omstende undervegs i tekstutlegginga, etter kvart som dei høver seg. Eg har også etablert at det kan vere nyttig å trekke vekslar på opplysningar frå andre nytestamentlege skrifter, til hjelp for å forstå teksteksterne referansar i Det fjerde evangeliet. Desse to til saman, det at vi kan lese forteljinga om fiskeekspedisjonen i kapittel 21 som ei røyndomsforteljing, og det at vi kan opplyse teksta med tilleggsinformasjon frå andre nytestamentlege skrifter, er eit potent verktøy til å få meir ut av teksta enn om vi les ho isolert.

Vidare går eg ut ifrå at den læresveinen Jesus hadde kjær, ikkje var ein av dei som følgde Jesus frå Galilea til Jerusalem den påska då Jesus blei krossfest, ikkje ein av dei tolv, men ein læresvein som hadde tilhald i Jerusalem, som blir førd saman med krinsen av Simon Peter og dei tolv i kapittel 13 av evangelieforteljinga, under det siste måltidet. Han kan ha vore tilknytt prestskapet og tempeltenesta i Jerusalem. Han kan ha vore svært ung. Vi veit ikkje kven han var. Men eg har lagt til side den tradisjonelle oppfatninga om at han var Sebedeus-sonen Johannes. Med det går eg inn i teksta utan fordomen om at han var jamstor med Simon Peter (jfr. Gal 2,9).

3. Hovuddrøfting: Joh 21:1–15




Soloppgang over Galileasjøen (Biletkjelde: bbew Ecurb, 12. februar 2008, YouTube^V)

3.1 Ei forteljing om ein fisketur

Eg har teke til orde for at vi bør freiste å lese forteljingane om Jesus og læresveinane hans i Det nye testamentet bokstaveleg, som røyndomsforteljingar, før vi byrjar å leite etter symbolsk meining i dei. Vi kjem betre til rette med teksta, trur eg, viss vi har ei rett eller fornuftig forståing av det som bokstaveleg står der, før vi freistar å utlegge teksta i overført tydnad. Elles risikerer vi å misforstå og gå glipp av viktige poeng. Ta til dømes episoden om då Simon Peter og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær, sprang til grava (20:3–10). Somme har meint at opplysninga om at den læresveinen Jesus hadde kjær, sprang fortare enn Peter, skal tolkast som at forfattaren meiner å få fram at trua hans var betre enn Peter si tru. Vidare er dette lagt ut som eit symbol på at det postulerte sekteriske miljøet som forskarar har omtala som «the Johannine community», var overlegent den apostoliske kyrkja representert ved Peter (Lincoln, 2005, s. 489). Eg er redd vi fort misser av syne den grunnleggjande budskapet i teksta dersom vi hoppar over den opphavelige bokstavelege meininga og går rett på slike symbolske tolkingsmåtar. Den andre læresveinen sprang fortare, rett og slett fordi han var raskare til å springe. Opplysninga er teken med for å forklåre korleis det kunne ha seg at han blei ståande og vente på Peter utanfor grava, endå dei sprang saman. Om dette kunne eg sagt mykje meir. Det viktigaste her er budskapet om at vi ikkje bør gå inn for ei symbolsk teksttolking av røyndomsforteljingar i Bibelen på ein måte som neglisjerer den bokstavelege meininga. Når vi med det som utgangspunkt spør kva teksta i 21:1–15 handlar om, er svaret: *Ein nattleg båtfiskeekspedisjon på Galileasjøen (Kinneret) for to tusen år sidan*. Då er kunnskap om mellom anna geografi og historie, politiske,

økonomiske, kulturelle og religiøse tilhøve, marinbiologi, fisk og fiske til hjelp for oss i å forstå det vi les.



Detaljert batymetrisk kart over Kinneret-sjøen. Ekvidistanse: 1 m

Kjelde: The Hebrew University of Jerusalem (The Neev Center for Geoinformatics, 2020)

3.1.1 Tid og stad


Før eg går inn i sjølve forteljinga, vil eg tid- og stadfeste ho. Kvar og når skjedde dette? Vers 1 fortel at det var ved Tiberiassjøen, som er eit anna namn på Galileasjøen. Bibelselskapet sine nyare norske omsetjingar får oss til å tru at forteljinga byrjar med at læresveinane var i lag på stranda, i og med at det står at dei var i lag *der* (21:2). Men adverbet «der» står ikkje i grunn-teksta. Alle utgåvene av bibelomsetjingar frå Det Norske Bibelselskap sidan 1975 har tilføyd ordet «der» i 21:2. Dette gjeld også nynorskomsetjinga frå 1938, der det står at dei «var der i hop». Evangelisten nyttar uttrykket ἤσαν ὁμοῦ (ἤσαν = «dei var», ὁμοῦ = «i lag»). Ordet ὁμοῦ er det same som vi har på moderne norsk i fleire greske låneord, som *homonym*, *homogen* og *homolog*. Attåt 21:2 er ordet nytta to gonger i Det fjerde evangeliet (4:36 og 20:4), og utanom det berre ein einaste gong i Det nye testamentet, i Apg 2:1, der det i norsk bibelomsetjing står at læresveinane var «alle samla» i eit hus på pinsedagen. Ei rimeleg tolking av 21:1–2 er at læresveinane var samla om noko ein stad. Dette ‘noko’ kan ha vore ein sabbat. I så fall er det nærliggande å tenke at staden der dei var samla, var den lokale synagoga (jfr. Mark 1:21–32). Gjeve at det var ein sabbat, rimar Simon Peter si fråsegn i vers 3 godt med biletet av han som ein handlekraftig leiar: Straks sabbaten er slutt, tek han initiativ til å returnere til arbeidet.

Om vi held saman opplysningane i Det fjerde evangeliet med synoptikarane og Apg 1:3–11, kjem vi til at fiskeekspedisjonen fann stad mellom påske og himmelfart, ein gong i april eller tidleg i mai. Det var fullmåne den 15. nisan, då påskehøgtida starta (jfr. 19:14). I 20:19 les vi at læresveinane hadde stengt dørene *av frykt for jødane* (διὰ τὸν φόβον τῶν Ἰουδαίων). Dei var då i Jerusalem. Åtte dagar seinare (vers 26) var dei også bak stengde dører. Vi kan legge til grunn at dei då framleis befann seg i Jerusalem og var redde for jødane (Ἰουδαῖοι). Dessutan var det påskehøgtida til jødane. Denne varte i sju dagar frå 15. nisan (2 Mos 12:6–15). Så tek det om lag fem dagar å gå frå Jerusalem til Galilea⁹. Då nærmar det seg nymåne og er mørkt heile natta. Viss læresveinane i vers 2 var samla i høve ein sabbat, må det då rimelegvis ha vore tidlegast to veker etter påskedramaet. Om vi tek omsyn til Apg 1:3–11 og Luk 24:50, må vi legge til grunn at læresveinane var tilbake i Jerusalem seinast førti dagar etter oppstoda. Den neste fullmånen, etter 15. nisan, kan då ha vore nær tida for læresveinane sin retur til Jerusalem før *sjavout* (pinse). Ut frå dette er det mest sannsynleg at det ikkje var fullmåne under fiskeekspedisjonen, men at læresveinane fiska i mørkret heile eller delar av natta.

Kan vi stadfeste hendinga meir nøyaktig enn det som står i 21:1? La oss sjå på geografien først. Galileasjøen er vel to mil lang frå nord til sør, litt over ei mil brei og 43 meter djup på det djupaste. I nord- og sør-enden er det svært langgrunt. I nord der Jordan-elva renn inn — området kor Betsaida låg, staden som Det fjerde evangeliet fortel at Filip og Andreas og Peter var frå (1:44) —, er djupna mindre enn éin meter, og mange stader mindre enn ein halv meter, 90 meter

⁹ <https://www.google.com/maps/dir/Kapernaum,+Israel/Jerusalem,+Israel/@32.3245576,34.6915046,9z/data=!3m1!4b1!4m1!4m13!1m5!1m1!!1s0x151c17fb0f89d5e9:0xa91847e6f9c7b1dc!2m2!1d35.573307!2d32.88033!1m5!1m1!!1s0x1502d7d634c1fc4b:0xd96f623e456ee1cb!2m2!1d35.21371!2d31.768319!3e2>

frå land, som tilsvarar 200 romerske alner (jfr. 21:8). Det tilseier at nordenden av Galileasjøen, ved utlaupet av Jordan, er ein mindre truleg åstad. Området ved Kapernaum, lenger vest, høver betre. Der er det djupare — stort sett djupt nok til at båtar kan navigere trygt 200 romerske alner frå land.




Galileasjøen (Kartkjelde: Google Maps^{VI} / Wikimedia Commons^{VII}, 2020)

Her må eg ta atterhald om at det som er sagt over, gjeld ut frå Kinneret-sjøen sin vasstand i dag, som er 209 m *under* havnivå¹⁰. Arkeologiske undersøkingar av hamna i Magdala vitnar om at vasstanden der var høgare i oldtida enn no, ifølgje Facundo D. Troche (2016, ss. 290–291). Den romerske naturforskarer Plinius den eldre, 23/24–79 e.Kr., fortel at Galileasjøen i det første hundreåret var omlag fem km lengre frå nord til sør enn han er i dag (Baima, 2012, s. 96). Dette kan stemme med at ruinane etter det fleire meiner var Betsaida, ved *et-Tell*, er funne nokre kilometer inn i landet frå dagens strandlinje (McNamer, 2016, s. x). Men ifølgje Mendel Nun (1998) var vasstanden i Galileasjøen for to tusen år sidan om lag ein meter *lågare* enn i dag. Han viser til at ei rekke oldtidshamneanlegg er blitt funne rundt Galileasjøen, som i dag er oversumde (Nun, 1999). Desse motstridande funna kan moglegvis forklarast med landheving som har skjedd etter Jesu tid. Det er historisk dokumentert at eit jordskjelv det andre hundreåret e.Kr. endra topografien i området. Jordan-elva tok nytt løp, og sjøen fekk andre dimensjonar (McNamer, 2016, s. 6).

Uansett er høgdestigninga i terrenget rundt sjøen slik at ikkje noko av dette rokkar ved føresetnaden om at det var langgrunt i nordenden av Galileasjøen for 2000 år sidan. Dei synoptiske evangelia vitnar også om at det var langgrunt (Matt 4:18–20 / Mark 1:16–18). Kartet på neste side viser kor mykje sjøen ville ha auka om vasstanden steig frå dagens nivå, med høvesvis 5 m (mørk grønt), 10 m (mellomgrønt) og 15 m (lys grønt). Med ei slik heving av vassflata blir det endå meir langgrunt i nord der Jordan-elva renn inn i sjøen.

¹⁰ <https://forecast.israelinfo.co.il/kineret>




Ekvidistanse 5 m. Grønt = over dagens strandlinje. (Kartkjelde: Google Maps / Wikimedia Commons, 2020)

Eg legg til grunn at historia som er fortald i kapittel 21, utspelar seg i Galilea (jfr. Matt 28:10 / Mark 16:7), altså på vestsida av Jordan-elva, ein stad i området frå omlag Kapernaum og sør-
 over. Derfrå har dei båtfarande hatt godt utsyn til Herodes-residensen Tiberias, hovudstaden i

Herodes Antipas sitt landsfyrstedøme, tvers over sjøen på den andre sida av Ginosarsletta (Myles, 2019). Har det vore tende lampar, faklar og open eld i byen om natta, så har dei truleg kunna sjå han då (sml. Matt 5:14), og kanskje nytta han som eit landemerke medan dei segla eller rodde i mørkret. Kapernaum er nemnd i 4:46 og tre gonger i kapittel 6. Synoptikarane peikar ut Kapernaum som staden der både Jesus (Matt 4:13), Andreas og Simon Peter (Mark 1:29 / Luk 4:38) budde som vaksne, og Sebedeus-sønene sin heimstad (Mark 1:20). Det talar for Kapernaum-stranda som åstad. Det var også ei synagoge der, ifølgje evangelisten (6:59) og synoptikarane (Mark 1:21 / Luk 4:33).

Med dette er scena sett, og eg kan ta fatt på sjølve forteljinga og drøfte korleis Simon Peter er framstilt. Eg er særleg interessert i detaljar og moment i teksta som tradisjonelt og i forskingslitteraturen har vore nytta til å bringe Simon Peter i vanry.



Relieffkart som viser Jordandalen med kringliggende fjell (Kjelde: Seek The Old Paths^{VIII})

3.2 ‘«Eg dreg ut og fiskar.»’ (21:3)

Det første vi legg merke til i kapittel 21, er at Simon Peter leier an (vers 3). Det er *Simon og dei andre* (vers 3 sml. vers 8). At Simon Peter tek initiativet til denne nattlege fiskeekspedisjonen, har vore tolka negativt. Somme har føreslått at han ville ut og fiske fordi han var rastlaus (Seines, 2020, s. 65), (Brant, 2011, s. 280). Andre har lese inn i teksta at han var forvirra (Hansen, 2020) og svak i trua, så han sleppte kallet om å vere menneskefiskar (Matt 4:19 / Mark 1:7 / Luk 5:10) og vende attende til det gamle livet som fiskar. Og så lokka han dei andre læresveinane med seg i fråfallet. Cornelis Bennema er meir atterhalden, men gjer seg likevel til talsmann for den same kritikken, i det han spør: «*Why did they return to fishing after having met the risen Jesus and being commissioned (20:19–29)?*» Han skriv at evangelieteksta ikkje gjev svar, og framfører som ein moglegheit at Peter skamma seg og kjende seg uskikka til å utføre det oppdraget som Jesus hadde kalla han til, og at han difor som leiar drog dei andre med seg (2014, s. 119). Ei kronologisk lesing av 20:19–29 og kapittel 21 i samanheng kan tale for ei slik forståing om at Peter med sitt initiativ til å fare ut og fiske braut med Jesu kall. Då står 21:3 i motsetnad til 20:21.

Mot dette argumenterer eg for at tekstsamanbindinga i opninga av kapittel 21 er for vag til å føresette ei strengt kronologisk lesing av tekstene eller tekstavsniitta, og at 20:21 i samanhengen kan tolkast som ei fortetta tematisk samanstilling (jamfør Luk 24:36–42 og Luk 24:49–51). Det same finn vi i 1:42, viss vi samanliknar med Matt 4:18–20 og Matt 16:13–20. Forfattaren av Det fjerde evangeliet lét Simon bli kalla til læresvein og utnemnd til Peter i eitt og same verset. Simon Peters vedkjenning i 6:68 ser ut til å vere ein parallell til Matt 16:16. I så fall er det eit døme på tematisk oppsplitting i Det fjerde evangeliet, viss vi legg Matteus si narrative rekkefølge til grunn for kronologien. Når vi held dei to evangelieberetningane saman slik, i det vi går ut frå at begge refererer til det same bakanforliggende munnleg overleverte historiske narativet om Jesus frå Nasaret, så ser vi at minst ein av evangelistane må ha organisert noko av stoffet tematisk og ikkje kronologisk. Opplysninga i 21:11 om at det at det var 153 fisk i nota, kan også vere ei slik tematisk samanstilling. Ei strengt kronologisk lesing av dette ut frå forteljarperspektivet medfører tolkinga at læresveinane talde fisken før dei åt (vers 12–13). Men om vi les opplysningane i vers 11 som tematisk samanhøyrande og ikkje nødvendigvis eit uttrykk for ei handlingsrekkefølge, kan vi gå ut frå at læresveinane først tok imot Jesu invitasjon til å ete, og at dei deretter — med unnatak av dei to som droppa ut av arbeidet og fylgde etter Jesus: Simon og den læresveinen Jesus hadde kjær (vers 19–20) — tok hand om og talde fisken. Samanliknar vi opningsorda *Μετὰ ταῦτα* i 21:1, som i Bibelselskapet sine norske omsetjingar har vore omsett med «sidan», med andre skriftstader der grunnteksta har same formuleringa, så ser vi at ei meir treffsikker omsetjing kunne vore «etter alt dette». *Μετὰ ταῦτα* (fleirtal) tyder beint omsett «etter desse», til skilnad frå *μετὰ τοῦτο* (eintal) som tyder «etter denne». Forskarar har hatt ulike oppfatningar om det er nokon innhaldsmessig skilnad. Somme har meint at eintalsforma (*τοῦτο*) er nytta for å peike på ein reell kronologisk sekvens, medan fleirtalsforma

(*ταῦτα*) er meir vag. Andre har meint at begge er vage. (Brown, 1966, s. 112) Då er det ikkje naudsynt å oppfatte formuleringa som at ho bind saman spesifikt dei to siste narrative passasjane i 20:19–29 og 21:1–23. I så fall skulle det same gjelde for 13:7, som vi då måtte forstå som at Jesus meiner at Simon Peter skal skjønne meininga med at Jesus vaskar føtene hans etter at han er ferdig med å vaske føtene hans. Sjå også 3:22, 5:1, 5:14, 6:1, 7:1, 13:7 og 19:38, der same fleirtalsforma *ταῦτα* er nytta, medan 2:12, 11:7, 11:11 og 19:28 har eintalsforma *τοῦτο*. Argumentet blir styrkt om vi legg til grunn, som Raymond E. Brown (1966), James H. Charlesworth (1984) og Bradford B. Blaine (2007) med fleire har gjort, at kapittel 21 er eit tillegg innført av nokon andre enn evangelisten. For då blir ikkje 20:21 eit innskot, men ein del av avslutninga av den opphavelige teksta. Brown kommenterer også at *μετὰ ταῦτα* var eit vanleg samanbindingsuttrykk for tilføydd ekstramateriale som her. Etter avslutninga i 20:26 har uttrykket liten verdi som tidssamanbinding, skriv han (1966A, s. 1067).

Men Bennema (2014, s. 119) presenterer også ei alternativ forståing, som får Simon og dei andre læresveinane til å framstå i eit betre lys: Dei hadde returnert til Galilea fordi engelen i Mark 16:7 hadde bode dei det, og så fann dei ut at dei like godt kunne fiske medan dei venta.

Eg held meg det siste, men vil ta det lenger. For eg finn ikkje noko i Mark 16:7, parallellskriftstaden i Matt 28:7–10 eller andre skriftord i Det nye testamentet som tilseier at læresveinane blei fordra å vere uverksame medan dei venta på at Jesus skulle syne seg for dei i Galilea. Om det er tale om eit slikt påbod i Det nye testamentet, så ser vi det først i Apg 1:4, altså etter at dei hadde vendt attende til Jerusalem, før pinsen.

Etter mitt syn er det urimeleg å utlegge ringeakt for Simon Peter på grunnlag av opningsversa i kapittel 21. Eg vil argumentere for at Simon sitt initiativ til å fare ut og fiske ikkje berre var akseptabelt, men førebiletleg ut frå normene som gjaldt hjå jødane og som Jesus og læresveinane hans levde etter (jfr. 1 Tess 4:11–12, 2 Tess 3:10–12 sml. Apg 1:4 / Mark 16:14, 1 Tim 5:8). For det første er han lovlydig. Å arbeide seks dagar i veka var påbode etter Moselova (2 Mos 20:9 / 2 Mos 34:21 / 5 Mos 5:13). Annanstads i Det nye testamentet er Simon Peter framstilt som ein mann som levde strengt etter lova (Apg 10:14–29, Apg 11:8–10). Jesus oppheva ikkje Moselova (Matt 5:17–19, Luk 16:17). Det står ikkje nokon stad i Det nye testamentet at han lempa på kravet om å arbeide seks dagar i veka. Tvert imot. Diskusjonane mellom Jesus og andre lovlærde om tolking av sabbatsbodet, som er eit gjennomgåande stridstema i evangelia, dreier seg om det motsette: at Jesus og læresveinane hans blei kritiserte for å arbeide på sabbaten. (Sjå til dømes Matt 12:1–8 og Joh 5:17.)

For det andre handlar Simon ansvarleg. Alternativet til å fiske, for dei som livnærde seg av det den gongen, var å vere utan inntekt for seg og familien. Dessutan — avhengig av fangstmetode — var natta den mest gunstige tida å fiske på. Det gav også betre odds for at dei kunne få fisken til marknaden før han blei skjemd, skriv Blaine (2007, s. 146). Trollgarn blei typisk brukt om natta, dragnet om dagen (Benson, 2003). Ei dragnet kravde eit større lag av fiskarar enn sju personar (Nun, 1989b). Om vi utelukkar dragnet som fangstmetode i dette tilfellet, eigna natta

seg best for fiske. Med trollgarn er det lettare å få fisk, når fisken ikkje ser. Å fiske med kastenot frå båt er meir effektivt når fisken står høgare i vatnet, om kvelden, natta og tidleg morgon, fordi han ikkje må gøyme seg for rovfugl. Meir om fangstmetodar under punkt 3.4.1.



Toppdykkar. Ein av rovfuglane som lever av fisk i Galileasjøen. (Biletkjelde: BirdLife Israel^{IX})

Interessant i denne samanhengen er det som Mendel Nun og John S. Kloppenborg har gjort greie for, om at fiske i Galileasjøen på Jesu tid involverte eit stort samfunnsapparat med samansett og til dels avansert infrastruktur, spesialisert arbeidsdeling og logistikk (Nun, 1999), (Kloppenborg, 2018). Vi er vande med å tenke om fiske at det er noko som fiskarar held på med for seg sjølve, sjølvberga og med full individualistisk råderett over fiskeutstyr, båt, brygge og sjø og fri tilgang til marknaden. Men denne førestillinga er altfor moderne, og framand i høve til det vi kan vite om elve- og innsjøfiske i Levanten i romersk oldtid (ibid.). Tilværet som fiskar vedkom ikkje berre fiskarane sjølve, men inngjekk i eit fellesskap av liv og virke, saman med andre folk, næringar og institusjonar:

... the ways in which the fishing industry was structured and the very character of fishing meant that fishermen were necessarily and continuously entangled with others productive networks of net makers, and suppliers of essential tools, with lessors, and with officials who represented local governments with interests in tax extraction.

(Kloppenborg, 2018, s. 598)

Det var vel tvilsamt om ein berre kunne melde seg ut av dette, utan å bryte normer og støyte andre. Eller skulle Simon og dei andre fiskarane, då dei kom heim frå Jerusalem, liksom seie til familiane sine og til alle andre som var involverte i verdikjeda av arbeidet deira: «Hei,

folkens! Vi har vore på den årlege jødiske påskepilgrimsfestivalen i Jerusalem. Og veit de kva? No utvidar vi festivalen for vår del og set oss beint ned og ventar på at Jesus — som blei krossfest og døydd ein av dei første dagane av høgtida, men blei levande igjen — skal openberre seg for oss, slik han har sagt. I mellomtida har vi ikkje tenkt å gjere eit slag nyttig arbeid, så vi lét båten stå og fiskeutstyret ligge for vår del. Det blir ikkje noko meir mat på dykk, konene og borna våre. Og de tollarar kan helse Herodes og seie at han berre kan gløyme å skattlegge vår fangst, for det blir nemleg ingen. Sorry!» Eg karikerer her. Men eg trur eg får fram poenget. Ville det ikkje vore skandale om læresveinane lét vere å ta opp att arbeidet då dei returnerte til Galilea? Kva ville Jesus meint om å lage slik skandale? Svaret finn vi kanskje i Matt 17:27, der han seier til Peter, som svar på at dei blir avkravd tempelskatt då dei vender tilbake til Kapernaum etter å ha turnert i Galilea og i landet kring Tyrus og Sidon: «Vi vil ikkje støyte dei ...» (*ἵνα δὲ μὴ σκανδαλίσωμεν αὐτούς*). Verbet *σκανδαλίζω* kjem av substantivet *σκάνδαλον*, som tyder snublestein eller ei lagd hindring som får andre til å falle. Frå dette har vi det norske ordet ‘skandale’.

Vurderinga om at Simon Peter viste seg som lovlydig og ansvarleg ved å dra ut og fiske, gjeld ut frå dette uansett. Dersom vi i tillegg kan lese mellom linjene ut frå formuleringa *ἦσαν ὁμοῦ* i vers 2 at handlinga byrjar i det sola er i ferd med å gå ned eller like etter at sola har gått ned etter sabbaten, framstår Simon Peter for det tredje som snarrådig. På den måten rakk dei å gjere i stand fiskeutstyret og få båten ut på sjøen i tussmørkeret etter solnedgangen, før stupmørket kom og gjorde dei blinde. I Galilea i april og mai varer tussmørket etter solnedgang mindre enn ein halv time¹¹. Om dei ikkje skunda seg å bli klare då, ville alternativet kanskje ha vore å gjere opp eld og styre med faklar og lampar, vente på månelysset eller utsette arbeidet til neste natt. Hypotesen om at Simon Peter var snarrådig med å få ut båten og kome i gang med fisket om kvelden etter ein sabbat før det blei stupmørkt, kan forklåre at dei rodde fiskegrunnen åleine til morgonen etter (vers 4).

3.3 ‘«Har de ikkje noko å ete, små gutar?»’ (21:5)

At læresveinane ikkje straks oppfattar at det er Jesus som står der på stranda, i vers 4, er forståeleg. For det første er det vanskeleg å identifisere ein person i dimt morgonlys på så langt hald, omlag 90 meter, eller 200 romerske alner (jfr. 21:8). Det kan også ha vore disig. Brown kommenterer det same om at avstanden og det dimme morgonlyset er tilstrekkeleg som forklåring på at læresveinane ikkje kjende att Jesus (1966A, s. 1070). Men så innvender han, mot dette, at dei framleis nøler i vers 12. Eg kjem tilbake til det siste, under punkt 3.11. For det andre kan det ha vore reint trivielt at læresveinane i båten tok mannen på stranda for å vere ein annan. Ein hypotese er at dei kan ha oppfatta han som ein som etterspurde fisk: ein tiggjar eller ein kjøpar, eller ein tollar, eller fiskepoliti. Det at mannen på stranda tiltalar fiskarane i båten

¹¹ 32° N, alminneleg tussmørke. <http://users.soflilab.ntua.gr/~ipanag/fromnetmode/scripts/suntime.htm>

som små gutar (*παιδία*), høver med korleis ein person av høgare sosial og økonomisk rang kunne tillate seg å tiltale framande av lågare rang. Dette talar for at dei kan ha oppfatta han som tollar, fiskepoliti eller kjøpar (Brown, 1966A, s. 1070).

Fortolling av fisk var eit viktig anliggende for styresmaktene sitt nærvær i fiskarlandsbyane rundt Galileasjøen. Papyrusmateriale som er bevart frå Egypt, dokumenterer at fiske i elvar, sumpar og sjøar i romartida var kontrollert av styresmaktene, og at det var eit strengt inspeksjons- og rapporteringsregime for å sikre at dei som fiska, betalte den skatten dei var pålagde (Kloppenborg, 2018). Fiskerettane i denne delen av Galileasjøen var truleg kontrollert av Herodes Antipas (ibid. s. 595). Mark 2:13–14 fortel om ei tollbu (*τελώνιον*) ved sjøen (*παρὰ τὴν θάλασσαν*). At det skulle dukke opp ein patruljerande funksjonær frå Herodes nede ved sjøen ein slik tidleg morgon, som passa på at ingen smugla nattleg fiskefangst i land utan å fortolle han, var kanskje ikkje heilt uventa? (sml. ibid. s. 593). Sjå også under punkt 3.12.

Ein annan hypotese er denne: Fiskarkollegaer hjelpte kvarandre (jfr. Luk 5:3–7), fordi tilværet som fiskar i nokon grad var ein kollektiv og solidarisk syssel. At det kom ein mann på stranda om morgonen (vers 4), at denne mannen interesserte seg for arbeidet deira (vers 5), og at han hadde gjort i stand mat til dei (vers 9), kan dei då ha oppfatta som ein del av samhandlinga mellom fiskarar som støtta kvarandre i livsopphaldet.

Om vi fråreknar skriftstadene om at læresveinane trudde dei såg eit gjenferd fordi dei hadde vondt for å tru det verkeleg var den oppstandne Kristus i kjøt og blod som synte seg for dei (Matt 28:17, Luk 24:36–42, Joh 20:26–30), finn vi i Det nye testamentet i alt tre forteljingar der det står at ein eller fleire læresveinar ikkje kjenner att Jesus med det same, når han openberrar seg etter oppstoda. Forutan 21:1–14 har vi 20:11–18 og Luk 24:13–35. Analyserer vi desse forteljingane kvar for seg, ser vi at det berre er forteljinga om Emmaus-vandrarane (Luk 24:13–35) som gjev eller krev ei overnaturlig forklåring på at læresveinane ikkje kjende att Jesus, ved at dei «var som synkvervde» (Luk 24: 16) eller at utsjånaden hans var forandra (Mark 16:12). I 20:11–18 er Maria Magdalena i ein stressa situasjon av forvirrande omstende. Andre tekster vitnar om at Maria og dei andre kvinnene som kom til grava, var redde for dei jødiske makthavarane i Jerusalem. I siste setninga av det som er bevart av det opphavelige Markusevangeliet (Mark 16:8) står det at kvinnene var redde då dei rømde frå grava. Ordrett sluttar verset slik: «Dei var redde for» (*ἐφοβοῦντο γάρ*). Hans Johan Sagrusten meiner at denne brå avslutninga, og den høgst uvanlege grammatiske samanstillinga med preposisjonen *γάρ* heilt sist, viser at den originale slutten på Markusevangeliet har gått tapt. Han trur den fullstendige meininga har vore at kvinnene var redde for overprestane, dei skriftlærde og dei eldste (Sagrusten, 2014), jamfør Mark 14:43. Same forklåringa finn vi i det apokryfe Petersevangeliet, der det står: «Tidlig om søndagen tok Maria fra Magdala, en av Herrens disipler, med seg sine venninner og gikk til graven hvor han var blitt lagt. For hun hadde vært redd for jødene ettersom de brant av raseri, og hadde derfor ikke gjort ved Herrens grav det kvinner pleier å gjøre for avdøde de er glade i. Og de var redde for at jødene skulle se dem (...) Da flyktet kvinnene i

redsel.» (Thomassen, 2001, ss. 96–97). At Maria først konkluderte med at nokon hadde røva liket av Jesus frå grava (20:2), og at ho er redd, orsakar at ho ikkje kjenner han att når han plutsleg står der lys levande framfor henne medan ho græt, rimelegvis.

Viss det er for mykje å vente at Maria Magdalena burde ha kjent att Jesus i gravhagen, gjeld det endå meir for læresveinane i båten i kapittel 21. Vers 4 – 12 er ikkje ein parallell til andre skriftstader som tilseier at Simon og læresveinane var skrøpelege på noko sett fordi dei ikkje kjende att Jesus på stranda. Men vi ser ein parallell til 20:14–15 og Luk 24:13–30 i korleis Jesus ter seg, anten vi går for tiggjar-, tollar-, fiskepoliti-, kjøpar- eller fiskarkollega-hypotesen. Han spelar rolla til nokon andre, ei rolle der han tilforlateleg glir inn i situasjonen. Og han blir verande i rolla eit stykke inn i handlinga og dialogen, før han gjev seg til kjenne eller blir kjend att (vers 7, sml. Luk 24:31, Joh 20:16).

Det interessante med opningsreplikken frå mannen på stranda i vers 5 (*παιδία μή τι προσφάγιον ἔχετε*), er ordvalet *παιδία*, som tyder born, eller i samanhengen: små gutar. Det er ikkje same ordet som evangelisten nyttar 1:12 og 11:52 om «Guds born». Der har grunnteksta *τέκνα*, som tyder born, forbunde med kjærleik og ein tillitsfull relasjon mellom foreldre og borna. Når Jesus omtalar læresveinane som «Mine born» i 13:33, har grunnteksta *τεκνία*, som er diminutiv av *τέκνα*. Ordet som ligg til grunn for omsetjinga «born av Ijoset» i 12:36, er *υἱοὶ*. Det tyder søner, forbunde med etterføljarar og arvtakarar. *Παιδία* (eintal *παιδίον*) inneber å vere liten og umogen (jfr. 1 Kor 14:20), i motsetnad til vaksen. *Παιδίον* er diminutiv av *παῖς*, som også kan tyde tenar. (Sjå Mat 8:6, Mat 14:2, Luk 12:45, Luk 15:26.) *Παιδία* kan i samanhengen tolkast som eit nedlatande tiltaleord. Jesus kallar ikkje læresveinane det nokon annan stad i Det nye testamentet. Men *παιδία* / *παιδίον* er også ordet som er lagt i Jesu munn i Luk 18:16–17 der han talar om at Guds rike høyrer små born til, og i parallellskriftstaden Matt 18:1–5. På det grunnlaget bør vi ikkje konkludere med at Jesus meinte å vere nedlatande. Men læresveinane sin umiddelbare reaksjon kan tyde på at dei oppfatta han slik.

Når du står på stranda ved Kapernaum med sola imot i det ho renn over Golanhøgden i aust på hi sida av sjøen, og det er ein båt framfor deg omlag nitti meter frå land, så vil du — mest sannsynleg — sjå båten og dei om bord før dei ser deg. Du ser, meir eller mindre klårt, avhengig av kor disig det er, silhuetten av dei mot den blanke vassflata. Då kan du få eit inntrykk av om båten er tungt lasta eller ikkje, ut frå kor djupt skroget ligg i vatnet og på bølgiene båten lagar rundt seg når han driv fram. Stemninga om bord og aktiviteten til fiskarane gjev òg ein peikepinn om eventuell fangst. Like eins om fuglar interesserer seg for båten. Av teksta framgår det at mannen på stranda hadde så godt utsyn at han kunne skilje mellom høgre og venstre sida på båten (vers 6). Kan hende hadde læresveinane grunn til å tru at mannen på stranda allereie hadde sett at dei kom tomhendte frå nattfisket.

Spørsmålsstillinga i vers 5, med nektingsadverbet *μή* først, kan tolkast i same retning, for ut frå klassiske reglar (Brown, 1966A, s. 1070) indikerer det at mannen på stranda forventar eit negativt svar (Bernard, 1999, s. 696). Jamfør også 6:67, 7:47, 7:52, 9:27, 9:40, 18:17 og 18:25.

I alle desse skriftstadene i Det fjerde evangeliet opnar spørsmålet med orda *μὴ καὶ*, der *μὴ* tyder «ikkje», og *καὶ* tyder «og» eller «men». Denne spørsmålsstillinga impliserer eit forslag frå spørsmålsstillaren, der svararen samtykker om han svarar «nei», og motseier spørsmålsstillaren om han svarar «jau». Fleire døme finn vi i LXX: 1 Mos 30:15, Sal 78:20, Sak 8:6 og Tob 8:10. Ei alternativ, friare, men gyldig omsetjing kunne då vore: «Små gutar! De har ikkje fått noko fisk. Har de vel?» Såleis kan vi forstå at læresveinane, svoltne, slitne og skuffa som vi kan tru dei har vore, oppfatta spørsmålet som utidig. Det framgår av svaret deira: eit kort og tvert «Nei» (*Οὐ*), utan høfleg tiltale. Dette har også andre forfattarar poengtert: «*The absence of a reciprocal title of polite address captures the irritation in the disciples' reply.*» (Brant, 2011, s. 281) Til samanlikning finn vi at «nei» som svar er følgd av høfleg tiltaletittel andre stader i Bibelen, til dømes Joh 8:11: «Nei, Herre, ingen» (*Οὐδείς κύριε*), og Luk 16:30: «Nei, far Abraham ...» (*Οὐχί πάτερ Ἀβραάμ*).

Ordet *προσφάγιον* i vers 5 tyder ikkje fisk, opprinneleg og beint omsett, men 'noko godt eller næringsrikt å ete attåt brød'. Fråsegna kan kanskje dermed oppfattast som endå meir nedlatande, noko i retning av: «Jasså, små gutar! Det er så dårleg stilt med dykk at de må ete berre brød, utan noko attåt?» Dette er kanskje å dra det litt langt. Det er også usikkert, i og med at meiningsinnhaldet i ordet *προσφάγιον* gjennom daglegdags bruk kan ha forskyvd seg frå det opprinneleg 'noko godt å ete til brød' til spesifikt å tyde 'fisk' (Milligan & Moulton, 1949, s. 551).

I mildare retning har somme meint at spørsmålsstillinga, med nektingsadverbet *μὴ* først, berre uttrykker eit snev av tvil (Brown, 1966A, s. 1070), og at det implisitt i det låg eit tilbod om å kjøpe, viss dei hadde fått fisk. Ei omsetjing som uttrykker ein slik meir respektfull tone, kan då vere: «De har vel ikkje tilfeldigvis fått noko fisk?» Raymond E. Brown (ibid.) meiner ei slik tolking er plausibel.

Eg heller likevel mot at læresveinane oppfatta fråsegna som utidig på eit vis, i og med at dei svarar heilt kort, med eit einstavingsord, og utan høfleg tiltale. Passiaren kan då oppsummerast slik: Det står ein mann på stranda og ropar til læresveinane. Dei oppfattar spørsmålet hans som nedlatande, blir iltre og svarar avvisande. Så langt er alt konsistent og logisk. Men korleis heng det då saman at læresveinane straks etter lyder denne «framande frekke fyren» utan å nøle når han bed dei kaste nota på høgre side av båten?

3.4 '«Kast nota på høgre sida av båten, så skal de få.»' (21:6)

I det eg set allegoriske og symbolske tolkingsmåtar på vent og les teksta bokstaveleg, handlar forteljinga om fiske. Frå ein fiskarståstad treng vi ikkje sjå fiskefangsten i 21:6 som noko underleg, i motsetnad til slik det blir utlagd i mykje av forskingslitteraturen (sml. punkt 1, s. 3). Det er nemleg ikkje overraskande at læresveinane fann fiskestimen på den andre sida av båten, seier professor i religion ved Wartburg College i Waverly, Iowa, Frederick Strickert (2011). Ifølgje han er «store fiskar» i vers 11 ein referanse til fiskeslaget *Tilapia Galilea*. I vintermånadene samlar denne tropiske fisken seg i stimar og trekker mot det varmare vatnet frå varmekjeldene

i den nordlege delen av sjøen. Ved foten av Eremos-høgdedraget, 2½ km sør for Kapernaum, er det varmekjelder. Herfrå renn varmt vatn inn i Galileasjøen ved Tabgha. Namnet Tabgha er kortform av det greske namnet Heptapegon, som tyder «Sju kjelder» (Strickert, 2011). Det varme vatnet aukar algeproduksjonen i denne delen av sjøen, noko som tiltrekker meir fisk. Denne tiltrekkinga er dødeleg for fisken, fordi det gjev fiskarar moglegheit til å fange han i rikelege mengder (McNamer, 2016, s. 41). I fleire tusen år har fiskarar i Galileasjøen kjent til og visst å utnytte dette (Hayes, 2007). At læresveinane skulle råke på ein stim av store fiskar akkurat i dette området, var med andre ord nærare ein trivialitet enn eit mirakel, viss vi skal halde oss til Strickert og McNamer. Kanskje var det nett det dei jakta på.




Ei av dei varme kjeldene ved Tabgha (Foto: Ferrel Jenkins^x, 10. desember 2009)

Det at ikkje læresveinane fekk auge på fisken sjølv, er også forståeleg. Den karakteristiske kamouflasjedrakta for fisk som sym fritt i vatnet, med mørk rygg og blank underside, fungerer godt mot predatorar som befinn seg nær fisken. Ovanfra, frå lufta, er fisken vanskeleg å sjå mot det mørke vassdjupet. Nedanfrå, under vatn, går han i eitt med den blanke vassflata. Men sjan-

sen for at ein observatør lenger unna får auge på fisken, er større. Det har med refleksjon og lysbryting i overgangen mellom luft og vatn å gjere, som forsøkt vist på figuren nedanfor.

For den som ikkje er båt- og fiskevand, kan følgjande parallell frå dagleglivet vere klårgjerande: Når du står ved oppvaskkummen på kjøkkenet, så er det ikkje sikkert at du oppdagar vassdammen på golvet rett under deg, før du eventuelt tråkkar i han. Men når du går litt unna, ser du han klårt. Dette er, i ei mindre avansert form, det same optiske fenomenet.



Refleksjon og lysbryting i grenseflata mellom luft og vatn. Ein observatør i båt nær fisken ser refleksjonen av sollyset frå vassflata, medan ein observatør på land ser fisken.

(Kjelde: the Physics Classroom - Physics Interactives¹², 2020)

Såleis kan ein fiskestim som er uråd å sjå nær ved, vere lett å få auge på frå avstand. Dette har menneske utnytta opp gjennom historia. Speidarar på land har peikt ut fiskestimar for fiskarar i båt. Det er dokumentert at prinsippet blei brukt til havfiske i Romarriket i oldtida. *Madrage* (eller *tratai*) var ein metode som tradisjonelt har vore nytta i Middelhavet for å fange tunfisk, der ein speidar på ein utkikkspost varsla fiskebåtar når ein stim av tunfisk var på veg, slik at dei kunne jage stimen inn i feller av nett langs kysten (Wilson, 2006, s. 299). Inskripsjonar frå det første eller andre hundreåret e.Kr. funne ved den romerske byen Parion ved Dardanellene-sundet i det noverande Tyrkia fortel om fiskarar som hadde leigekontrakt for bruk av viktige utkikkstårn for tunfisk (Adolf, 2009, s. 53). På strategiske stader ved Middelhavet fanst det i antikken utkikkstårn for fiskestimar (Vargas & Florido, 2007).

¹² <https://www.physicsclassroom.com/Physics-Interactives/Refraction-and-Lenses/Refraction/>

Overført til Joh 21 kan det som skjer i vers 6, forklårast slik, ut frå eit fiskarperspektiv: Læresveinane oppfattar at mannen på stranda har sett ein fiskestim i ferd med å passere på høgre side av båten¹³. Dei reagerer umiddelbart på denne opplysninga og kastar nota. Fangsten er stor, på grensa til for stor for ei kastenot (vers 6). Det står ikkje spesifikt i kapittel 21 at reiskapen dei fanga fisken med, var ei kastenot. Ordet som er nytta (vers 6, 8 og 11), er *δίκτυον*, som kan referere både til garn og forskjellige typar nøter. *Δίκτυον* er ein generell term. I NT er ordet nytta i tydinga fiskereiskap. I LXX er det også nytta om garn til å fange fugl med (Ordt 1:17), eller om snare som fangstreiskap, også metaforisk (sjå Job 18:8, Esek 12:13, Esek 17:20, Esek 32:3 og Hos 7:12), og om flettverk (1 Kong 7:17 / 1 Kong 7:41 / 2 Krøn 4:12–13). Av Matt 4:18–20 går det fram at *δίκτυον* refererer til kastenot. For i vers 18 står det eksplisitt at brørne Simon og Andreas kasta (*βάλλοντας*) med kastenot (*ἀμφιβληστρον*). Så, i vers 20, når det er referert til nøtene, har grunnteksta *τὰ δίκτυα*. Men i Luk 5:2–11, der same formuleringa (*τὰ δίκτυα*) er nytta, kan det ikkje referere til kastenøter. Det går fram av skildringa av korleis dei handterte nøtene, med å senke (*χαλάω*) dei ned i vatnet (Luk 5:4–5) i staden for å kaste (*βάλλω*). At dei måtte samarbeide to båtlag for å berge fangsten (Luk 5:7), viser at det var ein større type garn eller not dei nytta. Det at dei hadde fiska om natta (Luk 5:5) og held på å skylje nøtene eller garna om morgonen (Luk 5:2), harmonerer med at det var trollgarn dei hadde fiska med. Men det kan også ha vore ei dragnot (sjå punkt 3.4.1). I Hab 1:16 er dragnot (*σαγήνη*) og kastenot (*ἀμφιβλήστρον*) nemnde ved sida av kvarandre.



Ei kastenot må slyngast så ho roterer horisontalt i lufta. Då vil sentrifugalkreftene gjere at lodda rundt kanten strekker ut nota som ein fallskjerm før ho landar. (Biletkjelde: The Wiki Bible Project^{XI})

¹³ Same forklåring er foreslått av John Henry Bernard (1999, s. 696).

Sjølvsagt kan læresveinane ha fiska med ulike slags reiskapar den natta, til dømes snøre og krok (jfr. Matt 17:27) og trollgarn, men av skildringa i vers 6–11 går det fram at det der dreier seg om ei kastenot.

I vers 6 står det at dei kasta nota, og at dei deretter forsøkte å dra henne opp i båten, full av fisk. Simon var naken: ἦν γὰρ γυμνός (vers 7). Det harmonerer med at fiskarar ofte måtte dykke for å berge nota og fangsten når dei fiska med kastenot (McNamer, 2016, s. 42). Dei var saman i éin båt. Vers 11 fortel at fisken var inni nota: μεστὸν ἰχθύων (sml 19:29 og Esek 37:1). Forfatteren peikar på det uventa i at nota ikkje rivnar når Simon sleper ho inn på land. Alt dette talar for at reiskapen var ei kastenot. Mot dette er Tony Benson (2003) nær ved å konkludere med at fiskereiskapen var eit trollgarn, sjølv om han innser at det er detaljar i forteljinga som ikkje godt stemmer med det. Men han gjer det til eit hovudpoeng at Simon drog reiskapen inn på land, slik dei gjorde med trollgarn (Benson, 2003, s. 31). Men viss Benson sitt poeng skal vere eit indisium på at fangstreiskapen var eit trollgarn, føreset det at Simon si handling i vers 11 var normal og fornuftig. Under punkt 3.12.3 argumenterer eg for at handlinga nettopp ikkje var det.



Fiske med kastenot ved Tabgha (Foto: Ferrel Jenkins, © 2014. Kjelde: Ferrell's Travel Blog^{XII})

Så langt er det ikkje noko i teksta si framstilling eller etablert kunnskap som tilseier at fiskefangsten i kapittel 21 var eit under — i motsetnad til dei sju teikna i kapitla før som Det fjerde evangeliet skildrar at Jesus gjorde. Dei sju teikna (σημεῖα) i Det fjerde evangeliet er rekna for å vere: Då Jesus gjorde vatn til vin (2:1–11), då han lækte guten til den kongelegge embetsmannen i Kapernaum (4:46–54), då han lækte den lamme mannen ved Betesda-dammen (5:1–15), då han metta fem tusen i øydemarka (6:5–14), då han gjekk på vatnet (6:16–24), då han gav syn

til mannen som hadde vore blind sidan fødselen (9:1–7), og då han vekte Lasarus til live frå døden (11:1–45) (Collins, 1990, s. 189). For alle desse, så nær som 6:16–24, gjeld det at dei er direkte referert til i teksta som teikn (*σημείον*), anten direkte av forteljaren (2:11, 4:54, 6:14 og 12:18) eller av personane i teksta (9:16), eller indirekte: I 7:21 står det at folket undrar seg over gjerninga. Forteljarmåten i 6:16–24 og skildringa av læresveinane sin reaksjon vitnar om at forfattaren har meint å framstille også dette som ei underforteljing.



*Tilapia (Biletkjelde: Peter James.
Fishing Lake Galilee. 13. september 2018, YouTube^{XIII})*

Når lærde som Bradford B. Blaine (2007), Cornelis Bennema (2014, s. 119), Rudolf Bultmann (2014, ss. 704–708) og Raymond Brown (1966A, s. 1081) likevel karakteriserer episoden som «the miraculous catch of fish», kan det vere fordi dei relaterer forteljinga til Luk 5:1–11. Ei samanlikning av dei to tekstene er difor på sin plass.

3.4.1 Ekstraordinær mirakelfangst i Luk 5 vs. ordinær fiskelukke i Joh 21

Joh 21:1–14 og Luk 5:1–11 har fleire likskapar. Raymond E. Brown listar opp ti punkt der han meiner forteljingane er samanfallande (1966A, s. 1090). Dei ti punkta er:

1. Læresveinane har fiska heile natta utan å ha fått noko.
2. Jesus bed dei om å freiste ein gong til med nota/nøtene/garna.

3. Dette resulterer i ein ekstraordinært stor fangst.
4. Fiskefangsten sin verknad på nota/nøtene/garna er nemnd.
5. Peter reagerer på fangsten.
6. Jesus blir kalla Herre (*κύριε/κύριός*).
7. Dei andre fiskarane er delaktige i fangsten, men seier ingen ting.
8. Temaet om å følgje Jesus blir brakt på banen til slutt i forteljinga.
9. Fiskefangsten symboliserer vellukka kristen misjonsverksemd.
10. Same orda er nytta for å gå om bord, gå i land, not/garn etc., og Simon Peter er nemnd med begge namn i det han reagerer på fangsten.

Likskapane mellom dei to forteljingane har fått forskarar til å meine at dei er variantar av den same overleveringa. Brown skriv vidare:


The similarities listed above make it reasonable to conclude that independently Luke and John have preserved variant forms of the same miracle story—we say independently because there are many differences of vocabulary and detalj. (That the event happened twice is not a serious possibility, *pace* Plummer, Lagrange, and others; for, if one would accept the historical view behind such a harmonization, one would still have to explain how in John xxi Peter could go through the same situation and much of the same dialogue a second time without recognizing Jesus!)

(*ibid.*, ss. 1090–1091).

Dette er ein interessant forskardiskusjon. Men før eg kommenterer han nærare, lat oss lese også Luk 5:1–11 bokstaveleg, som ei forteljing om fiske.


I Luk 5:2 har fiskarane gått i land etter nattas strev og er i ferd med å reingjere nøtene. Ordet som i Bibelselskapet sine norske bibelomsetjingar er omsett med «nøter» eller «garn» (vers 2, 4, 5 og 6), er den generelle termen *δίκτυα*, fleirtalsforma av *δίκτυον*, altså same ordet som er nytta i Joh 21. Men medan det går fram av Joh 21:6–11 at reiskapen er ei kastenot, fortel Luk 5:1–11 om ei anna type not eller garn. Jesus bed dei *senke ned* nøtene eller garna (*χαλάσατε τὰ δίκτυα*) i vers 4. Verbet *χάλαω* er det same som er nytta om då dei fire mennene firt ned den lamme mannen til Jesus gjennom taket (Mark 2:4), om då Paulus blei firt ned etter bymuren i Damaskus i ei korg (Apg 9:25 / 2 Kor 11:33), om då dei lét ned ankeret under stormen på Paulus si ferd til Roma (Apg 27:17), og om desertørane som låra skipsbåten og rømde frå skipet (Apg 27:30). Ei kastenot vil ikkje opne seg, og dermed ikkje fange fisk, om ho blir senka ned. Ho må kastast. Vidare går det fram at dei nytta to båtar (vers 7) og var eit større lag av fiskarar (vers 9). Dei fekk så mykje fisk at det fylte dei to båtane så det var nære på dei sokk (vers 7). Her er det skildra eit fiske med større garn eller nøter.

På norsk skil vi mellom not og garn. Eit garn har så store masker at fisk av ein viss storleik set seg fast i sjølve garnet. Ei not er finmaska og fungerer som eit stengsel for fisken, som fisken korkje set seg fast i eller kan symje gjennom. Det engelske ordet «net» kan referere til både not og garn. Mendel Nun meiner å ha funne tilbake til at dei på Jesu tid nytta tre hovudtypar av garn eller nøter til fiske i Galileasjøen: Forutan den mindre kastenota (jfr. Matt 4:18 / Mark 1:16), var det dragnot og trollgarn (Nun, 1993, ss. 51–55).



Trollgarn (Biletkjelde: *The BAS Library*^{XIV}, november/desember 1993)

I Luk 5:6 står det at dei stengde (*συνέκλεισαν*) ei stor mengde fisk (*πλήθος ἰχθύων πολύ*). Det kan støtte opp under at forteljinga handlar om fiske med dragnot, likesom i Matt 13:47–48. Men dragnøter eigna seg ikkje for den steinete botnen i området ved Tabgha, som Nun meiner er den sannsynlege lokasjonen for forteljinga (Bivin, 1992). I staden føreslår Nun at reiskapen/reiskapane i Luk 5:1–11 var trollgarn, mellom anna fordi «*the process of washing a net in the morning is specific to the trammel net*» (Nun, 1989c, s. 32). Eit trollgarn floka seg lett og måtte reinsast, reparerast og tørkast kvar morgon så det ikkje røtna (ibid.). I tillegg var reinsinga av garna (jfr. Luk 5:2) viktig for jødar av ein religiøs grunn, fordi fisk av alle slag og storleikar sette seg fast i eit trollgarn, også fisk som etter Moselova var urein (3 Mos 11:10–11 / 5 Mos 14:9). Det var typisk om natta (jfr. Luk 5:4) at dei fiska med trollgarn. Garnet er lett å sjå for fisken om dagen, og då går han ikkje i det. Trollgarn høver dessutan betre med fleirtalsforma *δίκτυα* hjå Lukas.



Dragnot (Biletkjelde: Phil Crossman, i Jerusalem Perspective^{XV}, november 1989)

Vi treng ikkje konkludere her om det i Luk 5:1–11 dreier seg om trollgarn eller dragnot. I alle fall var det ikkje kastenot dei fiska med, men mykje større reiskap(ar) og ein annan, meir arbeids- og mannskapskrevjande framgangsmåte. Det er den største skilnaden mellom dei to fiskefangstforteljningane.

Men det er også fleire skilnader. I Joh 21:4 er dei framleis i båten, og det er i overgangen frå natt til tidleg morgon (*πρωΐας δὲ ἤδη γενομένης*) når dei hiv nota uti ein siste gong. Av Luk 5:1–4 går det fram at dagen er godt i gang. Fiskarane har gått i land. Vers 4 impliserer at dei (for lengst) har avslutta arbeidet når Jesus bed dei legge ut på sjøen med garna/nøtene på nytt.

Å rope til fiskarar som allereie er i båt at dei skal kaste ein ekstra gong med kastenot (Joh 21:6), er å be om lite. Det er fort gjort. Men å be eit båtlag med to båtar rigge til på ny for fiske med dragnot eller trollgarn etter at dei har gått i land (og reinsa og lagt garna til tork), er å be om mykje. Det tek minst ein time (Nun, 1989b). Vidare: I Joh 21:6 har fiskarane grunn til å tru at det mannen på stranda oppfordrar dei til å gjere, kan lukkast. Det motsette er tilfelle i Luk 5:4. Det er fiskemetoden og typen fiskereiskap som er brukt, kombinert med tidspunktet (og — i fall det er snakk om ei dragnot i Luk 5:1–11 — staden og måten Jesus bed læresveinane bruke nota på), som gjer dei to fiskehistoriene avgjerande forskjellige. I Joh 21:6 bed Jesus dei bruke kastenota slik kastenøter skal brukast, på ein stad og eit tidspunkt og i ein situasjon der sjansen for å få fisk er god. I Luk 5:4 bed han Simon om noko som røynde fiskarar veit er vanskeleg eller fåfengd. Det uttrykker også Simon Peter i svaret sitt i vers 5. Dei hadde fiska heile natta utan resultat. Då, viss det var trollgarn dei fiska med, var det liten grunn til å tru at dei ville få noko i fullt dagslys. Å fange fisk med ei dragnot, viss det var ei dragnot, på djupt vatn (Luk 5:4), er endå vanskelegare. Loddkanten av nota må rekke ned til botnen for at dei skal kunne stenge inne fisk med ho. Det er slik dragnøter fungerer (jfr. Matt 13:47–48). Ute på djupet vil fisken rømme bort under nota. Mendel Nun (f. 1918, d. 2010) skriv, i det han refererer til eiga

røynsle med dragnotfiske i Galileasjøen som ung fiskar, at det viktige var at botnkanten av nota, med søkkelodda, gjekk heilt ned til sjøbotnen medan fiskarane drog inn nota. Fisken rømmer ikkje over nota, sjølv ikkje når øvre kanten er godt under vassflata. Den sym nedover mot botnen i det han forsøker å sleppe frå (Nun, 1989b).

Mengda fisk (*πλήθος ἰχθύων πολὺ*) som Simon og fiskarlaget hans får i Luk 5:6–7 er også monnaleg større enn i Joh 21:11.

Atter ein interessant skilnad er at Simon i Joh 21:6 følgjer rådet frå mannen på stranda straks og utan innvendingar, endå han ikkje har oppfatta at mannen på stranda er Jesus, medan han i Luk 5:5 først uttrykker skepsis og motseier meisteren. Begge delar kan forklårast med at Simon hadde greie på fiske.

Simon Peter og dei andre fiskarane sin reaksjon i Luk 5:8–10 er skildra som at dei var fulle av undring over all fisken dei hadde fått. Tilsvarande er ikkje skildra i Joh 21. Der gjev ikkje teksta i seg sjølv grunnlag for å hevde at læresveinane oppfatta fiskefangsten som eit mirakel — med eit mogleg unnatak av den læresveinen Jesus hadde kjær. (Sjå neste punkt.)

Vi ser no at dei to forteljningane skil seg frå kvarandre — eg torer seie: like mykje som to reiser langs same vegstrekket med buss eller sykkel. Det svekker forskarhypotesen om at dei er variantar av same overlevering. For no er det ikkje lenger eit problem, jamfør Brown (1966A, s. 1091), å forklåre korleis Simon Peter i Joh 21 kunne gå gjennom den same situasjonen og mykje av den same dialogen endå ein gong utan å kjenne att Jesus. Korkje situasjonen eller dialogen var den same.

3.5 ‘«Det er Herren.»’ (21:7)

Den læresveinen Jesus hadde kjær, var han som først oppfatta at mannen på stranda var Jesus. Ei vanleg tolking er at han innsåg dette då han såg at Jesus hadde utført eit mirakel ved å la dei få så mykje fisk (Farely, 2010, s. 87). Den grammatiske strukturen i grunnteksta støttar opp om det: Konjunksjonen *οὖν* i vers 7a (*λέγει οὖν ὁ μαθητῆς ἐκεῖνος ὃν ἠγάπα ὁ Ἰησοῦς*) fortel at det er opplevinga av fiskefangsten som får læresveinen til å reagere og seie til Simon Peter at det er Herren (*κύριός ἐστιν*). *Οὖν* indikerer at noko følgjer som ein konsekvens av noko anna. Det kan omsetjast med ‘då’, men ord som ‘difor’ og ‘følgjeleg’ fangar gjerne meininga betre på norsk. I Bibelselskapet sine nyare omsetjingar (1975), (2011) er ordet utelate frå vers 7a.

Men då er det kanskje likevel ikkje slik som eg har argumentert for over, at læresveinane ikkje hadde grunn til å oppfatte fangsten som mirakuløs, berre heldig? Ei løysing kan vere at den læresveinen Jesus hadde kjær, var den einaste eller ein av dei få i båten som ikkje var fiskar. Viss han var ein Jerusalem-læresvein, slik Bauckham (2007) med fleire har argumentert for, er det ein rimeleg tese. Dersom han, som eg har føreslått, også var svært ung og hadde tilknytning til prestskapet eller tempeltenesta i Jerusalem, kan vi rekne med at han hadde lita eller inga røynsle med fiskarlivet på Galileasjøen. Av fåkunne kan han ha trudd at det var mirakuløst, det

at dei var heldige og kasta nota rett i ein stim av store fiskar, sjølv om Simon og dei andre ikkje oppfatta det slik. Eg kan sjå føre meg at denne læresveinen i situasjonen hadde som oppgåve å sitte stille i båten, balansere lasta, eventuelt halde i ei åre eller to, og ikkje vere i veggen for dei andre som styrte båten og handterte nota. Dermed hadde han høve til å sjå inn mot land. Han kan då ha kjent att Jesus ved at han såg inn mot stranda, kombinert med at han oppfatta fiskefangsten som eit mirakel. Sjølv om vi går ut frå at våre ‘første lesarar’ av evangelieskriftet var vel kjende med korleis båtfiske i Galileasjøen gjekk føre seg i det første hundreåret (sjå punkt 2.5), treng vi ikkje legge til grunn at forfattaren, her jamført med *evangelisten*, identifisert som den læresveinen Jesus hadde kjær (sjå punkta 2.4.3 og 2.4.4), var like godt informert. Ein forfattar må ikkje nødvendigvis ha forstått alt han skriv. Andre kan gripe noko i teksta som forfattaren er blind for innanfor sin forståingshorisont. Dette gjeld særleg for røyndomstekster. At forfattaren ikkje er nokon absolutt autoritet over teksta, men éin tolkar blant fleire, er eit prinsipp innan moderne hermeneutikk (Svendsen & Säätelä, 2007, s. 94). Jamfør H. G. Gadamer (2010) handlar teksttolking difor om teksta si sak (tysk: *Sache*), ikkje forfattaren sine tankar.¹⁴

Simon, som leia fiskeekspedisjonen, var på si side oppteken med å fiske, jamfør at han hadde teke av seg kappa (sjå punkt 3.7), og var rimelegvis fullt fokusert på det. Difor kikka han ikkje inn mot stranda. Den mentale tilstanden du går inn når du fiskar, frå den augneblinken du er i ferd med å få fisk, kallast *flyt* (eng. *flow*), etter den amerikansk-ungarske psykologen Mihaly Csikszentmihalyi (f. 1934). Når du er i flyt, er alle sansar og heile du skjerpa om det du held på med — for Simon Peter sin del: å berge inn fangsten. Hjernen filtrerer bort sanseintrykk som ikkje er viktige for oppgåva, og du misser omgrep om tid og stad. For du treng å nytte heile din mentale kapasitet og ferdigheitene dine fullt ut for å greie det som er viktig for deg. Då går du i eitt med aktiviteten og gløymer både deg sjølv, fortid og framtid, i det du kjenner at du lever

¹⁴ Eit godt døme som illustrerer dette, er sjølvopplevd: Som 9-åring skreiv eg dagbok ein periode. I vaksen alder kom eg over dagboka, og las noko der som eg reint hadde gløymt, og som eg mora meg over då eg las det, men som også forundra meg. Dømet viser — på ein fortreffeleg måte, meiner jeg — at ei tekst si forståingshorisont kan vere større enn forfattaren sin forståingshorisont, fordi ein annan fortolkar (eg som vaksen) kjem betre til rette med teksta si sak enn forfattaren sjølv (meg som 9-åring). Grunnen til at eg kan slå dette fast, er at eg i dette spesielle tilfellet, gjennom mi eiga erindring, har direkte tilgang til tankane og sinnet til forfattaren. I dagboknotatet fortel eg med uforstyrra sjølvtilitt at eg «fann opp» ein ny type drikk om ettermiddagen etter at eg kom heim frå skulen den aktuelle dagen. Eg hadde blanda litt av kvart som eg fann på kjøkkenet, og så hadde eg køyrd det i mix-masteren. Et venepar av foreldra mine, Kaia og Knut, var innom på besøk. I dagboka fortel eg at eg baud dei på drikken min. Dei spurde kva det var i han. Eg fortalde. Då sa dei at dei heller syntest eg skulle kose meg med han sjølv. No, då eg som vaksen las dette, hugsa eg at eg den gongen tenkte at det var hyggeleg sagt, og at eg hadde vore kry over å ha funne opp drikken. At eg var kry, framgår av dagboknotatet. For sist står heile oppskrifta. Etter kvart som eg no las meg nedover lista over ymse ingrediensar, slo det meg at dette umogleg kunne smake godt. Brått fekk eg ei heilt anna oppfatning av kva Kaia og Knut egentlig hadde sagt og meint. Som 9-åring forstod eg ikkje dei vaksne sin ironi. Men det gjorde eg no. Dette dømet syner at eg (i vaksen alder) fortolkar og forstår ein tekst betre enn forfattaren sjølv (eg som 9-åring). Det er fordi eg som lesar har ein annan og vidare forståingshorisont enn forfattaren.

i augneblinken. Du er motivert og tilfreds, for det handlar om meistring (Pink, 2009). Etterpå kan det vere du ikkje hugsar kva du har gjort (Harris, 2019). Folk som er vande med å fiske, både yrkesfiskarar og sportsfiskarar, idrettsutøvarar og andre som gjer noko som er viktig for dei som krev konsentrasjon, har kjent på denne denne sinnstilstanden. Tilstanden er vanskeleg å bryte ut av medan han står på. Då var det ikkje venteleg at yrkesfiskaren Simon, i ferd med å sikre ein storfangst, skulle sjå eller forstå kven som hadde stilt seg opp der på stranda i skyminga, ei fotballbanelengde frå båten. Slik kan det ha vore. Viss det var slik, tek Raymond E. Brown feil når han trekker passasjen fram som eit døme på at Simon Peter i teksta blir kontrastert med den læresveinen Jesus hadde kjær, og kjem dårlegare ut (Brown, 1979, s. 83).

Dette til side står vi att med eit interessant moment i vers 7, nemleg at at den læresveinen Jesus hadde kjær, i staden for å handle sjølv, vender seg til Simon, og berre Simon, med innsikta si. Medan dei andre læresveinane er opptekne med fisken i nota, bryt Simon av. Han reagerer umiddelbart på det han høyrer. Formuleringa som står føre verbet *ἀκούσας* («høyrde»): *Σίμων οὖν Πέτρος* (ordrett «Simon då Peter»), er den same som er nytta i 18:10 om då Simon drog sverdet og overfall Malkus, tenaren til øvstepresten (*Σίμων οὖν Πέτρος ἔχων μάχαιραν εἴλκυσεν αὐτήν*). Ordsamanstillinga finst ikkje nokon andre stader i Det fjerde evangeliet eller Bibelen for øvrig.

3.6 ‘Då Simon Peter høyrde at det var Herren ...’ (21:7)

Viss vi held episodane med den tomme grava (20:4—10) og fiskefangsten (21:1—14) saman, legg vi merke til to ting:

[I] Den læresveinen Jesus hadde kjær, trudde då han såg (20:8): *εἶδεν καὶ ἐπίστευσεν*. I forteljninga om den tomme grava (20:1–9) legg eg til grunn at det implisitt i vers 6 – 7 står at Simon Peter inne frå grava rapporterer med ord det han ser, til læresveinen som står utanfor. Når vi går ut frå at forteljarperspektivet er frå synsvinkelen til den læresveinen Jesus hadde kjær (jfr. 21:24), er dette ei rimeleg tolking. Men Simon Peter sine ord var ikkje nok for læresveinen. Han måtte gå inn i grava og sjå sjølv før han trudde (20:8). Ordet som er nytta for å tru i 20:8 er *πιστεύω*. Det tyder ‘å halde for å vere sant’, ‘bli overtydd’, ‘ha tillit til’, ‘vere trufast’ eller ‘tru’.

[II] For Simon Peter var det nok å høyre (21:7): *Σίμων οὖν Πέτρος ἀκούσας ὅτι ὁ κύριός ἐστιν*, før han kledde på seg kappa: *τὸν ἐπενδύτην διεζώσατο*, og kasta seg i sjøen: *καὶ ἔβαλεν ἑαυτὸν εἰς τὴν θάλασσαν*.

Når vi samanliknar slik, så kjem Simon best ut av dei to, som trusførebilete (jfr. 20:29). Simon sin første tanke er ikkje: «Eg må sjå etter sjølv, om det verkeleg er Jesus som står der på stranda, før eg vil tru det.» Kontrasten til Tomas i 20:29 er slående: Simon trur utan å sjå, og han nøler ikkje. Han tenkjer at han snarast mogleg vil inn til Jesus, men at han må ha kappa si først. Straks han har fått på seg den, gjev han slepp på alt han står i, og kastar seg i sjøen.

3.7 ‘... fordi han var naken’ (21:7)

Ordrett omsett frå grunnteksta står det i vers 7 at Simon Peter batt kapp om seg (τὸν ἐπενδύτην διεζώσατο) fordi han var naken (ἦν γὰρ γυμνός). I nyare tid har oppfatninga likevel vore at han ikkje var aldeles naken. Raymond E. Brown (1966A, s. 1072) viser til at jødane fann nakenheit støytande, og at det ikkje passar inn i biletet av at Simon fiska i den kalde natta, at han skal ha vore heilt utan klede. Bibelselskapet sine nyare norske omsetjingar er i tråd med dette, for der står det slett ikkje at han var naken, berre at han hadde teke av seg kapp. Sjå til dømes ungdomsomsetjinga frå 1975 (Bibelselskapet, 1975). Men då blir det ikkje enkelt å forstå Simon sitt motiv for å ta på seg kapp før han kasta seg i vatnet. Ἐπενδύτης er nytta i LXX i 2 Sam 13:18 i tydinga sid kjole med lange ermar. Det er truleg at same ordet i Joh 21:7 viser til ei ytterkappe som fiskarar brukte, ein type fiskarfrakk, av tilsvarande storleik. Eit slikt stort og sidt plagg hemmar rørsle og aukar motstanden i vatnet betrakteleg, så det blir tyngre å symje. Brown påpeikar også dette (1966A, s. 1072). Løysinga som han går inn for, er at γυμνός skal bety ‘naken under kapp’, og at διεζώσατο skal bety at Simon bylta saman kapp og batt bylten til seg med beltet. Så kasta han seg naken i vatnet, med bylten og beltet rundt livet, og sumde. Slik får vi eit meir logisk bilete, meiner Brown. Likevel innrømmer han at løysinga ikkje er heilt god: «... but then one is still faced with the absurdity of adding clothes before swimming» (ibid.). Mot dette meiner eg at bitane fell på plass — like elegant som banalt — om vi les grunnteksta bokstaveleg her. Då kan vi forklåre at Simon var naken som ein del av arbeidet: Han hadde kledd av seg for å vere klar til å hive seg i vatnet om naudsynt. Fiske med kastenot føregjekk nemleg på den måten at ein mann kasta ut nota så ho landa utspent på vatnet. I det nota sokk mot botnen, sytte søkkelodda rundt kanten for at ho omslutta eventuell fisk som ikkje raskt nok rakk å rømme bort under nota. På grunt vatn (jfr. Matt 4:18–20 / Mark 1:16–18) blir fisken stengd inne når søkkelodda med notkanten legg seg på botnen. Men når dei fiska med kastenot frå båt, på djupare vatn, hadde dei bruk for å vere meir snarrådige. Rett som det var, måtte dei hoppe i sjøen og ta fisken med nevane, eller dykke ned, samle saman lodda og lyfte nota opp i båten (Burge, Cohick, & Green, 2009, s. 186). Difor fiska dei ofte nakne, skriv Elisabeth McNamer (2016, s. 42).

Edwin Wilbur Rice (1831–1929) attfortel ei historie om det same, frå den engelske ornitologen og presten Henry Baker Tristram (1822 – 1906), som dokumenterer at fenomenet å arbeide naken var ein triviell realitet blant kastenotfiskarar i Galileasjøen på 1800-talet:

Dr. Tristram tells of an experience on the Sea of Galilee, near Bethsaida. He inquired of a miller if he had any fish. The miller said yes, and ran toward some rushes, which was really the hut of the fisherman, whose net was spread on the shore to dry. Out of the rushes emerged a man stark naked, who began to prepare his net for a cast. Having folded it neatly, he swam in with it a little way, cast it, and returned by a semicircle across to the shore,

when he gently drew it in with a few fishes enclosed. Fishermen with a cast-net at the present day work stark naked, with the exception of a thick woolen skull cap.

(Rice, 1910, s. 186).

Tradisjonelt har fiskarar i Galileasjøen ikkje hatt nokon blygsel for å arbeide nakne, stadfestar Rice. Men dersom framande eller ein som ikkje tilhørde deira arbeidslag dukka opp på stranda, tok dei på seg fiskarfrakken (ibid.).

Viss vi tenkjer oss at Simon kledde av seg før dei kasta nota i vers 6, treng vi ikkje føresette at han hadde sete naken i båten og frose heile natta. Dermed er det udramatisk, på begge måtane som Raymond E. Brown innvender, at han var naken. Simon sitt motiv for å ta på seg kappa er då at han av vørndnad vil vere påkledd når han møter Jesus — heilt i tråd med normene i det jødiske samfunnet, jamfør Brown (1966A, s. 1072).


Omsetjinga «kappa» (Bibelselskapet, 2011), (Bibelselskapet, 1975) fortener ein kommentar. Substantivet *ἐπενδύτης*, som er nytta i vers 7, kjem av verbet *ἐπενδύομαι*, som er sett saman av preposisjonen *ἐπί*, som tyder ‘på’ eller ‘over’, og verbet *ἐνδύω*, som tyder ‘å ty inn i’ (sml. *ἐνδυμα* i Matt 3:4 og Matt 22:11–12). Det kunne vore omsett med «overklede» eller «ytterfrakk». Ordet finst ikkje nokon annan stad i Det nye testamentet. Andre stader i LXX og Det nye testamentet, når Bibelselskapet nyttar omgrepet ‘kappe’, har grunnteksta oftast *ἱμάτιον* (Grip, 1986). Sjå til dømes 1 Mos 9:23, 1 Mos 28:20, 1 Mos 39:12, 3 Mos 13:52, 2 Sam 20:12, Matt 5:40, Matt 24:18. Stadvis er *ἱμάτιον* omsett med ‘klesplagg’ (Luk 5:36). Fleirtalsforma *ἱμάτια* (*ἱματίοις* i dativ) er gjerne omsett med ‘klede’ (Matt 27:31, Mark 9:3, Luk 7:25), men også ‘kappe’ (Joh 13:4). Grunnteksta har også fleire andre ord for ‘klede’ eller ‘kappe’ (ibid.). Det særleine ordvalet *ἐπενδύτης* i 21:7 kan indikere at det ikkje var heilt vanleg å kle seg slik som Simon gjorde: naken inni ei slik sid frakk, utan tunika (*χιτῶν*) under. Det underbygger at Simon hadde hastverk. Han sette seg ikkje føre å kle ordentleg på seg. Han ville berre framstå presentabel for Jesus. Då var det raskast å hive seg i frakken. Så kan ein vidare, den som vil, utlegge symbolikk av det at Simon berre hadde på seg eit ytterplagg, for vørndnads skuld, men var naken under (sml. t.d. 1 Mos 3:10).

3.8 ‘Simon Peter ... kasta seg i sjøen.’ (21:7)

Kor godt sumde Simon? Ikkje alle kunne symje på den tida, men somme kunne (Apg 27:43). Ut frå at Simon var vand med å vere i vatnet og fiske med kastenot (jfr. Mark 1:16), er det grunn til å tru at han var dugande, både til å dykke og symje.

(Eit mothald kunne vore Matt 14:30. Men det blir urettvist å dømme om Simon Peter sin symjedugleik ut frå ei slik naturunderforteljing. Læresveinane er langt frå land med båten om natta. Det er bølger og kraftig vind når Jesus kjem gåande til dei. At Simon blir redd og byrjar å søkke der han står på vatnet ved sida av Jesus, bør i samanhengen ikkje forståast som at han ikkje kunne symje.)

Det er symje Simon gjer her, i overgangen frå vers 7 til 8, les vi mellom linjene. Likevel bør vil legge til grunn at det må ha vore strabasjøst for han å symje med ytterkappa på. Det er vanskeleg å døme om kor langt han måtte symje før han nådde botnen med føtene. Heile strekket, 200 romerske alner, er like langt som det er frå sekstenmeteren på ei side av ei fotballbane til motstandarmålet på den andre sida. Sei han sumde halve strekket, 45 meter, og kunne trø botnen resten. Men siste delen av strekket kan ha vore strevsamt, det òg. For viss strandbotnen likna på mesteparten av Galileasjøen sine austlege og vestlege breidder i dag, måtte han trø på algeglatte, ujamne og kanskje ustabile steinar. Det er eit stykke frå sandstrandidyllen på søndags-skulebiletet (s. 7) til dette.



Badeturist stadfestar at strandbotnen i Galileasjøen er steinete, og at steinane er glatte å trø på.

(Kjelde: TripAdvisor^{XVI}: Swimming in Galilee, 2012)


Blaine, med fleire, har merkt seg at Simon ikkje nøler (Blaine, 2007, s. 151). Eg vil styrke dette poenget med å peike på at Simon gjer seg umake med å ta på seg kappa og legge på sum. Denne umaken er fysisk, men også emosjonell: Simon risikerer å bli audmjuka, i fall han har teke feil og mannen på stranda er ein tollar eller ein kjøpar av høgare sosial og økonomisk rang, jamfør punkt 3.3. Var det disig, som det ofte er ved Galileasjøen, kunne han kan hende ikkje sjå at det var Jesus, før han hadde sumt eit stykke og var komen nærare. Simon er trygg i si tru på at det er Jesus som står der inne. I det vi ser bort frå at sjølv fiskefangsten var å oppfatte som eit mirakel, i motsetnad til Luk 5:1–11, er det heller ikkje grunnlag for å hevde at Peter trur fordi han får eit overnaturleg teikn. Men Simon, som i situasjonen ikkje trong sjå for å tru, hadde noko å lite på frå før, viss vi skal trekke vekslar på informasjon frå synoptikarane. Først hadde han Jesu løfte. I Mark 14:26–31 føresa Jesus, ikkje berre at Simon Peter skulle fornekte han, men at han sjølv, etter at han hadde stått opp, skulle gå føre læresveinane til Galilea, der dei skulle få sjå han. For det andre hadde engelen i Mark 16:7 sagt det same til kvinnene ved grava, med særleg adresse til Peter. Luk 24:34 nemner at Jesus hadde synt seg for Simon på oppstodedagen før han synt seg for nokon av dei andre mannlege læresveinane (jfr. 1 Kor 15:5). Så kan ein sjølv sagt halde dette opp mot forteljinga i Luk 5:1–11 og spekulere i om Simon i 21:6–7 opplevde eit slags déjà vu.




Skilt som åtvarar mot faren ved å bade, på grunn av ustabile steinar, St. Peters monument, Kapernaum (Foto: Walter Oberli^{XVII}, Google Street View, april 2019)

3.9 ‘Dei andre læresveinane kom med båten ...’ (21:8)

I Bibelselskapet sine bibelutgåver på bokmål har det i vers 8 sidan 1978-utgåva stått at læresveinane «kom etter» i båten. Men i grunnteksta står det berre at dei kom (*ἦλθον*). Denne presiseringa på norsk, som vi ikkje finn i grunnteksta, leier oss til å tru at læresveinane i båten følgde same ruta til land som Simon hadde sumt, altså strakaste veg inn til Jesus. Mot dette vil eg føreslå som ein moglegheit, som vist på figuren til høgre nedanfor, at læresveinane la til ved ein eigna plass for båtar eit stykke lenger borte. Så nærma dei seg Jesus og Simon derfrå, langs stranda. Eg argumenterer grundig for denne moglegheita under punkt 3.12 og frametter. Ei slik alternativ forståing gjev Simon meir tid åleine med Jesus på stranda før dei andre kjem.



Tradisjonell oppfatning: Simon sumde strake strekket inn til Jesus på land. Dei andre læresveinane kom beint etter med båten.



Alternativ forståing: Læresveinane navigerte båten til ein båtplass lenger borte og fortøyde båten der. Grøn stipla linje = Simon Peter si rute. Raud stipla linje = Dei andre læresveinane si rute.

Uansett er det rimeleg å gå ut ifrå at det tok lenger tid for dei andre læresveinane å kome inn med båten og legge til, enn det tok for Simon å symje, fordi dei måtte handtere nota med fisken (vers 8).

Det står ikkje noko om kva som utspela seg mellom Simon og Jesus før dei andre nådde inn, for historia er fortald frå perspektivet til dei i båten — heilt presis: den læresveinen Jesus hadde kjær, som forfattaren avslører i vers 24. Så kva kan vi tru at Simon gjorde på stranda saman med Jesus i minutta før dei andre læresveinane kom fram? Eit nøkkelord i det neste verset gjev ein nyttig leietråd.

3.10 ‘Då dei kom i land, fekk dei sjå ein koleld ...’ (21:9)

Ordet *ἀνθρακιά* i grunnteksta, som tyder haug med brennande kol, er nytta berre ein gong før i det same evangeliet, i 18:18, om kolelden som Peter stod og vermdde seg ved saman med tenarane og vaktmennene på gardsplassen til øvstepresten. Vi finn ikkje ordet nokon annan stad i Det nye testamentet, bortsett frå den beslekta forma *ἀνθρακας* i Rom 12:20. Parallellstaden til 18:18 i Luk 22:55 har ordet *πῦρ*, som beint omsett tyder eld (jamfør førestavinga *pyro-*, som vi kjenner att frå fleire ord på norsk). Dette er eit langt vanlegare ord enn *ἀνθρακιά*. Det førekjem i alt 74 gonger i Det nye testamentet, i forskjellige former. Litterært er bruken av ordet *ἀνθρακιά* i 21:9 (sml. 18:18) eit meisterleg grep av forfattaren. Ordet er den første markøren i teksta som viser at forfattaren er i ferd med å komplettere hovudnarrativet om Peter, i det han assosierer situasjonen på stranda med det som hende på gardsplassen til øvstepresten, då Peter fornektet Jesus (18:15–27). Bibelselskapet har i fleire av sine omsetjingar skjult dette ikonet av framifrå verkemiddelbruk i verdslitteraturen, ved at dei har omsett *ἀνθρακιά* med «koleld» i 18:18, men «glohaug» i 21:9 (Bibelselskapet, 1975), eller det altfor trivielle ordet «bål» begge stader (Bibelselskapet, 2011).







Illustrasjon som viser ei alternativ forståing av korleis læresveinane kom inn på stranda (sml. biletet på s. 7)

Der det norske i bibelomsetjingar heiter «... fekk dei sjå eit bål der» (Bibelselskapet, 2011) eller «... fekk dei sjå ein glohaug der» (Bibelselskapet, 1975), har grunnteksta formuleringa *βλέπουσιν ἀνθρακιὰν κειμένην*. Ordet *κειμένην* («liggande»), som er opphavet til «der» i norsk bibelomsetjing, er knytt til objektet (*ἀνθρακιὰν*) i setninga, ikkje til verbalet (*βλέπουσιν*). På norsk impliserer adverbet «der» at læresveinane såg ein koleld med fisk på og brød på same stad som eller nær der dei sjølve kom i land, fordi vi primært les det som eit adverbial i setninga og knyter det til verbalet. Ein slik implikasjon ligg ikkje i grunnteksta. Ordet som er nytta for å sjå (*βλέπω*), kan også tyde å oppfatte med fleire eller andre sansar enn synet. *Βλέπω* tyder primært å få auge på eller sjå, motsett av å vere blind (*τυφλός*). Men det kan også nyttast om å oppfatte sanseintrykk med andre sansar enn berre synet. Eit døme på det er Matt 14:30 der det står at Peter blei redd då han såg — midt på mørke natta — kor hardt det bles (*βλέπων δὲ τὸν ἀνεμὸν ἰσχυρὸν ἐφοβήθη*). Å lese ut frå vers 9 at læresveinane ikkje berre såg med augene, men at dei kjende lukta av brennande kol og dufta av stekt fisk og nybakt brød, er innanfor det som *βλέπουσιν* dekkjer. Altså må ikkje læresveinane nødvendigvis ha vore nær Jesus eller kolelden då dei kom i land. Det kan ha vore ein signifikant fysisk avstand mellom dei. Dette har noko å seie for korleis vi kan forstå det som utspelar seg i dei neste versa, og ikkje minst for biletet av Simon Peter.

Teksta fortel oss ikkje noko direkte om kva Simon gjorde i vers 8 og 9, etter at han kom i land. Men vi veit dette: Simon var våt. At han også var kald, kan vi lese inn i historia ved hjelp av geografiske og meteorologiske kunnskapar, ut frå opplysninga i vers 1 om at åstaden var Galileasjøen, og føresetnaden om at dette var i april eller byrjinga av mai. Klimastatistikk for Tiberias i vår tid viser at lufttemperaturen då brukar å falle frå omlag 20°C om kvelden, til rundt 15–16°C om natta. Temperaturen i vatnet ligg rundt 18°C i månadsskiftet mars – april og aukar til om lag 21°C midt i mai, i snitt (Cedar Lake Ventures, 2020). Dersom klimaet for to tusen år sidan har vore annleis, har det truleg vore kjølegare (Moberg, Sonechkin, Holmgren, Datsenko, & Karlén, 2005).


Vi kan sjølv sagt ikkje seie noko sikkert om temperaturen denne bestemte dagen. Men viss vi følgjer klimastatistikken (på neste side), kan vi legge til grunn at Simon hadde arbeidd ute i båt i ca. 15–16°C heile natta for så å symje i ca. 20°C kaldt vatn. Fiskarfrakken (*ἐπενδύτης*) som vi får tru han vanlegvis brukte å ha på seg i båten og verme seg i når han hadde dykka naken i sjøen under arbeidet, var dyvåt. Med andre ord: Simon fraus. Når vi held dette saman med opplysninga i vers 9 om at det låg ein koleld der, og minnest kva Simon gjorde førre gongen det var kaldt og han befann seg på ein stad med ein koleld (18:18), kan vi slutte at Simon var saman med Jesus og vermdde seg. Jesus syter for det Simon treng i situasjonen, og Simon tek imot. Vi veit ikkje om Simon og Jesus sa noko til kvarandre der på stranda, før dei andre læresveinane kom. Men vi kan sjå føre oss at scena med kolelden minte Simon om det som hadde hendt på gardsplassen til øvstepresten.



Klimastatistikk for Tiberias, Israel, basert på statistisk analyse av historiske værdata time for time og modellrekonstruksjonar frå 1. januar 1980 til 31. desember 2016, ifølgje weatherspark.com .

3.11 ‘«Kom hit med noko av den fisken de fekk no!» ’ (21:10)

Vi kan legge til grunn at dei andre læresveinane, då dei kom i land, fysisk var nærare Jesus enn dei var i vers 4 – 6. Opplysninga i vers 9 om at dei oppdaga kolelden først då dei kom i land, understøttar dette. Likevel kan vi ikkje slå fast at dei var nære nok til at dei hadde syn til å kjenne att Jesus. Jamfør punkt 3.3 kan avstanden og det dimme morgonlyset ha gjort at dei framleis ikkje såg han tydeleg. Dette gjeld endå meir om det var dis i lufta.



Dominerande vindretningar gjennom året, Tiberias (Kjelde: <https://weatherspark.com>)

Dis er eit kjent fenomen ved Kinneret. Ifølge den israelske turistguiden Koren Chana skuldast dei disige tilhøva nede ved Kinneret-sjøen tåke om kvelden når temperaturen fell om natta frå oktober/november, høg luftfukt når det er trykkande varmt om sommaren, eller støv frå Sahara når vinden blæs inn frå vest (Chana, 2015). Ved Tiberias er vindretninga i april og mai vestleg eller sørvestleg og nordvestleg meir enn halvparten av tida. Moglegheita for at læresveinane sitt utsyn var hindra av dis, er dermed til stades.

Viss vi går ut i frå premissen om at Jesus trer inn i ei rolle¹⁵ i vers 4 og 5, legg vi merke til at han med det han seier i vers 10, framleis agerer i rolla: Han er mannen på stranda som har hjelpt læresveinane med å fange fisk ved å gjere dei merksame på fiskestimen som sumde rett ved sida av båten, som dei ikkje kunne sjå, men som han kunne sjå frå land. Mannen på stranda krev no sin rettmessige del av fangsten, som løn for hjelpa. For lesarane, og for forfattaren når han ser attende på hendinga i det han skriv, er det opplagt at Jesus hadde ei anna og djupare meining. Men for læresveinane der og då, i forteljinga, passar imperativet frå mannen på stranda saman med deira oppfatning i vers 4 om han var ein framand. Såleis kan det forklårast at dei enno ikkje vågar spørje han kven han er, i vers 12, etter at dei er komne i land. Midt i dette finn vi den læresveinen som Jesus hadde kjær, som i vers 7 har sagt til Peter: «Det er Herren.» Eg plukkar opp att tråden om det under punkt 3.15. Læresveinane rekk ikkje å respondere på det mannen på stranda bed dei om. For no grip Simon Peter inn og tek regi.

3.12 ‘Simon Peter steig då opp og drog nota på land.’ (21:11)

Simon Peter si handling, at han dreg nota på land, er ein direkte og rask respons på det Jesus bed om i vers 10. I dette ligg fleire interessante observasjonar. Konjunksjonen *οὐν* i vers 11 (som rett nok manglar i Textus Receptus) bind Simon si handling til Jesus sitt imperativ i vers 10 og tydeleggjer ein samanhengande handlingssekvens der det Simon gjer, er eit svar på det Jesus seier.

3.12.1 Første observasjon: Simon Peter «steig opp», men kvar?

I grunnteksta står det ikkje eksplisitt at Simon Peter steig opp *i båten*. Det står heller ikkje at båten låg på stranda. Førestillinga om at læresveinane tok båten beinvegen etter Simon og drog eller rende han i land på stranda, er meir enn ein «søndagsskule»-fordom slik vi ser av biletet på s. 7 (under punkt 2.1) og figuren til venstre på s. 53 (under punkt 3.9). Raymond E. Brown refererer til «the beached boat» (1966A, s. 1074). Brown viser til at Rudolf Bultman har same ide, men at Bultman meiner at Simon Peter ikkje gjekk opp i båten. I staden trur Bultman at Peter sat attmed Jesus og kolelden, og at verbet *ἀναβαίνο* i samanhengen viser til at han reiste seg på stranda, gjekk ut i vatnet til akterenden av båten og drog nota i land (ibid.). Ideen om at

¹⁵ Sjå punkt 3.3, s. 39.


staden for handlinga er ei strand og ein båt som dei har rent i land på stranda, underforstått ei aude strand med sand- eller mudderbotn og ikkje noko kaianlegg eller brygge i nærleiken, jamfør omsetjinga at Simon Peter gjekk «ut i båten og drog nota på land» (Bibelselskapet, 1975), har røter langt tilbake i teksta si verknadshistorie. I Codex Sinaiticus, frå 300-talet, har avskrivaren bytt ut første bokstaven i første ordet i vers 11, slik at tydinga endrar seg frå «han steig opp» — *ἀνέβη* — til «han steig i» eller «han gjekk om bord» — *ἐνέβη*. Om dette er ein skrivefeil eller ei medviten endring, veit vi ikkje. I fall det siste har avskrivaren truleg tolka teksta likt med tradisjonen etter, jamfør Brown.

Uttrykket som er nytta er *ἀνέβη οὖν Σίμων Πέτρος*. *Ἀνέβη* er her aorist¹⁶ form i indikativ av verbet *ἀναβαίνω*, som tyder å «gå opp» eller «stige opp». Det er eit svært vanleg ord i Det nye testamentet. Ordet er mellom anna nytta om då Josef drog frå Galilea opp til Betlehem for å la seg innskrive i manntal (Luk 2:4), om då Jesus steig opp or vatnet etter dåpen (Matt 3:16 / Mark 1:10), fleire stader om at Jesus, åleine eller saman med læresveinane, gjekk opp i fjellet (Matt 5:1, Matt 14:23, Mark 3:13, Luk 9:28), om tornebuskane og det spirande såkornet som vaks opp (Matt 13:7 / Mark 4:7–8) og om sennepsfrøet (Mark 4:32), om fisken med ein mynt i munnen som Simon Peter drog opp for å betale tempelskatten (Matt 17:27), om Sakkeus som klatra opp i eit morbærtre (Luk 19:4), om å ikkje gå inn gjennom døra, men klive over til sauene ein annan stad (Joh 10:1), om å om å fare opp til Jerusalem (Matt 20:18, Mark 10:32–33, Joh 2:13, 5:1, 7:8–10, Apg 11:2, Apg 15:2, Apg 21:12, Apg 25:1, Gal 2:1), om å gå opp på tempelplassen (7:14), om å forflytte seg opp i ein høgare etasje av eit hus (Apg 1:13, Apg 20:11), om å gå opp på eit hustak (Luk 5:19, Apg 10:9), om at Jesus fer opp til Faderen (Joh 20:17), om Menneskesonen eller englar som stig opp (1:51, 6:62), om røyk som stig opp (Op 9:2, Op 14:11, Op 19:3), og om å stige opp til himmelen (Op 4:1). *Ἀναβαίνω* tyder beint omsett å oppfote, og er det motsette av *καταβαίνω*, som tyder å «stige ned» (jfr. Ef 4:9–10). Preposisjonen *ἀνα*, her nytta som prefiks, tyder oppover. *βαίνω* kjem av substantivet *βάσις*, som tyder fot(såle). Ordet *ἀναβαίνω* er så mykje brukt, i så mange samanhengar, at ein bør vere varsam med å knytte det til å gå opp i ein båt viss ikkje det går eintydig fram av samanhengen. Samanhengen er ikkje eintydig i 21:11. Det finst berre to tilfelle av at ordet er nytta i Det nye testamentet der det beint fram er klart at det handlar om å stige opp i ein båt: [I] om følgjet som gjekk om bord i skipet som dei hadde sigla med over Det levantinske havet frå Patara i dagens Tyrkia til Tyrus i Libanon på Paulus si tredje misjonsferd (Apg 21:6), og [II] i forteljninga om at Jesus går på vatnet (Matt 14:32 / Mark 6:51). I det første tilfellet er det tale om eit havgåande fartøy som frakta både folk og last (jfr. Apg 21:4), altså eit stort skip. I det andre tilfellet stig Jesus og Peter om bord i båten frå vassflata.

Viss vi samanliknar formuleringa *ἀνέβη οὖν Σίμων Πέτρος* i 21:11 med *ἀπέβησαν εἰς τὴν γῆν* i 21:9, finn vi at verbet som er nytta om at dei andre læresveinane gjekk i land frå båten,

¹⁶ Aorist er i oldtidsgresk ei verbform som vi ikkje har på norsk. Det næraste vi kjem aorist indikativ, er preteritum.

ἀποβαίνω, ikkje motsvarar *ἀναβαίνω*. Beint omsett tyder *ἀποβαίνω* å (ut)frå-fote. Preposisjonen *ἀπο*, her nytta som prefiks, tyder ‘frå’ eller ‘bort frå’. Det motsette er *ἐμβαίνω*, som beint omsett tyder å (inn)i-fote. *Ἐμβαίνω* er nytta mange stader i Det nye testamentet om å gå om bord i båt (Matt 8:23, Matt 9:1, Matt 13:2, Matt 14:22, Matt 15:39, Mark 4:1, Luk 5:3, Joh 6:17, Joh 6:24, Joh 21:3). Det interessante her er skilnaden mellom *οἰ ἀναβαίνω* (gå opp) og *ἐμβαίνω* (gå i), og dei korresponderande motsatsane *καταβαίνω* (gå ned) og *ἀποβαίνω* (gå frå).



Codex Sinaiticus avvik frå hovudbolken av andre eldgamle manuskript ved det har *ἐνέβη* (skrive med majuskelskrift: *ΕΝΕΒΗ*) i staden for *ἀνέβη* i Joh 21:11. (*The Codex Sinaiticus Project, u.d.*)

I Matt 14:22–33 er det tale om éin båt. Først går Jesus og læresveinane *i* båten: *ἐμβαίνω* (Matt 14:22). Men så, etter at Jesus og Peter har gått på vatnet, stig dei to *opp* i båten: *ἀναβαίνω* (Matt 14:32). Det er også verdt å merke at uttrykket som er brukt om at Peter steig ut or båten for å gå på vatnet i vers 29, er *καταβάς*, altså at han steig ned. Det indikerer at då dei gjekk i båten i vers 22 (*ἐμβῆναι εἰς τὸ πλοῖον*), så gjekk dei frå ei brygge, ein pir, ein kai, ein molo eller nokon tilsvarende struktur — ikkje frå vassflatenivå opp i båten (sml. Matt 14:32 / Mark 6:51).


Om dette stemmer, bør det same rimelegvis kunne gjelde i forteljinga om fiskeekspedisjonen i det siste kapittelet av Det fjerde evangeliet. For i 21:3, der det i norsk bibelomsetjing heiter at læresveinane «steig i båten» (*ἐνέβησαν εἰς τὸ πλοῖον*), er det verbet *ἐμβαίνω* som er nytta¹⁷. Viss læresveinane gjekk ut i båten frå ei brygge eller liknande i vers 3, kan det også godt tenkast at dei returnerte til same staden i vers 9.

Tesa om at båten la til ved ei brygge eller ein liknande struktur er også rimeleg ut frå føresetnaden om at botnen innved land var steinete, slik ho er heile vegen langs stranda i området ved Tabgha og Kapernaum i dag. Topografien eller andre naturtilhøve gjev ikkje grunn til å tru at botntilhøva i området var mjukare i form av sand- eller mudderbotn på Jesu tid. Å renne ein

¹⁷ *Textus Receptus* har *ἀναβαίνω* (*ἀνέβησαν εἰς τὸ πλοῖον*).

stor båt med plass til sju personar opp på ei steinstrand medfører fare for at kjølen eller skroget blir skada. Det er gjerne ikkje slik båtvande folk gjer.

Dessutan tilseier vêrtilhøva i Galileasjøen at det å ha ein båt liggande for lenge med kjølen skurande på strandbotnen, er ei oppskrift på å få båten øydelagd. Ved Rosh Pina-flyplassen i Galilea, halvanna mil nord for Kapernaum, er det registrert følgjande vindstatistikk for 2008–2020: Den dominerande vindretninga gjennom mesteparten av året er frå sør/sørvest. Men dei sterkaste vindane kjem oftast frå nordvest. Sterke vindar er hyppigare om sommaren. Meir enn 20 % av tida om sommaren, og meir enn ca. 10 % av tida resten av året, er det vindstyrkar over 7 knop (13 km/t, lett bris) opp til 22 knop (40 km/t, liten kuling) (Windfinder, 2020). Galileasjøen og Jordan-dalen ligg i nordenden av den store jordskorpeforseinkinga som går frå Libanon gjennom Raudehavet og heilt heilt til Mosambik i Afrika. Naturen er lunefull på Galileasjøen. Kald luft frå fjella på aust- og vestsida, og i nord medrekna det mektige Hermon-fjellet (2 814 moh.) fem mil nord for Jordan-elva sitt innløp i Galileasjøen, møter varm luft som stig frå sjøoverflata. Dette skapar valdsame kastevindar (Edwards, 2015, s. 245), som kan kome like overraskande og brått som dei forsvinn, med tilhøyrande høge og krappe bølger (jfr. Matt 8:24 / Mark 4:37 / Luk 8:23). Innved land på strender, i brenninga, der sjøen bryt, er krafta i bølgjene større og meir øydeleggjande.



Galileasjøen med Hermon-fjellet i bakgrunnen (Kjelde: Educational Opportunities Tour^{XVIII})




Strandkanten frå Kapernaum (Kefar Nahum) til Tabgha.

Grøn farge = 50 m ut frå land. Gul farge = 100 m ut frå land. Ekvidistanse: 1 m

Kjelde: The Neev Center for Geoinformatics (2020)

Ved Kapernaum, og sørover til Tabgha, er djupna dei fleste stader mindre enn to meter ut til mellom ca. 20 og 50 meter frå land, jamfør kartet over. Deretter er det ei sone kor det fort blir brådjupt, om lag 1 meter djupare for kvar meter ut, ned til ca. 5 – 10 meters djupne, som dei tette kotelinjene på kartet viser. Dersom vasstanden var om lag éin meter lågare på Jesu tid, slik Mendel Nun meiner (1998), har desse små brådjupe vore nærare land. Då forstår vi at Kaper-naum var ein gunstig stad for ei fiskebåthamn. Men brådjupe inne ved land inneber også at strendene er skumle stader. Når det blæs opp og sjøen går høgt, slår bølgiene inn slik at dei bryt tett ved land. Friksjon mot sjøbotnen gjer at bølger bøyer av så dei alltid slår inn mot strender, uavhengig av vind- og bølgefretning. Ein båt som ligg på stranda, vil då ligge beint i brenninga, der bølgiene bryt og utløyser all energien sin på ein gong. Bølgiene bryt på grunt vatn, når djupna blir mindre enn om lag halvparten av bølgelengda. For typiske vindbølger, med bølgelengder på omlag 10 til 40 m, som som er det same som 2½ til 5 sekundars bølgeperiodar (Kan Energi AS, 2001), vil bølgiene då bryte på mellom 5 og 20 meters djup. Når bølgene slår inn mot land og bryt på denne måten, ser vi dei får den karakteristiske surfebølgeforma før dei frigjer det siste av energien sin i bølgebrus og skum. Dette er, i mindre målestokk, det same fenomenet som vi kjenner frå tsunamiar. Læresveinane, som visste kor lunefull Galileasjøen kunne vere (Matt 8:24 / Mark 4:37 / Luk 8:23), tok ein risiko med båten om dei køyrde han med kjølen opp på stranda. Formodentleg var det Simon sin båt (jfr. 21:3 og

Luk 5:3). Dersom det var ustabile steinar på botnen, slik det er stadvis i området i dag, var risikoen forbunde ved å renne båten inn på stranda større. Minst to av dei som var om bord, Sebedeus-sønene (vers 2), var ifølgje synoptikarane profesjonelle fiskarar, oppvaksne i ein fiskarfamilie som eigde båt og sysselsette leigekarar (Matt 4:21 / Mark 1:19).



Bølger som bryt når dei kjem inn på grunt vatn. Når djupna (D) er mindre enn halvparten av bølgjelengda (L), vil sjøbotnen bremse bølga så mykje at ho bryt på oversida. (Universitetet på Hawai'i, Mānoa, 2020)

At det er på stranda (*εἰς τὸν αἰγιαλόν*) Jesus står når han søker kontakt med læresveinane i båten (vers 4), er moglegeins mindre tilforlateleg enn ein skulle tru ut frå slik mange er vande med å tenke om tilhøva rundt Galileasjøen. I den greske grunnteksta til Det nye testamentet finn vi ordet strand (*αἰγιαλός*) i Matt 13:2 og Matt 13:48, om høvesvis då Jesus sat i båt og underviste ei folkemengd som stod på stranda, og i likninga om fiskenota. I tillegg førekjem ordet eit par stader i Apostelgjerningane (Apg 21:5 og Apg 27:39–40). Elles finn vi det berre i Joh 21:4. *Αἰγιαλός* er aldri nytta i Det nye testamentet om nokon stad der båtar la til ved Galileasjøen. Når vi i norske bibelutgåver kan få inntrykk av noko anna ved å lese Luk 5:2, er det fordi Bibelselskapet der har omsett ordet *λίμνην* (sjøen) med «stranda». Ei nemning for sandstrand finn vi i Åp 12:18 (*ἄμμον τῆς θαλάσσης*). Heb 11:12 har uttrykket *ἄμμος ἢ παρὰ τὸ χεῖλος τῆς θαλάσσης*, som tyder sanden langs sjøkanten av havet. Tilsvarende nemningar om Galileasjøen finn vi ikkje i Bibelen. Dette viser at skildringane i evangelia heller ikkje støttar førestillinga om at fiskebåtar la til på strender der, noko som stemmer med dei topografiske, batymetriske og meteorologiske tilhøva for sjøen.

Etter det eg kan sjå, finst det berre eitt tilfelle der det ut frå evangelietekstene og korresponderande kunnskapar om geografi er nærliggande å tru at læresveinane la til land ved noko slags strand, nemleg i forteljinga om brødunderet, då Jesus metta fem tusen, som alle dei fire evangelistane fortel om, halde saman med den påfølgjande forteljinga om at han gjekk på vatnet, som alle unnateke Lukas har med. I forteljinga om brødunderet (Matt 14:13–21 / Mark 6:30–44 / Luk 9:10–17 / Joh 6:1–13) får vi av Matteus og Markus si framstilling inntrykk av at Jesus og læresveinane gjekk i land med båten på ein naturleg stad, jamfør uttrykket «aude stad» (*ἔρημον τόπον*) i Matt 14:13 og Mark 6:32, som då kan ha vore ei strand eller ein grunne inne ved land, i og med at det ikkje finst naturlege nes, viker eller bukter rundt Galileasjøen. Lukas, som i samanhengen ikkje nemner noko om sjø eller båt, opplyser at staden for brødunderet var nær Betsaida (Luk 9:10), altså i området der Jordan-elva renn inn i sjøen frå nord. Ei slik geografisk plassering samsvarar med framstillinga i Det fjerde evangeliet, der det står at læresveinane etter brødunderet gjekk i båten for å fare over til Kapernaum om kvelden (6:16). Det

stemmer også med at læresveinane hadde rodd om lag fem kilometer (vers 19) og at dei straks etter (vers 21) var ved land der dei skulle legge til, dersom Betsaida låg ved et-Tell, om lag tre kilometer frå nordenden av sjøen i dag. Men viss Mendel Nun har rett i at Betsaida låg nærare våre dagars strandlinje, ved el-Araj (Nun, 1998), stemmer det dårlegare. Opplysningane i Mark 6:45–53 synest å tale mot det første, utan at dei nødvendigvis støttar opp om det siste. For der står det at Jesus, etter brødunderet, bad læresveinane dra med båten i førevegen over til den andre sida, mot Betsaida (*εἰς τὸ πέραν πρὸς Βηθσαιῶδάν*). Så, etter at Jesus hadde gått på vatnet og kome opp i båten til dei, står det at dei la til ved Gennesaret (Ginosar), som ligg om lag 6 km sørvest for Kapernaum. Til saman er desse opplysningane forvirrande. Eg klarer ikkje å konkludere her, på anna vis enn å føreslå at dette må vi — eller rettare sagt arkeologane (!) — grave meir i for å finne ut av.



Brytande bølge på steinete strand ved Galileasjøen (Foto: Deena Levenstein^{XIX}, 22. november 2015)

Ulikt vestsida og austsida av sjøen består strandbotnen ved innlaupet frå Jordan-elva i nord av finkorna sedimentære lausmassar, fordi det her er ekstra langgrunt. Her kan det altså ha vore mogleg å renne ein båt i land på ein aude stad utan å skade skroget. Men vi har etablert (punkt 3.1.1 og punkt 3.4.1) at episoden utspela seg i området ved Kapernaum eller Tabgha, lenger vest, der det er steinete botn og brådjupt nokså nært land slik at bølgiene er hissige når dei slår inn over strendene. Dei andre læresveinane kan sjølvstakt ha ankra opp på djupare vatn. I så fall må dei ha sumd i land, dei òg. Men det er meir truleg at dei ville berge i land nota med fangsten, og difor navigerte båten til næraste båt plass, der dei kunne gå inn og legge til utan at båten gjekk på grunn, og utan at nota sette seg fast i steinar på botnen og rivna.




Rekonstruksjon av hamna i Kapernaum på Jesu tid (Kjelde: Ritmeyer Archaeological Design^{XX})




Kapernaum i dag (Kjelde: Jacob Kallman, januar 2014, Meditations on Israel^{XXI})

I ein periode på slutten av 1980-talet og byrjinga av 1990-talet var vasstanden i Kinneret så låg at arkeologar fekk eit høve til å skaffe seg heilt ny innsikt i fortida. Mendel Nun (1989a) identifiserte då og kartla i alt seksten oldtidsbåthamner rundt sjøen. Det er i snitt ei hamn for kvar tredje kilometer, om lag. Alt dette var kunstige hamner i en sjø der det ikkje finst nokon stader langs land korkje på vest- eller austsida som naturleg gjev ly for båtar. Til samanlikning har Kinneret i dag båthamner fire stader (Nun, 1999). Desse er Tiberias, Ginosar, Khirbet Minim (ved vassverket, nær Tabgha) og Ein Gev. På plassar som vanlegvis ligg under vatn i våre dagar, blei det gjort interessante funn, mellom anna av digre steinfundamentstrukturar, truleg moloar frå romersk tid, fire til seks meter breie og mellom to og tre meter høge (Jensen M. H., 2006, s. 173). Ved Tabgha er det funne ei hamn med to moloar, 40 og 60 meter lange (Nun, 1989a, ss. 22–23). Hamneanlegget ved Kapernaum må ha vore eitt av dei mest imponerande. Her fann Nun restane etter fleire brygger og moloar som stakk ut i sjøen, forbundne med ein 760 m lang steinlagt allé eller sjøpromenade med ein to og ein halv meter høg mur mot sjøen (1999, s. 26).



*Detaljert profil av sjøbotnen i området ved Kapernaum. Ekvidistanse: 1 m
Raud stipla linje = 90 meter frå land
Kjelde: The Neev Center for Geoinformatics (2020) og Google Maps*



*Profil av sjøbotnen av Kinneret-sjøen i området frå Mifraz Amnun til Tabgha. Ekvidistanse: 1 m
Kjelde: The Neev Center for Geoinformatics (2020) og Google Maps*

Kvar var det så Simon Peter «steig opp» (*ἀνέβη*), om det ikkje var i båten? Det kan godt ha vore på ein molo, ei brygge eller liknande. I så fall bygger det opp under det som er sagt før, om at Simon hadde eit forsprang på dei andre og var åleine med Jesus på stranda ei stund medan dei andre læresveinane la til med båten eit stykke unna.



Badestranda ved Kapernaum (Foto: Sharon Katz^{XXII}, Google Street View, juni 2016)

3.12.2 Andre observasjon: Nota var tung å dra.

Det må fysisk ha vore strevsamt for Simon Peter å dra nota i land. Nokre meiner det må ha vore umogleg, ut frå ei røyndomsvurdering. For i vers 6 står det at nota var så full av fisk at læresveinane ikkje makta å dra ho om bord i båten. Så i vers 11 står det at Simon Peter drog nota i land. Det er same verbet (*ἔλκω*) som er nytta: *ἔλκυσε* = «han drog» (aorist, indikativ, 3. person, eintal) om Simon i vers 11, og *ἴσχυον* = «makta» (imperfektum, indikativ, 3. person, fleirtal) *ἐλκύσαι* = «å dra» (aorist, infinitiv) om læresveinane i vers 6. *Ἐλκω* tyder å dra eller trekke til seg. Bradford B. Blaine innvender:

Paradoxically, what the disciples had been unable to do as a group — haul to shore a heavy net — Peter accomplishes by himself. The scene makes little sense unless the catch represents something other than aquatic fish, for the sheer weight of a load of actual fish would not be easier for Peter to handle alone than for the seven disciples to transport as a team. Most scholars conclude that Peter's ability to retrieve the large catch without damaging the net symbolizes his talent for bringing people to Christ.

(Blaine, 2007, s. 155)

Her blir det tydeleg korleis eg med mi bokstavelege tilnærming bryt med einskilde fagfolk sin allegoriske tilnærming til tolkinga av teksta. Eg kan sjå at det Blaine forfektar, gjev mening på eit symbolsk nivå. Men eg er ikkje einig i premissen om at scena ikkje gjev mening i bokstaveleg forstand. La oss undersøke saka før vi avviser at fiskefangsten handlar om det Blaine kallar «something other than aquatic fish», altså noko anna enn verkelege fiskar. For det første ser det ut til at Blaine snåvar når han referer at læresveinane ikkje greidde «to haul to shore a heavy net». Dei greidde fint å dra nota inn til land (vers 8 – 9). Det var å få ho opp i båten dei ikkje greidde. Det Simon gjer i vers 11, og det læresveinane — inkludert Simon — forsøkte å

gjere i vers 6, er ikkje det same, endå teksta har det same verbet (ἔλκω). Den som trur at det å dra noko tungt frå vatnet vertikalt opp i ein båt oppetter ripa av båten ikkje er vesensforskjellig frå å dra den same lasta horisontalt innover ei strand når ho flyt i vatnet, kan freiste sjølv — eller ta ein prat med Arkimedes. Så lenge nota med fisken er i vatn, vil oppdrifta til fisken oppvege tyngdekrafta. Fisken veg då netto ingen ting. Scena gjev meining, vitskapeleg sett. Men, sant nok, i det Simon har drege nota så langt innover land at fisken skurar mot strandbotnen, blir det tyngre. Då slit han. Likevel er det realistisk at ein motivert kroppsarbeidar kan greie å dra i land ei slik not full av fisk åleine — så lenge nota held —, særleg viss han lempar og dreg i ulike delar av nota for å flytte på litt av nota og fisken om gongen. Peter gjer noko som er fysisk krevjande, men ikkje umogleg.

3.12.3 Tredje observasjon: Simon gjer noko oppsiktsvekkande.

Viss vi går ut frå at fiskereiskapen (τὸ δίκτυον) som Simon Peter drog i land i vers 11, var ei kastenot av lin (Strickert, 2011), at fisken i nota til saman vog i underkant av ¼ tonn, og at stranda var meir eller mindre langgrunn med steinete botn, er handlinga oppsiktsvekkande: Å slepe ei kastenot med hundrevis av kg fisk inn på land langs steinete botn, ein mann åleine, er uklokt av fleire grunnar. For det første medfører det fare for at nota rivnar. Då rømmer fisken, og fiskarane mistar den verdifulle fangsten. Forteljaren kommenterer i vers 11 det påfallande i at nota ikkje rivnar. Vekta av fisken er estimert ut frå at kvar fisk vog 1,6 kg. Dette kan stemme om det var ein stim av velvaksen fisk av arten *Tilapia Galilea* dei hadde fanga (Strickert, 2011), (Luna, 2017). Multiplisert med talet på fisk: «hundre og femti tre» (vers 11), blir det 244,8 kg. Matt 13:47–48 skulle ein tru kunne vore ei relevant samanlikning her. Der står det at fiskarane dreg nota opp på stranda. Men i Matt 13:47 heiter det eksplisitt at fiskereiskapen er ei dragnot (σαγήνη). Ei dragnot var mykje større enn ei kastenot, og rivna ikkje like lett. Ho hadde lodd som slepte langs botnen, var laga for å trekkast innover grunne strender med jamn botn (Burge, Cohick, & Green, 2009, s. 186), og måtte handterast av eit større arbeidslag av fiskarar og gjerne fleire båtar (McNamer, 2016, s. 42). Det er altså to forskjellige typar reiskapar og fangstmetodar i dei to tekstene. Dessutan er Simon åleine om å dra inn nota i Joh 21:11, medan dei er fleire fiskarar saman i Matt 13:48.

For det andre: Viss dei skulle omsetje fisken — og det kan vi gå ut frå at dei måtte gjere med delar av ein så stor fangst — så måtte det skje medan skinnen enno var vått. I sola på ei strand tørkar fiskeskinnet fort, og fisken blir varm så han røtnar fortare. Her føreset eg at det var opphaldsvêr og sol den aktuelle dagen. Ut frå klimaet og årstida¹⁸ er det mest sannsynleg. Dessutan er det ein føremon i slike tilfelle å halde fisken i live, til dømes ved å la han stå i lås. Det vil seie at fisken står i nota til han har fordøydd mageinnhaldet. Då blir han lettare å konservere. Simon Peter gjer noko uvanleg og uventa, til velrøynd yrkesfiskar å vere.

¹⁸ <https://www.weatheronline.co.uk/reports/climate/Israel-and-Palestine.htm>

Eg stansar ikkje her, men spør: Kan handlinga ha vore endå meir oppsiktsvekkande, i retning skandale? Funna til John S. Kloppenborg ved Universitetet i Toronto indikerer at fiske i Galileasjøen under romersk overherredøme både var strengt regulert av styresmaktene, og at det var bygd opp eit omfattande system av infrastruktur og virke rundt sjøen for å ta imot og prosessere fisk, sikre at styresmaktene fekk inn skattar og avgifter frå fisket, og føre fisk og fiskeprodukt til marknaden (Kloppenborg, 2018). Dei synoptiske evangelia understøttar dette. Mark 2:13–16 (sml. Matt 9:9–11 og Luk 5:27–30) vitnar om at det i Kapernaum på Jesu tid var ein heil del folk som hadde sitt virke med å administrere innkreving av av toll. I framhaldet av forteljninga om då Jesus kalla Levi/Matteus frå tollboda ved sjøen i Kapernaum, opplyser evangelistane Matteus og Markus om at det var «mange tollarar og syndarar» (*πολλοὶ τελῶναι καὶ ἁμαρτωλοὶ*) som sat til bords saman med Jesus og læresveinane hans heime hjå Levi (Matt 9:10 / Mark 2:15). Lukas fortel at tollaren Levi heldt eit stort gjestebod (*δοχὴν μεγάλην*) heime hjå seg, og at ein heil flokk tollarar og andre (*ὄχλος πολὺς τελωνῶν καὶ ἄλλων*) låg til bords der (Luk 5:29). Matteus og Lukas nemner tollarar også fleire andre stader (sjå Matt 5:46–47, Matt 11:19 / Luk 7:29, Matt 21:31–32, Luk 3:12 og Luk 18:9–14). Kloppenberg gjer merksam på at fiske kravde konstant og kontinuerleg tolladministrasjon, ulikt slik det var med skattlegging av korn- og fruktavlingar, medrekna oliven og druer, som blei hausta i løpet av nokre få veker og som styresmaktene berre trong å overvake i innhaustingstida (2018, s. 598). Han skriv:

Fishing offers a special challenge to tax collection. In the case of cereal, olive, and grape crops, the crop could be evaluated for taxation purposes as it neared the harvest season. For fishing, however, since fish are perishable once caught, they had to be removed to market or to those who produced pickled fish or garum immediately upon being caught. This in turn meant that the size of each catch had to be evaluated for purposes of taxation daily, and this meant the presence of ἐπιτηρηταί.

(ibid., s. 592)

Ἐπιτηρηταί («overvakarar») viser til offentlege tenestemenn som kravde inn toll på fisk i romartida (ibid., s. 586). Det var altså fortolling av fisk Levi/Matteus og dei mange kollegaene hans i Kapernaum var engasjert i — truleg ikkje grensetoll av handelsvarer frå forbifarande karavanar eller noko slikt, som vi med moderne referansar gjerne kan førestille oss.

Forutan hamner og moloar omfatta infrastrukturen fasilitetar for å hindre at fisken røtna før han blei teken hand om og levert til anlegg for salting, tørking og annan prosessering (Forbes, 1957, s. 187) eller til forbrukar. Mendel Nun rapporterer følgjande funn frå dei arkeologiske undersøkingane av oldtidshamna ved Kursi på den andre sida av Galileasjøen:

Covered by a thick layer of silt today, the Kursi harbor was once the commercial center of a typical fishing village from the Roman and Byzantine periods. Built of rows of lightly chiseled basalt boulders, the 500-foot breakwater turns slightly away from the shore, enclosing a narrow area of about half an acre (330 feet long by 80 feet wide). To the north

is a shallow pool, built 3 feet above the ground and measuring about 10 feet by 11 feet, where fishermen stored large live fish caught with dragnets.

(Nun, 1999)

Det er mogleg at dei også i Kapernaum og andre stader langs nordvestbreidda av Galileasjøen, der vi trur at Simon og læresveinane fiska, hadde same slags kar eller basseng for lagring av levande fisk integrert i hamneanlegga, eller nært ved. Kanskje planla læresveinane i vers 9 – 11 å ta fisken levande opp i eitt eller fleire slike vassfylte kar eller basseng i hamneområdet, og såleis la fangsten gå inn i den ordinære fiskeindustrielle logistikken på staden, med fortolling, klargjering for transport, transport, konservering og prosessering, distribusjon og sal. Ved at Simon dreg nota opp på stranda, som formodentleg var ein uautorisert plass for ilandføring av fisk (Kloppenborg, 2018, s. 593), i staden for å bringe fangsten i land formodentleg den vanlege eller reglementære vegen opp på brygga/hamneanlegget for vidare handtering og fortolling derfrå (jamfør Mark 2:13—14), kan han ha gjort seg skuld i smugling, sett frå styresmaktene si side. Eg held fram diskusjonen om dette på s. 72.

Eg skuldar å understreke at denne utlegninga er tentativ, i det ho bygger på fleire hypotetiske føresetnader. Nokre av desse bygger igjen på andre føresetnader, som også er hypotetiske. Til dømes den om at stranda var langgrunn og steinete, som er basert på føresetnadene om at læresveinane befann seg ved eller nær Kapernaum eller Tabgha, og at botnforholda i området den gongen var omlag som i dag. Men om vi tek bort denne eller einskilde andre føresetnader, blir biletet likevel det same, berre noko mindre tydeleg: Simon gjer noko som ein ikkje skulle forvente av ein velrøynd yrkesfiskar, når han åleine dreg nota i land. Denne konklusjonen er trygg ut frå føresetnaden om at nota (*τὸ δίκτυον*) i vers 11 var ei kastenot, og ikkje ei dragnot eller eit trollgarn (sml. Nun, 1993, ss. 51–55). Ei dragnot kan det ikkje ha vore, for dei sat i éin båt og forsøkte å dra nota opp i båten (vers 6). Mendel Nun (1989b) si skildring av korleis fiskarar opererer ei dragnot, rimar nokolunde med Matt 13:47–48, men ikkje i det heile med Joh 21. Det går an, som Benson (2003), å tolke det at Simon drog fiskereiskapen opp på land (*εἰλκυσεν τὸ δίκτυον εἰς τὴν γῆν*), som ein indikasjon på at det var eit trollgarn. Men andre opplysningar i teksta talar for at det var ei kastenot. (Sjå også under punkt 3.4.) Her ser vi at spørsmålet om kva slags fiskereiskap *δίκτυον* i 21:11 refererer til, er avgjerande for forståinga av teksta. Å trekke eit trollgarn inn på land, var slik dei gjorde. Dersom dette var tilfellet i Joh 21:11, kan ein stille spørsmål ved om det var verdt å skrive om, slik forfattaren av kapittel 21 i Det fjerde evangeliet gjer. Om eit trollgarn skulle rivne somme stader, tapte dei ikkje fangsten. For i eit trollgarn sit kvar einskild fisk fast i maskene. Det var daglegdags at trollgarn av lin rivna og måtte bøtast (jfr. Mark 1:19) — rimelegvis, som følgje av at fastsittande fisk vil forsøke å kome seg fri. Viss ei kastenot rivnar, derimot, vil all fisken symje ut av rivna og bli borte i sjøen. Å trekke ei kastenot full av store fiskar oppetter strandbotnen, er beint fram dumt — veldig dumt viss botnen var steinete.

Endå eit poeng ligg i denne observasjonen: Det at læresveinane, inkludert Sebedeus-sønene (jamfør Luk 5:10), tillèt Simon å gjere det han gjer, utan at nokon av dei forsøker å stogge han, underbygger Simon sin leiarstatus. Merk at Simon her faktisk ikkje rettar seg etter det Jesus bed om. Jesus har bede dei (andre læresveinane) om ta ut or nota og kome til han med *noko av fisken* (sjå neste punkt). Peter overstyrer både Jesus og dei andre med sin potensielt vandaliserande og vinningsøydande handlemåte når han i staden dreg heile nota inn over den formodentleg steinete strandbotnen til Jesus.

3.12.4 Fjerde observasjon: Simon overgår Jesus si oppmoding.

Simon Peter gjev Jesus meir enn det han bed om. Bradford B. Blaine (2007, s. 13) krediterer Simon for at han er «*the only disciple to follow Jesus' directive that the net of fish be dragged to shore*». Her er Blaine i beste fall nøyaktig. Jesus bad ikkje om at dei skulle dra nota på land. Han bad dei kome med noko av fisken dei nett hadde fått. Verbet som er lagt i Jesu munn i vers 10, *φέρω*, tyder 'bære' eller 'bringe'. «Kom hit med» er ei god omsetjing. Det står eksplisitt *noko av fisken* i vers 10: *ἀπὸ τῶν ὀψαρίων*. Preposisjonen *ἀπὸ* uttrykker separasjon. Ordet kan omsetjast 'ut frå' og står i denne samanhengen for å ta ein del ut av ein heilskap. Jesus bad dei *ta ut* noko av fisken og kome til han med. Det synest som Blaine oppfattar at Jesus bed læresveinane kome med fisk til han frå nota fordi han vil legge den nyfanga fisken på kolelden og ha han til å supplere måltidet med som han har gjort i stand til dei. Han skriv:

Despite the fact that he has breakfast prepared, he commands the disciples to “bring some of the fish that you have caught” (v. 10). The redundancy here may be accidental, brought about by the combining of different traditions (i.e., miracle catch narrative [cf. Luke 5:1–11] and post-Easter breakfast narrative [cf. Luke 24:30, 42n–43]), or it may be strategic, designed to show that Jesus provides sustenance in a variety of ways. Or it may be that there is only an illusion of redundancy here, and that two distinct images are being provided, one in which Jesus provides fish for the group (i.e., sustenance for the church) and one in which the disciples submit to the task of increasing the size of his congregation.

(Blaine, 2007, s. 154)

Her ser vi igjen at Blaine freistar å kome til rette med opplysningar i teksta som kan synast motstridande ut frå ei bokstaveleg lesing, ved å ta teksta bort frå det bokstavelege, i det han føreslår at teksta viser spor av ein redaksjonell saum, eller at meininga (berre) er symbolsk.

Det er fordomen om at Jesus ville ha fisken for å steike han på kolelden, som gjer at passasjen i vers 9–13 blir problematisk når vi les teksta bokstaveleg. For så står det at han bad dei kome og ete eit måltid, *ἀριστήσατε* (vers 12), og at han tok brødet og fisken og gav dei (vers 13). *Ἀριστάω*, same ord, er også nytta i Lukas 11:37 om farisearen som inbaud Jesus til måltid hjå seg, og i LXX i Mos 43,24 om då brørne til Josef var inviterte til å ete saman med han i Egypt. Viss vi legg til grunn at Jesus tedde seg i ei rolle frå vers 4, slik eg har føreslått under punkt 3.3,

s. 37, og at han framfører sitt imperativ i vers 10 innanfor ramma av den same rolla, slik eg har føreslått under punkt 3.11, s. 57, er opplysningane ikkje lenger motstridande. Så kan ein vidare spørje: Kvifor agerer Jesus slik, i ei rolle? Og kva ville han eigentleg med å be dei kome med noko av den nyfanga fisken frå nota? Med det kan ein vende attende til å tolke teksta symbolsk. Men dei spørsmåla skal eg la ligge. For eg er ikkje ferdig med det bokstavelege.

Ut frå premissen om at Jesus spelar ei rolle, legg vi merke til at ingen av læresveinane responderer på det Jesus bed dei om i vers 10, ved å «avsløre» Jesus i rolla. Heller ikkje Simon. Men Simon reagerer adekvat likevel, på sin måte. Han gjev ikkje Jesus berre noko av fisken. Han gjev han alt. Viss vi vil, ser vi her eit ekko av Simon Peter i scena med fotvaskinga (13:4–11). Det er som om Simon med handlinga seier: «Du skal ikkje berre få ein del av den nyfanga fisken som du bed om, men heile nota.» Som Simon med sin iver overgjekk Jesus sin intensjon i 13:9 (Bauckham, 2007, s. 84), lèt han også til å gjere her. Simon har stor godhug for Jesus. Viljen hans til å vise si underkasting ved oppfylle meir enn det Jesus bed om, er like ytterleggåande som i 13:9, då han sa: «Vask ikkje berre føtene, men hendene og hovudet med.» Men denne gongen kan det sjå ut som at Simon vinn. For Jesus set ikkje Simon på plass slik han gjorde i 13:10. Han seier ikkje: «Hold an! Eg bad berre om noko av fisken.»

At Simon dreg nota i land, kan også lesast som ei trushandling: Han er fiskar. Han veit at ei kastenot av lin full av store fiskar rivnar slik at fisken rømmer viss han sleper nota oppover steinete strandbotn. Likevel gjer han det, for Jesus har sagt — riktig nok meir moderat enn det Simon utfører — at han kan (sml. Matt 14:22–34).

3.12.5 Femte observasjon: Kven eigde fisken?

Det er eit viktig spørsmål vi ikkje har stilt til vers 11 enno: Kven sin fisk var det Simon drog i land? I nyare tid har fleire forskarar kome med interessante bidrag til forståinga av fiske i Galileasjøen på Jesu tid og samfunnssystemet som fisket var ein del av, mellom andre Nun (1989c), Myles (2019) og Kloppenborg (2018). Når ein les kva dei har funne, ser ein at spørsmålet om kven sin fisk læresveinane fiska, ikkje berre er relevant. Svaret på spørsmålet er potensielt avgjerande for korleis vi kan og bør tolke delar av teksta i kapittel 21 av Det fjerde evangeliet. K. C. Hanson (1997) kritiserer bibelforskarar for at dei overser at dei økonomiske, næringsrelaterte og maktpolitiske tilhøva for Galileasjøen for 2000 år sidan var heilt annleis i enn moderne tid. Han skriv:

Based upon the studies of my colleague Douglas Oakman (1986, 1991; Hanson & Oakman, 2008), it is my observation that biblical scholars commonly tend to misconstrue the Galilean economy (and ancient economies in general) by assuming a market economy similar to a modern European or North American industrialized economy. This general observation connects to a second, more specific, observation: scholars of the Jesus

traditions have seriously underplayed the role and significance of the physical and social geography of Galilean fishing on Jesus' development of his network.

(Hanson, 1997)

For å gjere det kort: Fisken tilhørde sannsynlegvis Herodes Antipas. Vi må gløyme det meste av det vi har lært om moderne kapitalistisk næringsliv og marknadsliberalisme når vi skal forstå kva Simon Peter og dei andre læresveinane dreiv med i kapittel 21. Herskarane gjekk inn for å sikre seg kontroll over dei verdifulle fiskeressursane i Galileasjøen og å trekke ut mest mogleg overskot frå fisket. Difor grunnla Herodes Antipas byen Tiberias på ein strategisk stad. Difor var det bygd opp infrastruktur med hamner og tollvesen (jfr. Mark 2:13–15) rundt sjøen. Det var ikkje fritt fiske (Kloppenborg, 2018, s. 581). Det var ein utbyttingsøkonomi — ein gjennomført «trickle up»-økonomi — der fortieneste blei flytta opp til herskarane og ei lita overklasse (Hanson, 1997). Toll- og avgiftssatsane var høge. Det er ikkje usannsynleg at fiskarar i Galileasjøen måtte avgje så mykje som 30 – 40 % av fangsten til styresmaktene, kanskje til og med over halvparten (Kloppenborg, 2018, ss. 575–576). I tillegg måtte dei truleg betale for fiskerettar, leige av båt plass med meir (ibid. s. 590ff). Dei lokale bøndene og fiskarane hadde ingen ting dei skulle sagt når det gjaldt skatte- og avgiftsnivået. Innbyggjarane flest hadde berre det dei trong til livsopphaldet, iblant mindre, nokon gonger litt meir, men ikkje så mykje at det gav særleg moglegheit for sosial mobilitet oppover. Sosial mobilitet nedover var meir sannsynleg, ved at folk blei gjeldsslavar, tapte eigedom og enda opp som tiggjarar (Myles, 2019). Periodar med uro og opprør (jfr. Apg 5:36–37), som kulminerte med det store jødiske opprøret mot Roma frå 66 e.Kr., vitnar om folks misnøye og motvilje mot dette politisk-økonomiske regimet (Boer & Petterson, 2017, s. 51). Fiskarar, bønder og andre arbeidarar i Galilea søkte måtar å motstå utbyttinga på ved å gøyme unna varer, lyge (jfr. Matt 17:25) og ta i bruk andre skjulte strategiar for å sleppe skatt og toll (Batten, 2019). Vi kan rekne med at smugling av fisk til land om natta var eit tema i denne samanhengen. Hanson (1997) viser til kjeldemateriale som indikerer at det i oldtida fanst fiskepoliti eller strandvaktarar (*ἐπιλίμνης ἐπιστάτης*) som hadde som oppgåve å passe på at ingen dreiv med tjuvfiske.

Som prov på eksistensen av fiskepoliti for innlandsfiske i romersk oldtid viser Hanson (1997) til at det i Pisidia, nær Eğirdirsjøen i dagens Tyrkia, er funne ein inskripsjon på ein gravstein over ein mann som i tjue år var *ἐπει (= ἐπι) λίμνης ἐπιστάτης*, som ord for ord tyder 'over sjøen tilsynsmann'. Det kan støtte opp under hypotesen om at læresveinane i vers 4 tok Jesus for å vere ein tilsynsmann frå eit slikt fiskepoliti. Uttrykket «den fjerde nattevakta» (Matt 14:25, Mark 6:48) kan vere ein referanse til at Galileasjøen blei patruljert og vakta i regi av styresmaktene for å forhindre ulovleg uttak eller borttransportering av fisk. (Sml. punkt 3.3.) Det er ikkje utenkjeleg at stranda i kapittel 21 var ein slik stad der fiskarar om natta eller i tidlege morgontimar kunne smugle fisk i land.

Kan det tenkjast at nokon av læresveinane hadde røynsle med å fiske ulovleg eller smugle fisk ufortolla i land? Simon til dømes? Det er eit anna tema. Men det er så interessant at eg har skrive eit tillegg om det. Sjå Appendiks A.


Eg trur at dei andre læresveinane, i vers 9, har sett seg føre å losse fisken i land på reglementært og sedvanleg vis, opp på brygga og gjennom tollen, og at stranda bortanfor, der Jesus og Peter formodentleg står, er ein slik stad som Herodes sine agentar såg på som ein mogleg smuglarveg for ufortolla fisk frå båt til land. Dersom læresveinane der ute i båten, så nær som den læresveinen Jesus hadde kjær, oppfatta at mannen på stranda var ein tollfunksjonær eller ein av Herodes sine strandvaktarar som heldt dei under oppsyn, held eg det for å vere endå meir sannsynleg at dei navigerte båten inn til ein godkjend avleveringsstad for fisk. Då kan vi tolke det Simon Peter gjer når han dreg fisken i land, som ei messiasvedkjenning. Det er som om han seier til Jesus: *«Heile fangsten er din. Ufortolla. Du betaler ikkje toll eller skatt, korkje til Herodes eller til keisaren i Roma, som Herodes har oppkalla staden sin og denne sjøen etter. For du er kongen over alle kongar.»* Slik tolka er Simon si handling eit språkuttrykk. I det høyrer vi ekkoet frå Matt 16:16: «Du er Messias, den levande Guds son.»

I framhaldet av dette kan vi moglegvis sjå eit symbolsk samband mellom det Simon gjer med *alle* fiskane, og Jesu gåtefulle ord i 12:32 om at han skal dra *alle* (πάντας) til seg når han blir lyfta opp frå jorda. Det er same verbet, ἔλκω, som er nytta begge stader, om å dra. Halde saman med Matt 4:19 / Mark 1:17 / Luk 5:10 blir symbolikken endå sterkare. Det handlar då om Simon Peter si rolle i kyrkja, som ein som dreg alle menneske til den krossfeste og oppstandne Kristus. Eg går ikkje vidare med dette.

3.13 ‘... full av store fiskar, eit hundre og femti tre i alt.’ (21:11)

Eit heilt kapittel i «*The Testimony of the Beloved Disciple*» er vigd til å granske tydinga av det opplyste talet på fiskar i vers 11 (Bauckham, 2007, ss. 271–284). Mange har, som Bauckham, freista å utleie ei symbolsk meining av dette (Brown, 1966A, s. 1074). Forklåringsforsøka spenner frå gematri til geometrisk presisjon. Gematri er ein hermeneutisk teknikk der ein tilskriv sifferverdiar til bokstavar. Det er peikt på at 153 er eit trekanttal: summen av alle tala frå 1 til 17. Rickard Bauckham meiner at talet 153 ikkje er tilfeldig, fordi «*there are not very many triangular numbers*» (Bauckham, 2007, s. 278). Augustin har kalla talet «eit stort mysterium» (Brown, 1966A, s. 1074). I denne avhandlinga skal eg ikkje ta føre meg Bauckham si utlegging eller andre meir og mindre tunge symbolske forklaringsmåtar som har vore framsett av teologar og forskarar gjennom tidene. Eg skal berre peike på ei heilt jordnær forklaring som, viss ho er rett, får mysteriet — banalt og trist (for den som er glad i talmysterium) — til å forsvinne: Storleiken på fangsten var viktig for dei som livnærde seg av fiske den gongen. Forklaringa på at talet 153 er notert, kan vere at det faktisk var 153 fisk i nota, og at det nøyaktige talet var lett å hugse, fordi det er eit trekanttal og fordi dei som overleverte forteljinga munnleg fram til ho blei nedskriven, hadde medvit om trekanttal. Dermed handlar ikkje talet om eit stort mysterium,

men om ei stor mengde fisk. Det sentrale poenget er då, beint fram som forfattaren skriv, det forunderlege i at nota ikkje rivna «endå dei var så mange».



153 fisk

3.14 ‘«Kom og et frukost!»’ (21:12)

Når vi les 21:1–14 som ei røyndomsforteljing om ein fisketur på Kinneret-sjøen i april/mai, ser vi at Jesus svarar nøyaktig på Simon og dei andre læresveinane sine behov. Her snakkar vi om nære fysiologiske behov. Når du har vore ute og fiska på sjøen i open båt ei heil hustrig natt, kva har du då lyst på, og kva er det kroppen din treng? Heilt presis lengtar du då etter ein koleld å verme deg på og eit varmt, ordentleg måltid.

3.15 ‘Ingen av læresveinane våga å spørje han: «Kven er du?» ...’ (21:12)

Kven forfattaren siktar til med «læresveinane» (*τῶν μαθητῶν*) i vers 12, er viktig for forståinga av situasjonen og av Simon Peter. Opplysninga i vers 1, der det står at Jesus synte seg «for læresveinane» (*τοῖς μαθηταῖς*), saman med opplistinga i vers 2, gjer det nærliggande å tolke at Simon er medrekna som éin i gruppa av læresveinar (*μαθητήs*), til liks med dei andre (trass i at han er nemnd først). Men i vers 3 står det at Simon «seier til *dei*» (*λέγει αὐτοῖς*), ikkje «til dei *andre*» (mine kursiveringar). Her har Bibelselskapet (1975), (2011) lagt til adjektivet «andre», utan at det står i grunnteksta. *λέγει αὐτοῖς* er fleire stader i evangelia nytta om når ein person tar til orde og seier noko til andre i ei gruppe som personen sjølv ikkje er ein del av (Matt 20:6–7, Matt 22:21, Matt 26:31, Matt 26:38, Matt 26:45, Mark 8:1, Mark 8:17, Joh 1:38). I framhaldet av forteljinga, frå vers 7 då Simon kastar seg i sjøen, trer skiljet mellom han og dei andre tydeleg

fram. «Dei» i vers 9 refererer til alle andre enn Jesus og Simon. Vers 12 opnar med nøyaktig same ordlyd som vers 10: *λέγει αὐτοῖς ὁ Ἰησοῦς* («Jesus sa til dei»). I vers 10 er det eintydig at Jesus vender seg til gruppa av læresveinar som kjem inn med båten, altså læresveinane utanom Simon Peter. Det er då rimeleg å tolke dei same opningsorda vers 12 på same måten. Skiljet mellom Peter og (dei andre) læresveinane er også uttrykt annanstads i Det nye testamentet: i Mark 16:7.

Spørsmålet her er om *οὐδεὶς δὲ ἐτόλμα τῶν μαθητῶν* («Ingen av læresveinane våga ...») er meint å omfatte Simon Peter eller ikkje. Dersom Raymond E. Brown (1966A, s. 1070) har rett i at formuleringa skal forståast som at læresveinane nøler med å tru at det er Jesus dei ser der på stranda, er det urimeleg å inkludere Simon i dette, meiner eg. Eg legg til grunn, jamfør det som er sagt før (punkt 3.9 og punkt 3.10), at Simon då er saman med Jesus på stranda, medan dei andre er på veg inn frå staden der dei har lagt til med båten. Det er også urimeleg å inkludere den læresveinen som Jesus hadde kjær, i nølinga — viss det er nøler læresveinane gjer. Han skjøna jo allereie i vers 7 at mannen på stranda er Jesus (*κύριός ἐστιν*). At den læresveinen Jesus hadde kjær, inntek ei passiv og ventande rolle i situasjonen, er i tråd med slik evangelieskriftet har framstilt han før (jfr. punkt 2.4.4). Viss han var ein læresvein utanfor krinsen av dei tolv, frå Jerusalem og ikkje frå Galilea, og viss han i tillegg var svært ung, som eg har føreslått, er det forståeleg at han held fram som taus observatør. Dei læresveinane som eventuelt nøler med å tru, er då dei fem andre, ikkje Simon eller den læresveinen Jesus hadde kjær.

3.16 ‘ Dette var tredje gongen Jesus openberra seg for læresveinane ... ’ (21:14)

Vers 14 refererer indirekte til at Jesus har openberra seg to gonger før, i 20:19–23 og 20:26–29. Om vi held dette saman med vitnesbyrda i Luk 24:34 og 1 Kor 15:5 der det står at Jesus først synte seg for Simon/Kefas, gjev det god meining å rekne med at forfattaren med ‘læresveinane’ i vers 14 siktar til gruppa av læresveinar — ikkje Simon Peter, men primært dei andre. Dette understøttar forståinga av at Simon Peter skil seg ut frå gruppa av dei andre i teksta.

3.17 ‘«Elskar du meg meir enn desse?» ’ (21:15)

Spørsmålet til Simon Peter frå Jesus i vers 15: «Elskar du meg meir enn desse?» (*ἀγαπᾷς με πλέον τούτων*) kan lesast på tre måtar:

1. Elskar du meg meir enn du elskar desse tinga (underforstått: som handlar om fiske)?
2. Elskar du meg meir enn du elskar desse andre (underforstått: læresveinane)?
3. Elskar du meg meir enn desse andre (underforstått: læresveinane) elskar meg?

Genitivsforma *τούτων* i fleirtal av det peikande pronomenet *οὗτος* (denne/dette), opnar for alle tre tolkingane. Fråsegna, lagt i Jesu munn, er fleirtydig (Blaine, 2007, ss. 163–164). Blaine

drøftar tolkingane, og konkluderer med at alle er problematiske, også den tredje, i det han siterer J. H. Bernard som seier: «*comparisons of this kind, between the love which this or that disciple displays or entertains, seem out of place on the lips of Jesus*». Blaine held fram:

Pressed to choose among these three interpretations, I would probably choose the third, but only because it is the least unsatisfactory. What the Redactor is *really* doing here, I think, is supplying a referent he means to remain ambiguous. Neither Peter nor the implied reader is supposed to know what, exactly, *πλέον τούτων* signifies. No matter how Peter elects to translate the words, his answer must be that his love for Jesus is unsurpassed and unsurpassable. To his credit, Peter seems to understand that it is something of a trick question. Unlike modern commentators who spill much ink struggling to translate *πλέον τούτων*, Peter ignores the phrase, responding to the first part of Jesus' question only (i.e., "Do you love me?"). He says to Jesus, "Yes, Lord; you know that I love you," attempting to reveal the unbounded nature of his love for Jesus by emphasizing the love's transparency.

(*ibid.*, s. 164)

Eg er tilbøyeleg til å vere einig med Blaine i at vi ikkje treng sløse bort mykje blekk på å streve for å finne ut av kva *πλέον τούτων* viser til. Løysinga til Blaine, at spørsmålet er meint å vere fleirtydig, er mogleg. Eg meiner likevel at den tredje tolkinga passar godt inn, og ser ikkje heilt det problematiske i den. Simon har jo nettopp synt, gjennom alt han har gjort sidan vers 7, at han held meir av Jesus enn dei andre læresveinane gjer. Vi kan også seie at han har synt at han held meir av Jesus enn han held av det som har med fiske å gjere, og at han held meir av Jesus enn han held av dei andre. Alle tolkingane høver.

Like viktig som kva eller kven som er implisert med *πλέον τούτων*, er kvifor Jesus spør. Jesus må ha oppfatta Simon sin godhug då han kledde på seg fiskarfrakken og kasta seg i vatnet i vers 7, og då han drog heile nota i land i vers 11. Likevel spør Jesus. Ei tolking, som framstiller Jesus som menneskeleg, er at han spør fordi han treng å høyre det. Simon på si side er viss i si sak og kan stå inne for orda sine. Når han svarar, er det handlinga i vers 7 og 11 som blir til ord. Simon gjev Jesus det svaret Jesus treng å høyre. «Ja, Herre!» (*Ναί κύριε*) ville vore eit godt nok svar. Med tillegget «Du veit at eg har deg kjær» (*σὺ οἶδας ὅτι φιλῶ σε*) understrekar Simon at spørsmålet er unødvendig. Jesus sin respons: «Fød lamma mine!» (som han gjentek med varierende ordlyd i dei neste versa) er interessant, fordi det lèt til at han med det bed Simon Peter ta over for seg som forsørger og rettleiar for dei truande. Før i evangeliet, i diskursen om den gode hyrdingen i 10:1–16, omtalar Jesus seg sjølv som den som vaktar og vernar «sauene», altså dei som trur på han. Jamfør også 17:12 og 18:9. Kan det seiast så sterkt som at Jesus i 21:15–17 innset Simon Peter som sin avløysar?

Dramaet i samtalen på stranda held fram, og når sitt høgdepunkt i vers 17. Men her sluttar eksegese min.

4. Oppsummering og hovudkonklusjon



Bibelselskapet si ungdomsomsetjing av Det nye testamentet: «Godt nytt» frå 1975/1978. Omslaget viser sola som står opp over eller går ned bak horisonten, havet, og dovne bølger som rullar jamt inn over ei sandstrand. Stranda i Joh 21 var truleg ikkje ei slik idyllisk strand. Og bølgjene var ikkje like fredsæle.

Eg har lese Joh 21:1–15 bokstaveleg, som ei røyndomsforteljing om ein nattleg fiskeekspedisjon på Galileasjøen for omlag 2000 år sidan. Eg har gått inn i teksta med ein ambisjon om å kome bak fordomar som står i vegen for at eg kan kome til rette med teksta såleis. Særleg har det vore nyttig at eg har greidd å legge bort desse fordomane:

- ✘ Førestillinga om at det var fritt fiske i Galileasjøen i antikken under Herodes Antipas og romersk overherredøme
- ✘ Førestillinga om at Simon Peter var ein veik og vesal mann, som hadde oppført seg feigt og usselt då han fornekta Jesus, og no var i ein sinnstilstand prega av mismot og skam over det han hadde gjort
- ✘ Førestillinga om at Simon Peter frå før hadde eit rivaliseringstilhøve til den læresveinen Jesus hadde kjær, om å vere Jesus sin beste læresvein
- ✘ Førestillinga om at åstaden for forteljinga var ei aude sandstrand, og at læresveinane rende båten opp på stranda

Desse fordomane har eg lagt bort etter ei omfattande gransking av teksta på grunnlag av ei mengde tekstekstern informasjon, frå mellom anna arkeologi og naturvitskap, den føregåande teksta i Det fjerde evangeliet, og opplysningar frå andre bibelske og historiske nedteikningar. Når eg har studert teksta og lese forteljinga på nytt utan dei nemnde fordomane, finn eg ikkje noko i sjølve teksta — den greske grunnteksta — som bidreg til å reetablere nokon av dei.

På denne bakgrunnen kan Joh 21:1–15 forståast slik:

- ✓ Simon framstår som den utfordra leiaren i gruppa av læresveinar.
- ✓ Simon må ikkje sjå for å tru. Han trur berre han høyrer (21:7).
- ✓ Simon viser vørndnad for Jesus når han kler på seg kappa, og iver etter å vere saman med Jesus når han sym til land med kappa på.
- ✓ Slik Simon reagerer på møtet med Jesus på stranda og responderer på det han seier, skil han seg positivt ut frå dei andre læresveinane.
- ✓ Når Simon dreg nota med fisken på land (21:11) — truleg Herodes sin fisk —, er det i situasjonen ei tydeleg og djerv symbolhandling. Med den forkynner han at Jesus er Messias, den rettmessige kongen.
- ✓ Simon har sine ord i behald i vers 15 når han svarar: «Ja, Herre! Du veit at eg har deg kjær» (*ναί κύριε σὺ οἶδας ὅτι φιλω σε*). For det har han synt i handling, i vers 7 og 11.
- ✓ Jesus gjev Simon Peter i oppdrag å vere hyrding for flokken av læresveinar, til slutt i vers 15.

Med dette torer eg seie at det er nyttig å lese teksta bokstaveleg og realistisk, som her, også for å kunne forstå symbolikk i teksta som vi kanskje elles ikkje ville fått auge på. Eg har gjennom å fordjupe meg i forteljinga om fiskefangsten på denne måten — ikkje lenger ‘den mirakuløse fiskefangsten’, slik eg ser det no — fått fornya mi oppfatning av både handlinga i forteljinga, karakteren Simon Peter og den eigentlege meninga i teksta. Eg opplever no at eg forstår både teksta og Simon Peter betre og meir i samanheng.

Evangelisten (21:24) har attestert seg sjølv gjennom heile skriftet, sidan kapittel 13, som «den læresveinen som Jesus hadde kjær». Ut frå funna eg har gjort og vist til, og slik eg meiner vi kan lese Joh 21:1–15 på grunnlag av desse, er det freistande å attestere Simon Peter i liknande ordlag, som *den læresveinen som hadde Jesus kjær*.

Appendiks A:

Hadde Simon ei fortid som fiskesmuglar?

Frå kristendomstimane på barneskulen og frå søndagsskulen i barndomen hugsar eg godt forteljingane om Jesus og læresveinane på Gennesaretsjøen — eller Galileasjøen, som eg har omtala han i denne avhandlinga. Eg trudde at sjøen var omkransa av plen og vide idylliske sandstrender, og at det var fritt fiske og fri ferdsel på sjøen. Ingen fortalde meg om fiskepoliti (*ἐπιλήμνης ἐπιστάτης*) eller overvakarar (*ἐπιτηρηταί*). Eg fekk forklårt at tollarar var folk som kravde inn pengar til styresmaktene, men ikkje at Matteus og dei andre tollarane sitt virke i Kapernaum mest handla om å legge beslag på verdiar frå fisket. Ut frå føresetnaden om at fiskeverksemda på Galileasjøen var hardt skattlagd og at mange folk hadde det trongt materielt (sjå punkt 3.12.5), og kunnskapen om at tilhøva i nordenden av sjøen (sjå punkt 3.1.1) gjorde dette området vanskelegare for styresmaktene å kontrollere, kan vi spekulere i at ulovleg fiske og det å smugle fisk i land for å snyte dei rådande fyrstane for skatt, var ein syssel som somme dreiv med. Kan det tenkjast at Simon Peter og andre av læresveinane hadde røynsle med tjuvfiske og fiskesmugling på Gennesaretsjøen? Dette lærte eg ikkje noko om på søndagsskulen.



Søndagsskuleflanellograf. «I den fjerde nattevakta kom han gåande mot dei på sjøen.» (Mark 6:48)^{XXIII}

Dersom tollsatsane for fisk i Galileasjøen og Jordan-elva på Jesu tid var tilsvarande høge som for innlandsfiske i Egypt, det vil seie omlag halvparten, kan hende meir (Kloppenburg, 2018),

kan vi sjå føre oss at både fiskarar, fattige og naudlidande sveltande folk og andre hadde sterke incitamentet til å delta i ei verdikjeda av ulovleg utnytting av denne rike naturressursen. Det er truleg at tjuvfiske blei strengt straffa, og at folk som var involvert i slikt, fann åtgjerder så dei minimerte risikoen for å bli oppdaga. Eg skal ikkje konkludere. Eg vil berre peike på nokre detaljar i evangelia som kan vere interessante for dei som vil spekulere i dette. Simon, Andreas og Fillip var frå Betsaida (Joh 1:44). Denne byen låg, som nemnd, i nordenden av Galileasjøen. I dette sedimentære sumpdeltaet buktar øvre del av Jordan-elva seg og renn inn i sjøen frå nord, saman med Meshushim-straumen frå Golanhøgdedene. Her er det, jamfør punkt 3.1.1, svært langgrunt. Eit krevjande område å halde kontroll på for eit fiskepoliti, skulle ein tru, anten dei patruljerte i sjøen med båt eller til fots på land, eller begge delar. Dessutan kan det ha vore vanskeleg å organisere effektiv patruljering der, med tanke på logistikk og samarbeid, sidan dette var akkurat i grenselandet mellom Herodes Antipas og Herodes Fillip sine tetrarki. Dei to brørne hadde ikkje heilt det beste tilhøvet mellom seg på den tida, les vi (Mark 6:17–18). Fleire av evangelistane knyter brødunderet der Jesus metta fem tusen, til dette området. (Sjå under punkt 3.12.1, s. 62.) Høvet for at læresveinane tok båten og reiste dit, var at Jesus ville fare med dei til ein audestad: *εἰς ἔρημον τόπον* (Matt 14:13, Mark 6:31). Så var det nokre av læresveinane (Simon, Andreas og Fillip?) som kjende til denne audestaden og som visste nøyaktig korleis dei skulle navigere for å kome dit utan å renne båten fast i botnen i det grunne deltaet. Fem tusen andre menn kjende også til staden eller fekk spurt, og kom fram dit før Jesus og læresveinane (Mark 6:33). Dei som fekk greie på at Jesus og læresveinane var på veg til «audestaden», tilhørde den underprivilegerte delen av folket, som ikkje hadde mat (Joh 6:5) og som politisk gjerne ville styrte dei sittande makthavarane straks eit godt høve baud seg (Joh 6:15). To av evangelistane fortel om frodig gras på staden (Mark 6:39, Joh 6:10). Lett å huke seg ned i og bli usynleg i, kanskje? Og så kjem spørsmålet som er blitt neglisjert fordi dei fleste som les denne evangelieforteljinga, fokuserer på kor all fisken og brøda kom frå: Kor kom alle korgene frå? (Matt 14:20 / Mark 6:43 / Luk 9:17 / Joh 6:13) Folket hadde ikkje mat, men dei hadde tydelegvis korgar (*κοφίνους*). Eg veit ikkje kvifor dei hadde korgar. Men eg trur nok at eg sjølv, viss eg skulle ha snike meg gjennom graset ned til sumpstranda ved Betsaida for to tusen år sidan for å handle fisk Tax-Free rett frå båt, så ville eg ha teke med meg korg.

Læresveinane hadde også med seg 200 denarar i båten (Mark 6:37, Joh 6:7). Det var to hundre dagsløner for vanlege arbeidarar (Bibelselskapet, 1975, s. 552). Kva kunne grunnen vere for at læresveinane tok med seg så mykje pengar i båt på Galileasjøen? Kunne det vere betaling for fisk dei hadde selt ulovleg? Eller var det pengar dei skulle bruke til å kjøpe ufortolla fisk for og selje vidare illegalt? Skulle det vere betaling til andre involverte i verdikjeda av ulovleg fiske? Bestikkelsar til toll- og strandpolitifunksjonærar under styresmaktene, kanskje?

Viss vi vil, legg vi merke til endå eit påfallande trekk i framhaldet av forteljinga om brødunderet: Natta etter strevar læresveinane med å ro i motvind tilbake til Kapernaum-sida, etter at dei har lagt ut frå staden utan Jesus (Joh 6:16–21). Det var natt, det bles hardt og sjøen gjekk høg, les vi (Joh 6:18). Teksta i Det fjerde evangeliet impliserer at læresveinane venta i det

lengste på at Jesus skulle kome til dei (vers 17), før dei til slutt bestemte seg for å fare i veg med båten sjølve, i mørkret. Matteus og Markus fortel noko litt anna, nemleg at Jesus «straks etter» (εὐθέως / εὐθὺς) fekk læresveinane til å gå i båten og dra i førevegen over til den andre sida (Matt 14:22, Mark 6:45). Dei sleit og rodde tungt, for dei hadde vinden imot seg, står det (Mark 6:48). Ville dei ikkje ha gjort det meir komfortabelt for seg om dei overnatta med båten på staden? I det vi legg Mark 4:38 til grunn, kan vi tru at båten var utstyrt med fasilitetar for å sove behageleg om bord, for minst ein av dei. Vi les også at tre av læresveinane seinare sov utandørs om natta i Jerusalem (Mark 14:37–41) i den same årstida (jamfør «det grønne graset» i Mark 6:39). Mellom Jerusalem og Galileasjøen er det ein høgdeforskjell på meir enn 900 meter. Nettene ved Galileasjøen om våren (vekstsesonen, jamfør Mark 6:39) er ikkje kjølegare enn mange av oss likar å ha det på soverommet (sml. punkt 3.10). Men i Jerusalem er det kaldt om natta då (jfr. Joh 18:18). Likevel fann Peter, Jakob og Johannes omgivnadene i Jerusalem utandørs komfortable nok til at dei fall i tung svevn, endå Jesus hadde bede dei om å halde seg vakne (Matt 26:43). Ein skulle dermed tru at læresveinane, om det gjaldt sovekomforten, gjerne kunne blitt verande i ro der dei var, i nordenden av Galileasjøen, natta etter brønderet, medan dei venta på Jesus. I alle fall kan vi tru det om vi ikkje tek høgde for eventuell insektplage. Men eventuell nattleg insektplage må vegast opp mot strabasane med sette ut i båt over sjøen om natta. Kvifor fór dei i veg med båten i mørkret, utan Jesus, i høg sjø og kraftig motvind (Matt 14:24, Mark 6:48, Joh 6:18)? Var ikkje audestaden (ἔρημος τόπος) trygg for dei? Var dei redde for at visse personar skulle finne dei der? Hadde dei ein viktig grunn til å vere på plass med båten der dei skulle legge til: εἰς ἣν ὑπῆγον (Joh 6:21), innan neste morgon? Var audestaden ein stad der dei ikkje hadde lov å vere med båten (sml. 6:22 om at det berre var éin båt der)? Var dei då i trøbbel dersom dei blei oppdaga av representantar frå styresmaktene? Mark 6:49–50 gjer eit poeng av at læresveinane blir redde når dei ser Jesus kome til dei på sjøen. Det står forklårt med at dei trudde han var eit skrømt. Men kan hende var dei i utgangspunktet litt skvetne for å møte på andre når dei strevde med å ro over sjøen mellom Betsaida-området i nord og området ved Kapernaum og Gennesaret (jfr. Mark 6:53) på vestsida av sjøen om natta? Kanskje var dette ei smuglarrute for storfangst (jamfør Joh 21:6–11) frå det fiskestimrike området ved Tabgha og varmekjeldene der i vinterhalvåret (McNamer, 2016, s. 41).

Meir næring til spekulasjonen om at Simon Peter og Andreas hadde røynsle som fiskesmuljarar, finn vi opplysningar i evangelia som kan støtte opp under ein hypotese om at Simon bygde seg opp økonomisk, frå å vere vadefiskar med kastenot (Mark 1:16) i Betsaida (Joh 1:45), til å bli husherre (Mark 1:29) og båteigar (Luk 5:3) i Kapernaum, og fiskeripartner — *κοινωνοὶ* — med Sebedeus-familien (Luk 5:10) i ei tid med høgt skattetrykk frå fleire hald (jfr. Matt 17:27, Mark 12:14) og lite rom for sosial mobilitet oppover for vanlege folk (Seland, 2004, s. 70). Kanskje hadde Simon og Andreas jobba seg opp økonomisk ved å ta høg risiko med å engasjere seg i ulovleg fangst og omsetjing av fisk? Inn i dette harmonerer også Andreas sin uttrykte negative haldning til det rådande politiske regimet (Joh 1:41).

Appendiks B: Forslag til endringar i bibelomsetjinga

I arbeidet med denne avhandlinga har eg blitt merksam på ein del skriftstader i Det nye testamentet der grunnteksta gjev rom for andre tolkingar enn dei som Bibelselskapet har gått ut frå i sine idiomatisk omsette bibelutgåver. Funna mine, som eg viser til med sidetal i parentes i overskrifta i kvar rubrikk nedanfor, tilseier at fleire av desse omsetjingane burde vore annleis.

Mine forslag til endra omsetjingar er meir i tråd med konkordant omsette bibelutgåver, som Norsk Bibel¹⁹ og Bibelselskapet si 1930-omsetjing²⁰. Ei konkordant omsetjing får ikkje nødvendigvis fram meininga i teksta betre, men ho medfører mindre fare for at misvisande eller feil meining blir lagt til.

Luk 5:2a	(Punkt 3.12.1, s. 62)
<i>mGNT</i> : καὶ εἶδεν δύο πλοῖα ἐστῶτα παρὰ τὴν λίμνην	
<i>Bibelselskapet 2011</i> : Då fekk han sjå to båtar som låg ved stranda.	
<i>Forslag til endring</i> : Og han fekk sjå to båtar som låg ved sjøen.	

Joh 1:44	(Punkt 2.8, s. 24)
<i>mGNT</i> : ἦν δὲ ὁ Φίλιππος ἀπὸ Βηθσαϊδά ἐκ τῆς πόλεως Ἀνδρέου καὶ Πέτρου	
<i>Bibelselskapet 2011</i> : Filip var frå Betsaida, same byen som Andreas og Peter var frå.	
<i>Forslag til endring</i> : Filip var frå Betsaida, Andreas og Peter sin by.	

Joh 18:10a	(Punkt 2.7.2, s. 20)
<i>mGNT</i> : Σίμων οὖν Πέτρος ἔχων μάχαιραν εἴλκυσεν αὐτήν καὶ ἔπαισεν τὸν τοῦ ἀρχιερέως δοῦλον καὶ ἀπέκοψεν αὐτοῦ τὸ ὠτάριον τὸ δεξιόν	
<i>Bibelselskapet 2011</i> : Simon Peter hadde eit sverd, og det drog han og hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde av han høgre øyret.	
<i>Forslag til endring</i> : Då drog Simon Peter macheten som han hadde med, og slo tenaren til øvstepresten og kutta av han høgre øyreflippen.	

¹⁹ <https://www.norsk-bibel.no>

²⁰ <https://bibel.no/nettbibelen?slang=bokmal30>

Joh 18:17a

(Punkt 2.7.3, s. 23)

mGNT: λέγει οὖν ἡ παιδίσκη ἡ θυρωρὸς τῷ Πέτρῳ Μὴ καὶ σὺ ἐκ τῶν
μαθητῶν εἶ τοῦ ἀνθρώπου τούτου

Bibelselskapet 2011: I det same seier ho til Peter: «Er ikkje du òg ein av
læresveinane til denne mannen?»

Forslag til endring: Då seier portvaktarjenta til Peter: «Du er ikkje ein av
læresveinane til denne mannen, er du vel?»

Joh 18:25a

(Punkt 2.7.3, s. 23)

mGNT: Ἦν δὲ Σίμων Πέτρος ἐστὼς καὶ θερμαινόμενος εἶπον οὖν αὐτῷ
Μὴ καὶ σὺ ἐκ τῶν μαθητῶν αὐτοῦ εἶ

Bibelselskapet 2011: Imedan stod Simon Peter og vermde seg. Då sa dei til han:
«Er ikkje du òg ein av læresveinane hans?»

Forslag til endring: Imedan stod Simon Peter og vermde seg. Då sa dei til han:
«Du er ikkje ein av læresveinane hans, er du vel?»

Joh 19:27b

(Punkt 2.4.4, s. 14)

mGNT: καὶ ἀπ ἐκείνης τῆς ὥρας ἔλαβεν ὁ μαθητὴς αὐτὴν εἰς τὰ ἴδια

Bibelselskapet 2011: Frå den stunda tok læresveinen henne heim til seg.

Forslag til endring: Og frå den stunda tok læresveinen henne til si eiga.

Joh 20:2

(Punkt 2.4.4, s. 12)

mGNT: τρέχει οὖν καὶ ἔρχεται πρὸς Σίμωνα Πέτρον
καὶ πρὸς τὸν ἄλλον μαθητὴν ὃν ἐφίλει ὁ Ἰησοῦς

Bibelselskapet 2011: Ho spring av stad og kjem til Simon Peter
og den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær ...

Forslag til endring: Då spring ho og kjem til Simon Peter,
og til den andre læresveinen, han som Jesus hadde kjær ...

Joh 21:1a

(Punkt 3.2, s. 32)

*mGNT: μετὰ ταῦτα**Bibelselskapet 2011: Sidan ...**Forslag til endring: Etter alt dette ...***Joh 21:2**

(Punkt 3.1.1, s. 28)

*mGNT: ἦσαν ὁμοῦ Σίμων Πέτρος καὶ Θωμᾶς ...**Bibelselskapet 2011: Simon Peter, Tomas, ... var saman der.**Forslag til endring: Dei var samla: Simon Peter, Tomas ...***Joh 21:3**

(Punkt 3.15, s. 74)

*mGNT: λέγει αὐτοῖς Σίμων Πέτρος ὑπάγω ἀλιεύειν**Bibelselskapet 2011: Simon Peter seier til dei andre: «Eg vil ut og fiska.»**Forslag til endring: Simon Peter seier til dei: «Eg dreg ut og fiskar.»***Joh 21:5a**

(Punkt 3.3, s. 36)

*mGNT: λέγει οὖν αὐτοῖς ὁ Ἰησοῦς παιδία μὴ τι προσφάγιον ἔχετε**Bibelselskapet 2011: Jesus sa til dei: «Har de ikkje noko å eta, borna mine?»**Forslag til endring: Jesus seier til dei: «Små gutar! De har ikkje noko å ete, har de vel?»***Joh 21:6**

(Punkt 3.4, s. 41, og punkt 3.4.1, s. 45)

*mGNT: ὁ δὲ εἶπεν αὐτοῖς βάλετε εἰς τὰ δεξιὰ μέρη τοῦ πλοίου τὸ δίκτυον καὶ εὐρήσετε**Bibelselskapet 2011: «Kast garnet på høgre sida av båten, så skal de få», sa han.**Forslag til endring: Men han sa til dei: «Kast nota på høgre sida av båten, så skal de finne.»*

Det gjeld også for resten av kapittel 21 at τὸ δίκτυον bør omsetjast med «nota», der Bibelselskapet 2010 har skrive «garnet».

Joh 21:7a

(Punkt 3.5, s. 47)

mGNT: λέγει οὖν ὁ μαθητῆς ἐκεῖνος ὃν ἠγάπα ὁ Ἰησοῦς τῷ Πέτρῳ ὁ κύριός ἐστιν*Bibelselskapet 2011*: Den læresveinen som Jesus hadde kjær, sa til Peter: «Det er Herren.»*Forslag til endring*: Då sa den læresveinen som Jesus hadde kjær, til Peter: «Det er Herren».**Joh 21:7b**

(Punkt 3.7, s. 50)

mGNT: Σίμων οὖν Πέτρος ἀκούσας ὅτι ὁ κύριός ἐστιν τὸν ἐπενδύτην διεζώσατο
ἦν γὰρ γυμνός καὶ ἔβαλεν ἑαυτὸν εἰς τὴν θάλασσαν*Bibelselskapet 2011*: Då Simon Peter hørde at det var Herren, batt han kappa om seg —
den hadde han teke av — og hoppa i sjøen.*Forslag til endring*: Då Simon Peter hørde at det var Herren, tok han på seg ytterfrakken
— for han var naken — og kasta seg i sjøen**Joh 21:9**

(Punkt 3.10, s. 54)

mGNT: ὡς οὖν ἀπέβησαν εἰς τὴν γῆν βλέπουσιν ἀνθρακιὰν κειμένην
καὶ ὀψάριον ἐπικείμενον καὶ ἄρτον*Bibelselskapet 2011*: Då dei kom i land, fekk dei sjå eit bål der,
og det låg fisk og brød på glørne.*Forslag til endring*: No, då dei gjekk i land, oppdaga dei ein koleld liggande
med fisk på, og brød.**Joh 21:11a**

(Punkt 3.12.1, s. 58)

mGNT: ἀνέβη οὖν Σίμων Πέτρος καὶ εἴλκυσεν τὸ δίκτυον εἰς τὴν γῆν
μεστὸν ἰχθύων μεγάλων*Bibelselskapet 2011*: Simon Peter gjekk då ut i båten og drog garnet på land.
Det var fullt av store fiskar*Forslag til endring*: Då steig Simon Peter opp og drog nota i land, full av store fiskar.

Bibliografi

- Adolf, S. (2009). *Tuna Wars - Powers Around the Fish We Love to Conserve*. Amsterdam: Springer.
- Baima, T. A. (2012). *A Legacy of Catholic-Jewish Dialogue: The Cardinal Joseph Bernardin Jerusalem Lectures*. Chicago: Liturgy Training Publications.
- Barstad, H. M. (2017, 11. 3.). *Allegorisk fortolkning*. Henta frå Store norske leksikon: https://snl.no/allegorisk_fortolkning
- Batten, A. J. (2019). *Fishing Economy in the Sea of Galilee*. Henta frå Bible Odyssey: <https://www.bibleodyssey.org/en/places/related-articles/fishing-economy-in-the-sea-of-galilee>
- Bauckham, R. (2007). *The Testimony of the Beloved Disciple: Narrative, History, and Theology in the Gospel of John*. Baker Academic.
- Bennema, C. (2009, juli). A Theory of Character in the Fourth Gospel with Reference to Ancient and Modern Literature. *Biblical Interpretation. A Journal of Contemporary Approaches* 17(4), ss. 375-421.
- Bennema, C. (2014). *Encountering Jesus. Character studies in the Gospel of John. Second edition*. Minneapolis: Fortress Press.
- Benson, T. (2003). Around the Sea of Galilee. *The Testimony Magazine, January 2003*, 26–31. Henta frå <http://testimonymagazine.com/back/jan2003/benson1.pdf>
- Bernard, J. H. (1999). *A Critical and Exegetical Commentary on the Gospel According to St. John: Volume 2: 8-21*. Edinburgh: T&T Clark.
- Bibelselskapet. (1975). *Godt nytt. Det nye testamentet for menneske i dag*. Bibelselskapets forlag.
- Bibelselskapet. (2011). *Bibel 2011, Nynorsk*. Verbum.
- Bivin, D. N. (1992, 3. 1.). *The Miraculous Catch: Reflections on the Research of Mendel Nun*. Henta frå Jerusalem Perspective: <https://www.jerusalemerspective.com/2644/>
- Blaine, B. (2007). *Peter in the Gospel of John. The Making of an Authentic Disciple*. Boston: Society of Biblical Literature.
- BLB Institute. (2020). *Blue Letter Bible*. Henta frå <https://www.blueletterbible.org/>

- Boer, R., & Petterson, C. (2017). *Time of Troubles: A New Economic Framework for Early Christianity*. Fortress Press.
- Bond, H. K. (2013, 10. 4.). Dating the Death of Jesus: Memory and the Religious Imagination. *New Testament Studies (Issue 4)*, Cambridge University Press, ss. 461–475.
- Brant, J.-A. A. (2011). *Paideia commentaries on The New Testament: John*. Michigan: BakerAcademic.
- Bromiley, G. W. (1979). *The International Standard Bible Encyclopedia, Volume 2*. Grand Rapids, Michigan: William B. Eerdmans Publishing.
- Brooks, E. B., Cohen, A. P., & Holland, G. S. (2017). *Alpha 1: Studies in Early Christianity*. University of Massachusetts at Amherst: Warring States Project.
- Brown, R. E. (1966). *The Anchor Bible: The Gospel According to John I-XII. Volume 29*. Garden City, New York : Doubleday & Company, Inc.
- Brown, R. E. (1966A). *The Anchor Bible: The Gospel According to John XIII-XXI. Volume 29A*. Garden City, New York: Doubleday & Company, Inc.
- Brown, R. E. (1979). *The Community of the Beloved Disciple. The Life, Loves and Hates of an Individual Church in New Testament Times*. New York: Paulist Press.
- Bultmann, R. (2014). *The Gospel of John: A Commentary*. Eugene, Oregon: Wipf & Stock Publishers.
- Burge, G. M. (2016). Siloam, Bethesda, and the johannine water motif. I P. N. Anderson, *John, Jesus, and History, Volume 3: Glimpses of Jesus Through the Johannine Lens* (ss. 259-269). SBL Press.
- Burge, G. M., Cohick, L. H., & Green, G. L. (2009). *The New Testament in Antiquity: A Survey of the New Testament within its Cultural Contexts*. Grand Rapids, Michigan: Zondervan.
- Cedar Lake Ventures. (2020). *Average Weather in Tiberias*. Henta frå Weather Spark: <https://weatherspark.com/y/99094/Average-Weather-in-Tiberias-Israel-Year-Round>
- Chana, K. (2015). *Is it always 'hazy' down at the Kinneret?* Henta frå Tripadvisor (@VisitIsrael): https://www.tripadvisor.com/ShowTopic-g293977-i1733-k8076916-Is_it_always_hazy_down_at_the_Kinneret-Israel.html
- Charlesworth, J. H. (1984). *The Beloved Disciple: Whose Witness Validates the Gospel of John*. Valley Forge: Trinity Press International.

- Collins, R. F. (1990). *These Things Have Been Written: Studies on the Fourth Gospel*. Peeters Publishers.
- Counet, P. C. (2011, 6. 7.). Judas, the disciple who was known to the high priest. *HTS Teologiese Studies/Theological Studies* 67(1), Art. #923, ss. 1-7.
- de Rosnay, T. (2013). *Saras nøkkel*. Bazar (Cappelen Damm).
- de Vries, A. (1987). *Barnas Bibel*. Ansgar Forlag.
- Edwards, J. R. (2015). *The Gospel according to Luke*. Cambridge: William B. Eerdmans Publishing Company.
- Eidsvåg, B. (1996). *100 sanger*. Norsk Musikkforlag A/S.
- Farelly, N. (2010). *The Disciples in the Fourth Gospel. A Narrative Analysis of Their Faith and Understanding*. Tübingen: Mohr Siebeck.
- Forbes, R. J. (1957). *Studies in Ancient Technology*. Volume III. Leiden, Nederland: E. J. Brill.
- Fortna, R. T. (2016). Traces of Jesus in a Pre-Johannine Passion Narrative. I P. N. Anderson, S. J. Felix Just, & T. Thatcher, *John, Jesus, and History, Volume 3: Glimpses of Jesus Through the Johannine Lens* (ss. 133–140). SBL Press.
- Føllesdal, D., Walløe, L., & Elster, J. (1996). *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gadamer, H.-G. (2010). *Warheit und Methode. Grundzüge einer phiosophischen Hermeneutik*. Mohr Siebeck Tübingen.
- Gerhardsson, B., Hartman, L., Qwarnström, R., & Riesenfeld, H. (1969). *En bok om nya testamentet*. Lund, Sverige: CWK Gleerups förlag.
- Grip, O. (1986). *Konkordans til det nye testamentet*. Bibelselskapets forlag.
- Groth, B. (2018, 8. 9.). *Mishna*. Henta frå Store norske leksikon: snl.no/Mishna
- Hansen, S. A. (2020, 4. 15.). *Noe nytt kan skapes av en fiskefangst*. Henta frå Norea Mediemisjon: <https://noreapastoren.no/article/article/1419359>
- Hanson, K. C. (1997). The Galilean Fishing Economy and the Jesus Tradition. *Biblical Theology Bulletin* 27 (1997), 99–111 .

- Harris, R. (2019, 1. 14.). *De Gea's saves help United beat Tottenham in Premier League*. Henta frå Associated Press: <https://sports.abs-cbn.com/football/news/2019/01/14/de-gea-s-saves-help-united-beat-tottenham-premier-league-52077>
- Hayes, H. (2007, 1. 20.). *Tabgha, Israel*. Henta frå Sacred Destinations: <http://www.sacred-destinations.com/israel/tabgha>
- Henriksen, J.-O. (1994). *Tegn, tekst og tolk. Teologisk hermeneutikk i fortid og nåtid*. Univsersitetsforlaget.
- Hognestad, O. (2001). *Bibelsyn, bibeltokning, bibelforskning*. Trondheim: Tapir.
- Jannidis, F. (2012, 12. 6.). *Character*. Henta frå The living handbook of narratology, Interdisciplinary Center for Narratology, University of Hamburg: <https://www.lhn.uni-hamburg.de/node/41.html>
- Jensen, M. H. (2006). *Herod Antipas in Galilee: The Literary and Archaeological Sources on the Reign of Herod Antipas and Its Socio-economic Impact on Galilee*. Tübingen: Mohr Siebeck.
- Jensen, R. (2010). *Living Water: Images, Symbols, and Settings of Early Christian Baptism*. Brill.
- Kan Energi AS. (2001). *Nye fornybare energikilder*. Henta frå Norges forskningsråd (ISBN 82-12-01621-8): <https://www.forskningsradet.no/siteassets/publikasjoner/1108644080323.pdf>
- Kloppenborg, J. S. (2018). Jesus, Fishermen and Tax Collectors. Papyrology and the Construction of the Ancient Economy of Roman Palestine. *Ephemerides Theologicae Lovanienses* 94/4, ss. 571–599.
- Lincoln, A. T. (2005). *Black's New Testament Commentaries: The Gospel According to Saint John*. New York: Bloomsbury Publishing.
- Luna, S. M. (2017, 6. 27.). *Sarotherodon galilaeus*. Henta frå Fishbase.org: <http://www.fishbase.org/summary/Sarotherodon-galilaeus.html>
- Mahoney, R. (1974). *Two Disciples at the Tomb: The Background and Message of John 20.1-10*. Peter Lang International Academic Publishers.
- Maier, P. L. (1999). *Josefus hovedverk: en sammenfatning av den jødiske oldtid og den jødiske krig*. Hermon Forlag.

- McNamer, E. (2016). *The Case for Bethsaida after Twenty Years of Digging: Understanding the Historical Jesus*. Newcastle upon Tyne: Cambridge Scholars Publishing.
- Milligan, G., & Moulton, J. H. (1949). *The Vocabulary of the Greek Testament*. Grand Rapids: Eerdmans.
- Moberg, A., Sonechkin, D. M., Holmgren, K., Datsenko, N. M., & Karlén, W. (2005). Highly variable Northern Hemisphere temperatures reconstructed from low- and high-resolution proxy data. *Nature* 433, 613–617.
- Myles, R. J. (2019). Fishing for Entrepreneurs in the Sea of Galilee? Unmasking Neoliberal Ideology in Biblical Interpretation. I R. J. Myles, *Class Struggle in the New Testament* (ss. 115–137). Lexington Books/Fortress Academic.
- NAOB. (2020). *Det Norske Akademis ordbok – Kunnskapsforlaget og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur*. Henta frå <https://www.naob.no/ordbok>
- Nongbri, B. (2018, 7. 27.). *E. C. Colwell on P52*. Henta frå Thoughts on History, Religion, Archaeology, Papyrology, etc. by Brent Nongbri: <https://brentnongbri.com/2018/07/27/e-c-colwell-on-p52/>
- Nun, M. (1989a). *Sea of Galilee: Newly Discovered Harbours from New Testament Days*. Israel: Kibbutz Ein Gev: Kinnereth Sailing.
- Nun, M. (1989b). *The Kingdom of Heaven Is Like a Seine*. Henta frå Jerusalem Perspective (01.11.1989): <https://www.jerusalemerspective.com/2411/>
- Nun, M. (1989c). *The Sea of Galilee and Its Fishermen in the New Testament*. Israel: Tourist Department and Kinnereth Sailing Co.
- Nun, M. (1993). *Ancient Stone Anchors and Net Sinkers from the Sea of Galilee*. Kibbutz Ein Gev Tourist Departement & Kinnereth Sailing Company.
- Nun, M. (1998, 7. 1.). *Has the Lost City of Bethsaida Finally Been Found?* Henta frå Jerusalem Perspective: <https://www.jerusalemerspective.com/905/>
- Nun, M. (1999). Ports of Galilee: Modern Drought Reveals Harbors from Jesus' Time. *Biblical Archaeology Review* (July/August 1999).
- Odden, P. E. (1998, 2. 13.). *Den hellige apostel Peter*. Henta frå Den katolske kirke: <http://www.katolsk.no/biografier/historisk/peter>

- Pedersen, F. H. (2017, 4. 3.). Domsfortellingens plausibilitet. En analyse av rettens fortelling i Baneheiasaken. *Retfærd*, ss. 4-23.
- Pink, D. H. (2009). *Drive. The Surprising Truth about what Motivates Us*. Riverhead Books.
- Rice, E. W. (1910). *Orientalisms in Bible Lands*. American Sunday-school union.
- Rohr, R., & Ebert, A. (1993). *Sjelens 9 ansikter. Enneagrammet – et redskap til personlig vekst*. Oslo: Verbum.
- Sagrusten, H. J. (2014). *Det store puslespillet. Jakten på de tidligste manuskriptene til Bibelen*. Verbum.
- Seines, J. (2020, 5. 1.). Peters fiskefangst. *Nytt norsk kirkeblad, Utgave 1 - 2020*.
- Seland, T. (2004). *Paulus i Polis*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Strickert, F. (2011). Chapter 6: Fishing Village. I *Philip's city: From Bethsaida to Julias*. Colledgeville, Minnesota: Liturgical Press.
- Svendsen, L., & Säätelä, S. (2007). *Det sanne, det gode og det skjønne*. Universitetsforlaget.
- Tessem, L. B. (2015, 3. 31.). *Spiser seg gjennom historien*. Henta frå Aftenposten: <https://www.aftenposten.no/norge/i/1kVAq/spiser-seg-gjennom-historien>
- The Codex Sinaiticus Project. (u.d.). *Codex Sinaiticus*. Henta frå <https://www.codexsinaiticus.org/>
- The Neev Center for Geoinformatics. (2020, juli). *Kinneret Bathymetric Map*. Henta frå The Hebrew University of Jerusalem: <https://neev.huji.ac.il/maps-kinneret>
- Thomassen, E. (2001). *Apokryfe evangelier*. De norske Bokklubbene AS.
- Troche, F. D. (2016, 12. 5.). Ancient Fishing Methods and Fishing Grounds in the Lake of Galilee. *Palestine Exploration Quarterly. Volume 148, 2016 - Issue 4*, ss. s. 281–293.
- Universitetet på Hawai'i, Mānoa. (2020). *Wave Energy and Wave Changes with Depth*. Henta frå Exploring our fluid earth. Teaching Science as Inquiry (TSI): <https://manoa.hawaii.edu/exploringourfluidearth/physical/waves/wave-energy-and-wave-changes-depth>
- Vargas, E. G., & Florido, D. (2007, November). *The origin and development of tuna fishing nets (almadrabas)*. *Conference Paper, Proceedings of the International Workshop on*

«*Ancient Nets and Fishing Gear in Classical Antiquity. A First Approach*». Henta frå <https://www.researchgate.net/publication/235685982>

Whiteley, D. E. (1985). Was John Written by a Sadducee? I W. Haase, & H. Temporini, *Aufstieg und Niedergang der Römischen Welt (ANRW) II.25.3* (ss. 2481–2505). Berlin: Walter de Gruyter.

Willumsen, L. H. (2006). Narratologi som tekstanalytisk redskap. I M. Brekke, *Å begripe teksten* (ss. 39-72). HøyskoleForlaget.

Wilson, N. (2006). *Encyclopedia of Ancient Greece*. New York: Routledge.

Windfinder. (2020). *Wind & weather statistics — Rosh Pina Airport/Sea Galilee*. Henta frå https://www.windfinder.com/windstatistics/lake_kinneret_sea_galilee

Zelyck, L. R. (2019). *The Egerton Gospel (Egerton Papyrus 2 + Papyrus Köln VI 255): Introduction, Critical Edition, and Commentary*. Leiden, Nederland: Brill.

Internettreferansar for biletkjelder nytta i dokumentet

- I https://communication.cph.org/hs-fs/hubfs/_blogs/CPH_blog/Teach/2020/06/james-teach.jpg
- II <https://www.tigermoon.co.uk>
- III <https://bibelnerden.no/blog/?p=179>
- IV https://commons.wikimedia.org/wiki/File:The_capture_of_Christ_mg_1674.jpg
- V <https://www.youtube.com/watch?v=iiMOJN9IPG0>
- VI <https://www.google.com/maps/@32.6093167,35.5788145,10696a,35y,4.22h,57.47t/data=!3m1!1e3>
- VII https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Bathymetric_map_of_Sea_of_Galilee.jpg
- VIII <http://www.seektheoldpaths.com/Maps/007b.jpg>
- IX <https://www.birds.org.il/en/species-page/65/species-moreinfo>
- X https://ferrelljenkins.files.wordpress.com/2014/12/tabgha_warm-spring_fjenkins121009_044t.jpg
- XI <http://thewikibible.pbworks.com/w/page/22174694/Fishing%20in%20the%20Bible%20and%20the%20Ancient%20Near%20East>
- XII <https://ferrelljenkins.blog/2014/12/08/fishing-the-sea-of-galilee/>
- XIII https://youtu.be/o_qUdvV03lo
- XIV <https://www.baslibrary.org/biblical-archaeology-review/19/6/11>
- XV <https://www.jerusalemerspective.com/2411/>
- XVI https://www.tripadvisor.com/ShowTopic-g293977-i1733-k4797982-Swimming_in_Galilee-Israel.html
- XVII <https://goo.gl/maps/9ne9dQTZwoYLEDge8>
- XVIII <http://www.eouupdate.com/blog/2018/5/23/mt-hermon>
- XIX <https://touringisrael.com/kinneret-with-the-kids/>
- XX <https://www.ritmeyer.com/2014/12/04/harbours-of-the-sea-of-galilee/>
- XXI <https://gospeldevotions.files.wordpress.com/2014/01/photo-19-capernaum.png>
- XXII <https://goo.gl/maps/c4DTrHotrx6aZqse7>
- XXIII https://g.acdn.no/obscura/API/dynamic/r1/ece5/tr_1080_723_1_f/0000/avno/2017/7/15/11/anne2.jpg?chk=05AADF